

# Årsmelding 2024 Hareid kommune

---

## Kommunedirektøren si innleiing

### Forord:

Eg vart konstituert som kommunedirektør frå 1. mars 2024 og vart seinare tilsett i same stilling frå slutten av juni same år. Svært mykje har handla om økonomi i året som no er historie. Og mykje av fokus i åra som kjem vil også handle om økonomi. Dette vert tvingande naudsynt sidan kommunen i 2024 vart meld inn i Register om betinget godkjenning og kontroll, eller Robek-registeret som det helst vert kalla. Men sjølv om økonomi har vore viktig og kjem til å verte viktig, må vi aldri gløyme at ei kommune også handlar om mykje anna enn økonomi. Ei kommune skal levere sentrale velferdstenester og vere ein pådrivar for utviklinga av lokalsamfunnet. Lenger nede vil eg knytte nokre kommentarar til nokre av dei viktigaste tema.

### Økonomi:

Hareid kommunen har over tid etablert eit driftsnivå som det vart for tungt å bere. Resultatet vart betydelege meirforbruk i rekneskapane for rekneskapsåra 2023 og 2024. Som direkte følge av det store rekneskapsmessige meirforbruket i 2023, vart kommunen meldt inn i Robek i juli 2024. Så den overordna oppgåva på økonomisida er no todelt. Akkumulert meirforbruk skal dekkast inn på kortast mogleg tid, samstundes som det skal etablerast ein sunn og berekraftig økonomi for framtida.

Det er fort gjort å auke eit driftsnivå, men det er langt meir tidkrevjande å redusere det. Både brukarar og tilsette har lovfesta retter som ei kommune ikkje har høve til å fråvike. Reduksjon av kommunen sitt driftsnivå måtte difor skje på ein måte som ikkje sette brukar- og tilsetterrettar til sides. Difor enda også rekneskapsåret 2024 med eit stort meirforbruk, trass i det sterke kostnadsfokuset.

Hausten 2024 vart prega av eit større oppryddingsarbeid knytt til budsjett- og styringssystem. Du kan ikkje styre det du ikkje kan måle, seiest det. Sjølv om dette kan vere ei sanning med visse modifikasjonar, så er det mykje sanning i det også. Men endå verre vert det å styre når du ikkje har kart å styre etter. Difor vart det denne hausten lagt ned eit stort arbeid for å arbeide fram realistiske budsjett, som det kan styrast etter og betydeleg innsats vart gjort for å lage konkrete planar for å justere ned drifta til eit økonomisk forsvarleg nivå, utan å gå på akkord med sentrale krav og føringar.

Dette vert ein prosess og eit arbeid som vil krevje kontinuerleg fokus i åra som kjem.

### Forventningsgapet:

Forventningsgapet er eit omgrep som har fått mykje merksemd den siste tida. KS definerer det slik:

*Forventningsgapet kan definerast som gapet mellom det som i sum forventast av kommunar og fylkeskommunar og det som det faktisk er mogleg å yte med dei ressursane som er tilgjengelege. Forventningane kan være hos, og mellom både folkevalde, innbyggjarar og nasjonalt mynde, og tilgjengelege ressursar handlar om både folk og pengar.*

Hareid kommune går inn i ein omstillingsprosess. Då skjer det endringar i både tenesteomfang og nokre gongar også i tenestekvalitet. Det er mange årsaker til at forventningsgapet oppstår og aukar. Årsakene kan i mange høve knyttast til media, som bidrar til å bygge opp forventningar. Men dei kan og knyttast

til betra privatøkonomi, som gjerne bidrar til å bygge opp forventningar. Og ikkje minst til nasjonale politikarar som gir lovnader på vegne av kommunar og fylkeskommunar, men som ikkje i tilstrekkeleg grad syt for at rett finansiering er på plass. På denne måten etablerast det ein negativ økonomisk spiral, der det vert kommunar og fylkeskommunar som sit att med rekninga. Dette utfordrar kommunane sine evner til å løyse oppgåvene på ein meir kostnadseffektive måte. Det vert naudsynt å omstille kommuneøkonomien

Hareid kommune har mange dyktige medarbeidarar som strekk seg langt for å levere gode tenester. Men ein skal vere merksam på at arbeids- og forventningspresset på offentlege tilsette er stort og at det aukar. For mange tilsette kan dette opplevast som ein uheldig stressfaktor i kvardagen.

Det er difor viktig at dei folkevalde på alle nivå, ser samanhengen mellom val-løfter/nye brukarrettar og målretta finansiering for å kunne løyse oppgåver. Vi opplever at små og mellomstore kommunar, ofte ikkje har kapasitet til å effektivisere drifta. Noko som set oss under ytterlegare press. Manglande tilgang på fagpersonell kan også verte ein trussel for tenesteytinga. For å rigge oss for framtida må vi jobbe annleis enn før, og her må Hareid kommune gjere fleire viktige strategiske val.

Omstilling krev handlingsrom, men føresegnar og nasjonale krav innskrenkar handlingsrommet. I ein slik situasjon kan ein verte tvungen til å nedprioritere andre område, fordi ressursane vert for små.

#### **Teneste:**

Vi har ikkje hatt brukarundersøking siste par åra og har ikkje ferske tal på brukaroppleving. Tal på klager er ein annan målestokk og dette er lavt i høve alle dei fleste sakene vi har. Men vi pregast enno i ein viss av gamle og nye klagesaker, som har vist seg kompliserte å løyse. Vi treng også stadig å verte betre på prosjektstyring og på å få betre framdrift på oppfølging av vedtaka. Vi vil og ha behov for nye og tydelegare kvalitetsstandardar på tenester. Dette forsterkast av den økonomiske situasjonen vi no står i. Men sett under eitt leverer dei dyktige tilsette i Hareid kommune, gode tenester på mange område.

Vi skal halde fram med å levere gode tenester, men det må skje innanfor rammene av ei berekraftig drift. Både omfang og standard på tenester, må settast under lupa. Vi skal levere dei tenestene som krevst. Og dei skal vere gode. Samstundes må vi innsjå at vi kanskje ikkje kan levere på same nivå på alle område i framtida. Her har både tilsette og folkevalde eit ansvar for at prioriteringane vert rettast mogleg.

#### **Lokalsamfunn:**

Hareid kommune har satsa mykje på utvikling av lokalsamfunnet dei seinare åra. Vi ser at det har bore frukter og at det er gjort mange gode val. Dette er arbeid som oftast ikkje gir direkte avkasting i form av meir pengar i kommunekassa. Men gjennom å styrke bulyst, arbeidsglede og stoltheit, kan det vinnast mykje, på litt lengre sikt. Fleire innbyggjarar gir kommunen større statlege overførningar. Fleire innbyggjarar i arbeid gir kommunen høgare skatteinntekter og næringslivet større omsetning. Utvikling av reiseliv kan verke i same retning. Ikkje som eit mål i seg sjølv, men som eit verkemiddel. Hareid kommune arbeider målretta med å verte ei enno meir næringsvennleg kommune og med å få enno fleire næringsaktørar til å etablere seg i Hareid. Fleire tilgjengelege jobbar gjer at kommunen kan få fleire innbyggjarar. Gode møteplassar og gode kulturtilbod gjer at dei får lyst til å bli verande her. Hareid

kommune ligg sentralt plassert på Sunnmøre. Dette gir gode vekstmoglegheiter for bedriftene og gode levekår for dei som bur her.

Eit positivt syn på framtida og utvikling, gir håp og framtidstru, noko som er viktig for den oppveksande slekt. Vi må arbeide for å gjere dei stolte av heimlassen. Då vil også lysta til å kome heim når dei er ferdig utdanna auke. Med dei grepa som er gjort i Hareid siste åra med samarbeid kommune/næringsliv, sentrumsutvikling og vesentleg styrka tiltak for barn og unge, er vi på rett veg mot målet om større bulyst og høgare sysselsetting. Det er viktig å syte for at den mellombelse statusen som Robek-kommune, ikkje får øydelegge dette gode arbeidet.

Eg takkar alle våre tilsette for god innsats i 2024. Utan dykk får vi ikkje til noko! Eg takkar også ordførar, dei andre folkevalde, næringslivsleiarar og frivillige for godt samarbeid. Når vi løfter saman, kan vi flytte fjell.

### Ordførar har ordet

Det viktigaste gjennom 2024 har vore fokuset på å snu drifta frå kraftig underskot til ei sunn og berekraftig drift for framtida. Vi har starta opprydding, gjennomført kostnadsutt og vedteke ein nedbetalings- og tiltaksplan for dei neste seks åra. Allereie no ser vi konturane av ei drift i balanse i 2025, eit resultat av hardt arbeid på alle nivå. Dei tilsette har gjennom heile året snudd steinar og rydda i skap, medan det politiske kollegiet har støtta framlegga frå kommunedirektøren. Dette gir eit solid grunnlag for ei berekraftig framtid.

Trass i stramme rammer har vi prioritert samfunnsutvikling og tiltak som styrkar busetting og næringsliv, noko som på sikt vil auke inntektene og gjere oss betre rusta for framtidens utfordringar. Vi har investert i infrastruktur, inkludert opprusting av hamn og sentrum, og er nær ferdig med byggefeltet på Plassane. Bustadprosjekta på Brekkane vart klart for innflytting 1. kvartal 2025, og arbeidet på Pålhaugen er godt i gong.

Helsehuset, som rommar NAV, folketannhelsetenesta, helsestasjon, legesenter og bibliotek, har gitt betre resultat enn forventa og skapt store ringverknader i sentrum. Vi har også arbeidd mykje med å utvikle Hareid som ein reiselivsdestinasjon, inkludert cruiseanløp. I løpet av 2024 har vi fått stadfesta at reiselivsoperatørar, både nasjonalt og internasjonalt, ser på Hareid som ein attraktiv stad. Dette gir eit betydeleg inntektspotensial for kommunen og næringslivet.

Folketalet i Hareid har auka dei siste åra, næringslivet går godt, og nye verksemder etablerer seg her. Vi marknadsfører Hareid som den mest sentrale staden på Sunnmøre, og det er gledeleg å sjå at stadig fleire deler denne oppfatninga. Saman med veksten kjem også utfordringar. Det tek tid å auke inntektene, og vi må finne den rette balansen mellom å stramme inn og samtidig sikre vidare utvikling.

Det viktigaste for ei kommune er likevel å sikre gode levekår for innbyggjarane. Vi skal ha gode skular og barnehagar, trygge arbeidsplassar og eit velfungerande helse- og omsorgstilbod for unge og eldre. Vi er heldige som bur i ein kommune med eit sterkt tryggleiksnett der primærtenestene støttar kvarandre. Eg vil rette ein stor takk til dei tilsette som, trass i vanskelege prioriteringar, står på for å møte behova til innbyggjarane.

Vi skal fortsetje omstillingsarbeidet, samstundes som vi sikrar at Hareid held fram med å vere ein god stad å bu og drive næring i. Vi skal arbeide for at innbyggjarane trivst og blir verande, at nye flyttar hit, og at vi skapar og bevarer arbeidsplassar. Gjennom felles innsats skal vi bygge ein sterkare og meir berekraftig kommune for framtida.

Bernt Brandal

Ordfører

## Politisk og administrativ organisering

### Politisk organisering

Bernt Brandal frå Folkelista er ordfører.


Oscar Grimstad frå Fremskrittspartiet er varaordfører.



|                                      |                               |
|--------------------------------------|-------------------------------|
| <b>Kommunestyret</b>                 |                               |
| Arbeidarpartiet (AP)                 |                               |
| Kai-Runar Svarstad                   |                               |
| Torill Oda Ringstad                  |                               |
| Folkelista for Hareid kommune (FOHA) |                               |
| Bernt Brandal                        |                               |
| Annika Hove                          | <b>Formannskapet</b>          |
| Einar Jarle Måseide                  | Arbeidarpartiet               |
| Ivar Karl Liaset                     | Torill Oda                    |
| Kjetil Nesset                        | Ringstad                      |
| Kristian Fuglseth                    | Folkelista for Hareid kommune |
| Kristine Utgård Rolfsrud             | Bernt Brandal                 |
| Pravin Selva                         | Annika Hove                   |
| Ranja Dimmen                         | Kristian Fuglseth             |
| Alme                                 | Ranja Dimmen                  |
| Thor Ove Rekdal                      | Alme                          |
| Nedrelid                             |                               |
| Øyvind Grimstad                      | Fremskrittspartiet            |
| Gryt                                 | Oskar J. Grimstad             |
| Fremskrittspartiet (FRP)             |                               |
| Oskar J. Grimstad                    | Høgre (H)                     |
| Endre Hammervold                     | Ole Frank Bakken              |
| Jeanette Teigene                     |                               |
| Høgre (H)                            |                               |
| Ole Frank Bakken                     |                               |
| Robert Holstad Flø                   |                               |
| Industri- og næringspartiet (INP)    |                               |
| Ståle Liavåg                         |                               |

|                                                                                                                                                                                                                                                                                              |                                                                                                                                                                                                                                                            |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <p>Øyvind Grimstad</p> <p>Venstre (V)</p> <p>Annika Brandal</p>                                                                                                                                                                                                                              |                                                                                                                                                                                                                                                            |
| <p><b>Levekårsutvalet</b></p> <p>Einar Jarle</p> <p>Måseide, leiar (Foha)</p> <p>Tom-Steven Klock Eide (Inp)</p> <p>Kristine Utgård Rolfsrud (Foha)</p> <p>Linn</p> <p>Wingsternes (Foha)</p> <p>Sivert Nipen</p> <p>Tretnes (Ap)</p> <p>Endre Hammervold (Frp)</p> <p>Vanja Myrvang (H)</p> | <p><b>Næring- og miljøutvalet</b></p> <p>Jeanette Teigene (Frp)</p> <p>Annika Brandal (V)</p> <p>Ivar Karl Liaset (Foha)</p> <p>Thor Ove Rekdal Nedrelid (Foha)</p> <p>Kai-Runar Svarstad (Ap)</p> <p>Wenche J. H. Jøsok (H)</p> <p>Ståle Liavåg (Inp)</p> |
| <p><b>Råd for menneske med nedsett funksjonsevne</b></p> <p>Joachim Martin</p> <p>Moldskred, leiar</p> <p>Øyvind Finvik</p> <p>Jenny Helen</p> <p>Korsnes</p> <p>Eldbjørg Ertesvåg</p> <p>MARita Regine</p> <p>Siring</p>                                                                    | <p><b>Eldrerådet</b></p> <p>Harald Elias</p> <p>Teigene, leiar</p> <p>Else Stridh</p> <p>Johan Bertel Brandal</p> <p>Kari Janne</p> <p>Nevstad Ringstad</p> <p>Svein Smørdal</p>                                                                           |
| <p><b>Kontrollutvalet</b></p> <p>Hallvard Sæverud, leiar (Krf)</p> <p>Pravin Selva, nestleiar (Foha)</p> <p>Håvard Alvestad (H)</p>                                                                                                                                                          | <p><b>Ungdomsrådet</b></p> <p>Sofie Bjåstad</p> <p>Rikke Kvammen</p> <p>Jakob Fuglseth</p> <p>Bjåstad</p> <p>Thanura</p> <p>Premakumar</p>                                                                                                                 |

|                                |                                                   |
|--------------------------------|---------------------------------------------------|
| Kjersti Røyset<br>Toppol (Krf) | Pranaya Selva<br>Mathias Alvestad<br>Gudmund Gryt |
| Inga Ishild Hareide<br>(Uavh.) | Malin Husøy<br>Mia Finvik<br>Lars V. Sæter        |
|                                | Politisk<br>repr./observatør :                    |
|                                | Kristine U.<br>Rolfsrud                           |
|                                | Robert Flø                                        |




## Administrativ organisering

Kommunedirektør Ragnhild Velsvik Berge fråtredde stillinga i februar 2024. I mars vart Bent Arild Grytten konstituert som kommunedirektør. I juni vart han formelt tilsett som ny kommunedirektør. I august 2024 vart det tilsett ein kontrollar som inngjekk i kommunedirektøren si leiargruppe. I august vart det også tilsett ny kommunalsjef for læring og kultur.

Kommunen si toppleiargruppe bestod i desember 2024 av kommunedirektør Bent Arild Grytten, kommunalsjef Helge Hamre (sektor for læring og kultur), kommunalsjef Kai Rune Bjørke (sektor for samfunnsutvikling) og kommunalsjef Ottar Røyset (sektor for velferd). I tillegg bestod leiargruppa av

kontrollar Hanne Rognan, økonomileiar Bjørnar Haddal, personalleiar Trude Dalen og konstituert leiar for servicetorget Johnny Berge .

# Organisasjonskart Hareid kommune



## Hareidsgleder 2024

Her på sida Hareidsgleder vil vi vise at sjølv om Hareid kommune er inne i ein periode med dårlig økonomi så skjer det framleis positive ting i Hareid kommune:

### Åpning av gjestehamna



Yrande liv i hamna i dag då Hareid gjestebrygge blei opna med brask, bram og brass den 25. mai 2024!

Mange hundre hadde teke turen ned for å delta på folkefesten. Her var korpsmusikk ved [Hjørungavåg Brass](#), matservering, klovnerier, brannvesen, teiknekonkurranse og mykje meir!

No gler vi oss til å ta imot båt- og saunagjestar frå fjern og nær.

Sjå bildar frå folkefesten [her](#)

**Folkerik opning av den flottaste ungdomsklubben**



Det var stinn brakke i ungdomsklubben under opninga torsdag 29. august 2024. Mange av dei besøkande blei storleg imponert over lokala som ungdommen no får boltre seg i.

- Dette må vere Sunnmøres, Norges og sikkert heile verda sin lekraste ungdomsklubb. Det nyttar ikkje med flotte lokale utan eit godt innhald – og er overtydd om det vil gjere nettopp det -innhaldet vil stå i stil med resten, sa ordførar Bernt Brandal då han offisielt opna ungdomsklubben.

I løpet av den eine timen den offisielle opninga var, og dei tre timane det var ope hus etterpå, var det mange hundre menneske innom. Masse ungdom, sjølv sagt, men også foreldre, besteforeldre, småsøsken og andre nyfikne. Dei fekk sjå gaming-rommet med topp utstyr, biljard- og bordtennisbord som knapt var ledige, musikk og dans frå scenen – og talarar.

Les meir [her](#)

### **Hareid blei årets turbokommune 2024**

Under fylkesfestivalen i UKM fekk Hareid kommune ein overraskande og gjev pris.



Over 160 ungdomar var samla i Aure 10.-12. oktober. Dei ni deltakarane frå Hareid har hatt nokre fine dagar på festival. Melinda fortel at alt gjekk fint og ungdomane fekk vist fram kunsten sin på ein veldig bra måte.

- Det var mange som let seg imponere at dei flinke ungdomane våre, fortel ho.

Hareid kommune hadde med to songarar, Jetmund og Amalie, bandet Angel Wings on Fire med Camilla, Håkon, Isak og Mikael, Andreas på pianospel og to kunstnarar Lineah og Anette. Jetmund og Anette hadde også ei arrangørrolle på ein framsyninga.

På festen siste kvelden vart delegasjonen frå Hareid kommune overraska med å bli ropt opp på scenen for å bli «årets turbokommune». Prisen fekk Hareid kommune for arbeidet vi gjer for ungdomskultur.

- Det var veldig kjekt og overraskande å bli satt pris på og få denne anerkjenninga, seier Skeide.

Les meir [her](#)

## ROBEK

Hareid kommune vart innmeldt i ROBEK-registeret 1. juli 2023. Dette skjedde etter at Hareid kommunestyre vedtok rekneskapen for 2023, der det vart avdekt eit meirforbruk på omlag 36 millionar kroner i kommunekassa sitt driftsrekneskap. Dette meirforbruket utgjorde 5,82 prosent av dei totale driftsinntektene til kommunen.

I følgje kommunelova § 28-1, bokstav d, skal kommunar der balanseregnskapet til kommunekassa viser eit oppsamla underskot frå driftsrekneskapen som overstig tre prosent av driftsinntektene, meldast inn i ROBEK. ROBEK står for registeret for betinga godkjenning og kontroll, og har som føremål å sikre at kommunar med økonomiske utfordringar får nødvendig oppfølging og kontroll.

Den overordna årsaka til det store meirforbruket i Hareid kommune er knytt til vesentlege overskridingar i drifta av tenesteområda velferd, læring og kultur. Statsforvaltaren sende ei anbefaling om at Hareid kommune skulle meldast inn i ROBEK, og 1. juli 2024 vart kommunen offisielt innmeldt i registeret.

For å få eit heilskapeleg bilde av hendingar og vegval som førte til at Hareid kommune vart meldt inn i Robek i juli 2024, vert det naudsynt å ta eit tilbakeblikk på Hareid sin førre periode på Robek i åra 2012 – 2017.

Svake resultat i rekneskapsåra 2009 og 2010 førte med seg eit akkumulert meirforbruk på om lag 13,5 millionar kroner. Meirforbruket knytt til rekneskapsåret 2009 vart vedtatt inndeckt i 2011. Det synta seg seinare at dette ikkje kunne verte realistisk då også 2011 enda med eit negativt resultat på om lag 1,6 millionar kroner. Akkumulert meirforbruk var med dette kome opp i 15,1 millionar kroner. Hareid kommune var på det tidspunktet allereie meldt inn i Robek sidan kommunestyret hadde vedtatt å dekke inn meirforbruket i 2010 over tre år.

På innmeldingstidspunktet var Hareid kommune si lånegjeld om lag 330 millionar kroner og kommunen sleit allereie med eit stort vedlikehaldsetterslep og store investeringsbehov.

Kommunen vart meldt ut av Robek medio 2017 etter at kommunestyret hadde godkjend rekneskapen for 2016. Lånegjelda var på dette tidspunktet marginalt lågare enn ved innmeldinga, medan akkumulerte investeringsbehov og akkumulert vedlikehaldsetterslep berre hadde auka.

Dei skiftande kommunestyra hadde mykje fokus på dette opp gjennom åra, noko som førte til at lånegjelda vaks med tregongen og vel så det i løpet av få år. Av større investeringar kan nemnast eit

nybygd Helsehus og ei tilnærma full rehabilitering av rådhuset. I prinsippet var begge delar naudsynte og viktige og gav gode løft med omsyn til både praktisk og estetisk kvalitet. I tillegg vart det investert i mange mellomstore og mindre tiltak i denne perioden. Men dessverre vaks også lånerenta, slik ho ofte gjer, med det resultat at finanskostnader knytt til investeringane vart ein betydeleg faktor i driftsrekneskapen. I tillegg auka det generelle driftsnivået i betydeleg grad i den same perioden. Relevante stikkord i denne samanheng er nye og underfinansierte lovpålagte tenester, vidareutvikling av ikkje-lovpålagte tenester utan reell budsjettdekning, for lågt tilfang av framlegg om naudsynte endrings- og innsparingstiltak og manglande politisk fleirtal for dei endrings- og innsparingstiltak som trass alt vart fremja.

I perioden 2017 til dags dato har det og vore ei rivande utvikling på digitaliseringssida. Nye dataverktøy har vorte introduserte på dei fleste tenesteområda. Utviklinga har gått fort og opplæringa har vore mangelfull. På økonomisida har dette bidratt til ei svekka styringsevne. Sjølv om verktøya vart, betre vart produktet dårlegare. Kvaliteten av budsjettering og økonomirapportering vart betydeleg svekka. Budsjetta fungerer ikkje lenger som styringsverktøy og økonomirapportane gir oss ikkje eit påliteleg bilde av økonomistatus. Ein biverknad av problematikken kring dette vil ofte bli at tilsette mistar noko av motivasjonen i jobben og at nokre av desse søker seg vidare til andre arbeidsgjevarar.

Kommunen sin økonomiske status er no sett og anerkjent av dei fleste. Dette er første byggesteinen i den økonomiske snuoperasjonen vi står ovanfor. Den høge lånegjelda må vi leve med i tida som kjem. Men vi er i gang med å skalere driftsnivået innanfor dei eksisterande rammene, samt etablere betre kvalitet på budsjettering og økonomirapportering, jfr. påfølgjande kapittel i denne tiltaksplanen.

I tillegg har meirforbruket fortsett utover året 2024. Rekneskapen for 2024 viste eit meirforbruk på 70 millionar. Det betyr at det akkumulerte meirforbruket som må dekkast inn i framtida er på i overkant av 106 millionar kroner. Det er eit enormt meirforbruk for ei lita kommune som Hareid, og det vil ta tid å dekke inn meirforbruket. Det forventa meirforbruket i 2024 kan Hareid kommune starte inndecking av, når meirforbruket for 2023 er dekkast inn.

Hareid vil først kunne bli utmeldt av Robek når det akkumulerte meirforbruket i rekneskapen er dekket inn i si heilheit.

## Samfunns- og befolkningsutvikling

### Utvikling i befolkning 4. Kvartal 2024

|                                            | 2020         | 2021         | 2022         | 2023         | 2024         |
|--------------------------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| <b>Folketal ved inngangen av kvartalet</b> | <b>5 175</b> | <b>5 140</b> | <b>5 126</b> | <b>5 159</b> | <b>5 322</b> |
| Fødde                                      | 54           | 54           | 38           | 52           | 38           |
| Døde                                       | 33           | 49           | 48           | 44           | 50           |
| <b>Fødselsoverskot</b>                     | <b>22</b>    | <b>5</b>     | <b>-10</b>   | <b>8</b>     | <b>-12</b>   |
| Innvandring                                | 27           | 45           | 187          | 309          | 469          |
| Utvandring                                 | 36           | 47           | 29           | 39           | 23           |
| Innflytting, innanlands                    | 179          | 191          | 162          | 193          | 189          |
| Utflytting, innanlands                     | 227          | 208          | 273          | 313          | 627          |

|                                      |       |       |       |       |       |
|--------------------------------------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Netto innvandring og flytting        | -57   | -19   | 47    | 150   | 8     |
| Folkevekst                           | -35   | -14   | 33    | 163   | -2    |
| Folketalet ved utgangen av kvartalet | 5 140 | 5 126 | 5 159 | 5 322 | 5 320 |

I 2024 hadde Hareid kommune ei negativ utvikling i befolkninga. Innbyggartalet i Hareid gjekk ned med 2 personar.

En ser at det var 12 fleire som døde enn som var fødde i 2024. Ein ser også at netto innvandring og flytting var positivt med 8 personar.

## Informasjon om KOSTRA

### KOSTRA

KOSTRA (KOMmune-STat-RApportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gir styringsinformasjon om kommunal verksemd. Informasjon om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenestekområder vert registrerte og sett saman for å gi relevant informasjon til avgjerdstakarar og andre, både nasjonalt og lokalt. Informasjonen skal tene som grunnlag for analyse, planlegging og styring, og med dette gi grunnlag for å vurdere om dei nasjonale måla vert oppnådde.

Kostratala er ikkje eksakt vitenskap, men det kan likevel vere av interesse for analyseformål. Ingen kommuner har like forutsetningar og vi har ingen garanti for at underlaget er korrekt lagt inn, eller rett nytta.

SSB publiserer foreløpige tall for kommunane 15. mars, og reviderte tal 15. juni.

### Korleis lese KOSTRA-tala i årsmeldinga

Framanfor kvar indikator er det ei pil til høgre. Når ein trykker på pila kjem det fram ein graf som viser tala for Hareid og samanlikningskommunane dei siste fire åra. Forklaring av indikatoren ligg nedst i biletet. For dei fleste indikatorene kan ein velje forskjellig vising av grafane opp til venstre. I dette tilfellet kan ein velje mellom "Kommune" og "Historisk". I biletet ser vi historisk vising, der kommunane står saman i blokker pr. år. Dersom ein vel "Kommune" vil kvar kommune ha sin eigen blokk med resultata for siste fire år.

### Samanlikningskommunar

Hareid kommune brukar kostragruppe 01 (ny inndeling frå 2024 hos SSB) som samanlikningsgrunnlag. Kostragruppe 1 (K01) er samansett av 40 kommunar som kan samanliknast med Hareid. I SSB sin definisjon av Kommuner med 2 000 til 9 999 innbyggere, lave bundne kostnader og lave korrigerte inntekter.

Andre samanlikningsgrunnlag er

Møre og Romsdal fylke: Gjennomsnitt av dei 27 kommunane i fylket.

Kommunane rundt oss her på Søre Sunnmøre.

## Personal og organisasjon

### Etikk

Ein høg etisk standard i kommunal verksemd legg grunnlaget for tillit frå våre innbyggjarar.

Hareid kommune legg vekt på slike forståingar av etikk knytt til kommunale gjeremål.

Etikk er å bruke mynde med varsemd og forstand.

Etikk er å ha ei fri og uavhengig stilling i saker der vi har mynde.


Etikk er ikkje å blande egne og offentlege interesser.

Vi møter etiske og moralske utfordringar kvar dag. Når vi gjer innkjøp, utfører våre daglege arbeidsoppgåver, tilset medarbeidarar, i samhandling med menneske rundt oss med meir. Risiko for uetisk åtferd bør analyserast etter høvelege tidsintervall, slik at risikoreduserande tiltak kan settast inn alt etter type konsekvens (økonomi, omdøme med meir).

Det er ikkje gjennomført overordna heilskapleg risikoanalyse for uetisk åtferd i 2024.

### Tal tilsette og årsverk

Talet på tilsette og årsverk er redusert i 2024, samanlikna med 2023.



| Heile kommunen | Tilsette | Årsverk |
|----------------|----------|---------|
| 01.12.2024     | 485      | 415     |
| 01.12.2023     | 520      | 440     |
| 01.12.2022     | 473      | 402     |
| 01.12.2021     | 438      | 362     |
| 01.12.2020     | 414      | 336     |
| 01.12.2019     | 406      | 328     |
| 01.12.2018     | 413      | 331     |
| 01.12.2017     | 418      | 319     |
| 01.12.2016     | 410      | 310     |
| 01.12.2015     | 380      | 291     |

**01.12.2024**

| Sektor                | Tilsette | Årsverk |
|-----------------------|----------|---------|
| Alle                  | 485      | 415     |
| Administrasjon        | 35       | 33      |
| Undervising           | 142      | 123     |
| Barnehagar            | 57       | 48      |
| Helse/pleie/omsorg    | 228      | 180     |
| Samferdsel og teknikk | 19       | 18      |
| Anna                  | 14       | 12      |

**01.12.2023**

| Sektor                | Tilsette | Årsverk |
|-----------------------|----------|---------|
| Alle                  | 520      | 440     |
| Administrasjon        | 33       | 30      |
| Undervising           | 157      | 138     |
| Barnehagar            | 63       | 51      |
| Helse/pleie/omsorg    | 236      | 188     |
| Samferdsel og teknikk | 23       | 21      |
| Anna                  | 13       | 11      |

**01.12.2022**

| Sektor         | Tilsette | Årsverk |
|----------------|----------|---------|
| Alle           | 473      | 402     |
| Administrasjon | 32       | 30      |
| Undervising    | 136      | 119     |

|                       |     |     |
|-----------------------|-----|-----|
| Barnehagar            | 60  | 50  |
| Helse/pleie/omsorg    | 221 | 176 |
| Samferdsel og teknikk | 21  | 19  |
| Anna                  | 10  | 8   |

Kjelde: KS' PAI-register

## Likestilling

### Likestilling og mangfald

Hareid kommune skal aktivt arbeide for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Eit samfunn der vi ikkje diskriminerer er ein føresetnad for likestilling og like moglegheiter. Kvinner og menn skal ha like moglegheiter til utdanning, arbeid, kulturell og fagleg utvikling.

Aktivitetsplikta finn vi i likestillings- og diskrimineringslova. Etter [§ 26 bokstav a til d](#), skal vi:

- undersøke om det finnes risiko for diskriminering eller andre hindre for likestilling, herunder annethvert år kartlegge lønnsforhold fordelt etter kjønn og bruken av ufrivillig deltidsarbeid,
- analysere årsakene til identifiserte risikoer,
- iverksette tiltak som er egnet til å motvirke diskriminering, og bidra til økt likestilling og mangfold i virksomheten og
- vurdere resultater av arbeidet etter bokstav a til c.

### Kjønnsbalanse

18 prosent av arbeidstakarane i kommunen er menn, og 82 prosent er kvinner. Status er uendra frå 2023.

**2024**

| Sektor                     | Antal   |      |
|----------------------------|---------|------|
|                            | Kvinner | Menn |
| I ALT                      | 391     | 83   |
| Sentraladministrasjonen    | 10      | 5    |
| Oppvekst                   | 155     | 34   |
| Skoleadministrasjon        | 1       | 1    |
| Grunnskole                 | 96      | 27   |
| Barnehager                 | 52      | 1    |
| Fritidshj/skolefritidsordn | 5       | 0    |
| Øvrig oppvekst             | 1       | 5    |
| Helse/sosial               | 191     | 22   |
| Administrasjon             | 7       | 4    |
| Alm helsevern              | 12      | 0    |
| Somatiske sykehjem         | 68      | 2    |
| PU                         | 44      | 10   |
| Hjemmehjelp/-sykepleie     | 28      | 0    |
| Sosialhjelp                | 19      | 4    |
| Andre virksomheter         | 13      | 2    |
| Kultur                     | 5       | 0    |
| Teknisk sektor             | 27      | 22   |
| Ymse                       | 3       | 0    |

PAI-registeret 01.12.2024

### **Ufrivillig deltid**

Kommunen har ein del ufrivillig deltid. Vi strekker oss etter heiltid og heiltidskultur.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik for tilsette i kommunen er 85%. Ei stilling er gjennomsnittleg 77 prosent. Ein tilsett kan ha fleire stillingar.  
Status er uendra frå 2023.

|                                  |                    | Stillingar        |                                    |                                 |
|----------------------------------|--------------------|-------------------|------------------------------------|---------------------------------|
| Sektor                           | Heiltid/<br>deltid | Tal<br>stillingar | Del av<br>stillingar i<br>sektoren | Gjennomsnitt<br>storleik på sti |
| Alle                             | Alle               | 536               |                                    | 77%                             |
|                                  | Deltid             | 284               | 53%                                | 57%                             |
|                                  | Heltid             | 252               | 47%                                | 100%                            |
| <b>Administrasjon</b>            | <b>Alle</b>        | <b>35</b>         |                                    | <b>95%</b>                      |
|                                  | Deltid             | 6                 | 17%                                | 68%                             |
|                                  | Heltid             | 29                | 83%                                | 100%                            |
| <b>Undervisning</b>              | <b>Alle</b>        | <b>162</b>        |                                    | <b>76%</b>                      |
|                                  | Deltid             | 81                | 50%                                | 52%                             |
|                                  | Heltid             | 81                | 50%                                | 100%                            |
| <b>Barnehagar</b>                | <b>Alle</b>        | <b>59</b>         |                                    | <b>81%</b>                      |
|                                  | Deltid             | 33                | 56%                                | 65%                             |
|                                  | Heltid             | 26                | 44%                                | 100%                            |
| <b>Helse/pleie/omsorg</b>        | <b>Alle</b>        | <b>244</b>        |                                    | <b>74%</b>                      |
|                                  | Deltid             | 154               | 63%                                | 58%                             |
|                                  | Heltid             | 90                | 37%                                | 100%                            |
| <b>Samferdsel og<br/>teknikk</b> | <b>Alle</b>        | <b>22</b>         |                                    | <b>83%</b>                      |
|                                  | Deltid             | 7                 | 32%                                | 47%                             |
|                                  | Heltid             | 15                | 68%                                | 100%                            |
| <b>Anna</b>                      | <b>Alle</b>        | <b>14</b>         |                                    | <b>89%</b>                      |

|  |        |    |     |      |
|--|--------|----|-----|------|
|  | Deltid | 3  | 21% | 48%  |
|  | Heltid | 11 | 79% | 100% |
|  |        |    |     |      |

PAI-registeret 01.12.2024

### Likeløn

Hareid kommune skal arbeide aktivt med å rette opp i lønsforskjellar som kan vere av diskriminerande art. Menn har fortsatt ei høgare månadsforteneste og grunnløn enn kvinner. Lønsgapet mellom kvinner og menn har generelt minka i kommunesektoren. Noko av årsaka kan ligge i at det er færre menn i lågt løna stillingar. Det er ikkje identifisert spesifikk forskjellsbehandling mellom kjønna ved lønsfastsetting.

Likelønn mellom kvinner og menn betyr ikkje at alle som utfører arbeid av lik verdi, skal ha same kronebeløp utbetalt. Krav i lova er at løna vert fastsett etter kjønnsnøytrale kriterium og normer. Likestillings- og diskrimineringslova er ikkje til hinder for forskjellar i løn som skuldast ulikskap i ansiennitet, jobbutføring, utdanning, erfaring eller liknande, så lenge kvinner og menn blir vurdert på ein likeverdig måte etter dei same kriteria. Det er identifisert eit høgare lønsnivå i sektor for samfunnsutvikling i stillingar det er naturleg å samanlikne med resten av organisasjonen. Det er kjønnsuavhengig, og går på utdanningsnivå og lengde på arbeidserfaring. Tiltak framover vil vere revisjon av lønnspolitisk plan.

|  |                                      | 2023                                         |                                      | 2024                                         |
|--|--------------------------------------|----------------------------------------------|--------------------------------------|----------------------------------------------|
|  | Kvinner grunnlønn i prosent av menns | Kvinner månedsfortjeneste i prosent av menns | Kvinner grunnlønn i prosent av menns | Kvinner månedsfortjeneste i prosent av menns |
|  | 92,7                                 | 93,0                                         | 90,9                                 | 92,9                                         |
|  | 92,7                                 | 93,0                                         | 90,9                                 | 92,9                                         |
|  | 102,5                                | 100,8                                        | 100,5                                | 101,8                                        |

|  |       |       |       |       |
|--|-------|-------|-------|-------|
|  | 101,7 | 100,5 | 101,2 | 100,4 |
|  | 98,2  | 99,2  | 100,4 | 96,2  |

PAI-registeret 01.12.2024

## HMS

Hareid kommune skal utføre internkontroll og drive systematisk HMS-arbeid. Arbeidsgjevar, arbeidstakar, tillitsvald, verneombod, bedriftshelseteneste og arbeidsmiljøutval har alle roller i HMS-arbeidet. Alle områder skal ha egne HMS-system som er tilpassa drifta og risikoforholda. Dette skal utarbeidast på sektor-/einingsnivå i tillegg til det som er overordna for kommunen. Arbeidstilsynet gjennomfører tilsyn.

- Arbeidsmiljø handlar om arbeidet, altså først og fremst om det vi gjer på jobben
- Arbeidsmiljø er knytt til korleis ein organiserer, planlegg og gjennomfører arbeidet
- Arbeidsmiljø er ulikt frå arbeidsplass til arbeidsplass, og krev ulike tilnærmingar
- Arbeidsmiljø påverkar helsa til arbeidstakarane, jobbengasjement og resultata og produktiviteten for verksemdene.

## Bedriftshelseteneste

Hareid kommune har avtale med Avonova om å yte bedriftshelsetenester til kommunen. Dei møter fast i arbeidsmiljøutvalet, og saman legg vi årlege handlingsplanar for kva som skal utførast av planlagde og systematiske oppgåver gjennom året.

## Leveranse i 2024:

Deltaking på tilsyn frå Arbeidstilsynet; Hareid skule og ungdomsskule, samt Hareid kommune kontor for oppvekst. Revisjon av risikovurdering og eksponeringskartlegging frå 2019, fokus på arbeidsoperasjonar.

- Kommunalteknikk og VAR - Kartlegging og risikovurdering av inneklima.
- Velferd, Hjeltebakken – notat levert 13.08.24 - Ergonomisk kartlegging og risikovurdering
- Kartlegging, risikovurdering og undervisning vald og truslar: Hareid barnehage, inkl undervisning. Hareid mottakssenter. Hareid skule (påstarta, ikkje fullført). Bigset skule (ikkje fullført revidering). Undervisning og kartlegging for assistentar og fagarbeidarar v/Bigset, Hareid, Hjørungavåg skule, samt ressurscenteret og flyktningkontoret
- Bistand til å utarbeide handlingsplanar etter risikovurderingar: Byggesak Pålhaugen (samfunnsutvikling)
- Helsekontroll arbeidshelse er utført for følgjande avdelingar, jf. plan: Kommunalteknikk og VAR.
- Arbeidsplassvurdering (AMP): Sentraladministrasjonen.
- Yrkesvaksinerings kommunalteknikk og VAR.

## Arbeidsmiljøutval

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har hatt fire møter i 2024. Utvalet vekslar årleg mellom å ha leiar og sekretær frå arbeidsgivar- og arbeidstakarsida. Sjukefråvær og avvik er faste saker i utvalet. AMU har

blant anna handsama sak om ny brannstasjon, bestilt inneklimaundersøking i lokala til Hjellevakken 8, omsorgsbustadane ved Pålhaugen og spørsmål om godkjenning av pasientløfteutstyr som er i kommunens eige.

**Regelverk:**

[Hovedavtalen del B § 6](#)

[Arbeidsmiljøutvalg i arbeidsmiljølovas kapittel 7](#)

Arbeidstakars medverknad i [forskrift om organisering, ledelse og medvirkning, kapittel 2](#)

Val, opplæring m. m. av verneombod og arbeidsmiljøutval i [forskrift om organisering, ledelse og medvirkning, kapittel 3](#)

**Yrkesskader**

Det er meldt 14 yrkesskader til NAV i 2024.

Bigset skule: 2

Bu og habilitering: 7

Kommunal eigeendom FDV: 3

Hjørungavåg skule: 1

Hareid skule: 1


**HMS-avvik**

Fleire av avvika ved bu og habilitering skriv seg frå innemiljøet ved Hjellevakken 8 før utflytting. Ein del avvik er ikkje reelle HMS-avvik, men knytt til blant anna pasientar og brukarar. Nokre avvik skulle vore meldt i Famac.

Vald og truslar om vald er utfordrande. Bedriftshelsetenesta har ytt tenester innan risikovurdering, undervising, handlingsplanar m.m.

# Kateg


1. jan 2024 - 31





# Rapport

1. jan 2024 - 31



## Sjukefråvær

Fråvær

Korttid


Langtid

Samla  
fråvær

Sjukefråværet i Hareid kommune auka i 2024. Fråværet gjekk opp frå 8,8 prosent i 2023, til 10,04 prosent i 2024. Det er berre i sektor for læring og kultur vi ser ein liten tilbakegang frå året før. Høgst auke har det vore i sektor for samfunnsutvikling.

Sjukefråværet var høgst i første halvår, og heldt seg høgt også gjennom feriemånadane. Konsekvensen av fråvær i ferie, er at tilsette søker om å få ta att ferien på eit seinare tidspunkt.

Korttidsfråværet i 2024 som ligg på 3,36 % er svært høgt. Dette er fråvær i arbeidsgivarperioden, som både er krevjande å dekke opp for og ikkje minst kostbart.



2024

| Sektor                | Totalt<br>fråvær   | Korttidsfråvær | Langtidsfråvær |
|-----------------------|--------------------|----------------|----------------|
| Sentraladministrasjon | 7,47 %             | 2,54 %         | 4,93 %         |
| Læring og kultur      | 7,63 %             | 2,76 %         | 4,86 %         |
| Velferd               | 12,92<br>%         | 4,20 %         | 8,71 %         |
| Samfunnsutvikling     | 10,87%             | 3,29%          | 7,57%          |
| <b>Hareid kommune</b> | <b>10,04<br/>%</b> | <b>3,36 %</b>  | <b>6,68 %</b>  |

2023

| Sektor                | Totalt frávær | Korttidsfrávær | Langtidsfrávær |
|-----------------------|---------------|----------------|----------------|
| Sentraladministrasjon | 6,60 %        | 2,10 %         | 4,60 %         |
| Læring og kultur      | 8,40 %        | 1,90 %         | 6,50 %         |
| Velferd               | 10,40 %       | 2,70 %         | 7,60 %         |
| Samfunnsutvikling     | 6,30 %        | 2,40 %         | 3,90 %         |
| <b>Hareid kommune</b> | <b>8,80 %</b> | <b>2,30 %</b>  | <b>6,50 %</b>  |

## Økonomirapportering drift

### KOSTRA hovudtall

| Prioritet                                              | Hareid 2023 | Hareid 2024 | Møre og Romsdal | Kostragruppe 01 |
|--------------------------------------------------------|-------------|-------------|-----------------|-----------------|
| Eiendomsskatt per innbygger (B)                        | 1 945       | 2 077       | 4 453           | 3 066           |
| Frie inntekter i prosent av brutto driftsinntekter (B) | 57,7 %      | 58,2 %      | 60,0 %          | 63,4 %          |
| Netto driftsutgifter i kroner per innbygger (B) **)    | 76 008      | 81 504      | 80 293          | 77 918          |

Ein ser at Hareid kommune har lågare eigedomsskatt pr innbyggjar enn samanlikningskommunane. Hareid har også lågare frie inntekter i % av brutto driftsinntekter enn dei vi samanliknar oss med. Og så ser ein at Hareid har litt høgare netto driftsutgifter i kr pr innbyggjar enn dei andre. I Hareid så driv vi kommunen dyrare og får mindre inntekter enn dei vi samanliknar oss med.

### KOSTRA

KOSTRA (Kommune-Stat-Rapportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gir styringsinformasjon om kommunal verksemd. Informasjon om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenestekområder vert registrerte og sett saman for å gi relevant informasjon til avgjerdstakarar og andre, både nasjonalt og lokalt. Informasjonen skal tene som grunnlag for analyse, planlegging og styring, og med dette gi grunnlag for å vurdere om dei nasjonale måla vert oppnådde.

Kostratala er ikkje eksakt vitenskap, men det kan likevel vere av interesse for analyseformål. Ingen kommuner har like forutsetningar og vi har ingen garanti for at underlaget er korrekt lagt inn, eller rett nytta.

SSB publiserer foreløpige tall for kommunane 15. mars, og reviderte tal 15. juni.

### Korleis lese KOSTRA-tala i årsmeldinga

Framanfor kvar indikator er det ei pil til høgre. Når ein trykker på pila kjem det fram ein graf som viser tala for Hareid og samanlikningskommunane dei siste fire åra. Forklaring av indikatoren ligg nedst i biletet. For dei fleste indikatorene kan ein velje forskjellig vising av grafane opp til venstre. I dette tilfellet kan ein velje mellom "Kommune" og "Historisk". I biletet ser vi historisk vising, der kommunane står saman i blokker pr. år. Dersom ein vel "Kommune" vil kvar kommune ha sin eigen blokk med resultata for siste fire år.

### Samanlikningskommunar

Hareid kommune brukar kostragruppe 01 (ny inndeling frå 2024 hos SSB) som samanlikningsgrunnlag. Kostragruppe 1 (K01) er samansett av 40 kommunar som kan samanliknast med Hareid. I SSB sin definisjon av Kommuner med 2 000 til 9 999 innbyggere, lave bundne kostnader og lave korrigerte inntekter.

Andre samanlikningsgrunnlag er

Møre og Romsdal fylke: Gjennomsnitt av dei 27 kommunane i fylket.

Utvalde kommunar rundt oss her på Søre Sunnmøre.

### KOSTRA analyse til årsmelding 2024

|                                                                                                          | Hareid<br>2022 | Hareid<br>2023 | Hareid<br>2024 | Kostragruppe<br>01 2024 | Møre og<br>Romsdal<br>2024 |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------|----------------|----------------|-------------------------|----------------------------|
| Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (kr)                                                            | 5 555          | 5 782          | 6 098          | 5 587                   | 4 760                      |
| Antall elever i kommunale grunnskoler                                                                    | 642            | 689            | 654            | 31 746                  | 30 011                     |
| Frie inntekter per innbygger (kr)                                                                        | 67 942         | 68 832         | 72 618         | 72 102                  | 71 448                     |
| Barnehage brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) **)                                                   | 10 728         | 11 662         | 12 310         | 12 412                  | 12 280                     |
| Barnehage nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) **)                                                      | 9 506          | 10 433         | 11 145         | 11 311                  | 11 349                     |
| Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner                                           | 1 920          | 1 994          | 2 055          | 2 331                   | 2 492                      |
| Frie inntekter i kroner per innbygger (B) **)                                                            | 63 113         | 63 710         | 67 044         | 68 739                  | 69 116                     |
| Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger korrigert for elever i pri **) | 16 110         | 18 249         | 17 996         | 18 692                  | 18 475                     |
| Syverplassen barnehage ny<br>personalavdeling (tilbygg) inkl.<br>grunnkjøp og parkeringsplass | 8 600             | 8 576         | 99,7 %                  | Ikkje<br>vurdert |               | 24              | Prosjektet med tilbygg for<br>Syverplassen barnehage<br>er klart, IG fra byggesak er<br>rett rundt hjørne og<br>entreprenør HS Rise Bygg<br>er klare til å starte. Plan for<br>parkering er 99%<br>spikra. Budsjettmidlane<br>blir delte mellom åra 2023<br>og 2024. |
| Tuftepark/aktivitetspark                                                                      | 100               | 100           | 100,0 %                 | Ikkje<br>vurdert |               | 0               |                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| Utbyggingsområde - Pålhaugen<br>infrastruktur                                                 | 500               | 419           | 83,8 %                  | Ikkje<br>vurdert |               | 81              |                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| Vatn - Teigeråsa - Hjeltebakken                                                               | 600               | 0             | 0,0 %                   | Forsinke<br>t    | Mindreforbruk | 600             |                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| Vatn - Ferdigstilling Bigset - Rise                                                           | 2 500             | 49            | 2,0 %                   | Forsinke<br>t    | Mindreforbruk | 2 451           |                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| Vatn - fornying vassnett                                                                      | 700               | 108           | 15,4 %                  | Ferdig           | Mindreforbruk | 592             |                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| Vatn - Grimstad - Holstad                                                                     | 2 000             | 1             | 0,0 %                   | Forsinke<br>t    | Mindreforbruk | 1 999           |                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| Vatn - KL-vegen                                                                               | 750               | 657           | 87,6 %                  | Ferdig           | Mindreforbruk | 93              |                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| Vatn - Kumseparering Geilane                                                                  | 1 500             | 0             | 0,0 %                   | Forsinke<br>t    | Mindreforbruk | 1 500           |                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| Vatn - Kvennavegen                                                                            | 375               | 0             | 0,0 %                   | Forsinke<br>t    | Mindreforbruk | 375             |                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| Vatn - Kyrkjegata og Jets                                                                     | 4 700             | 3 117         | 66,3 %                  | Ferdig           | Mindreforbruk | 1 583           |                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| Vatn - Murabrauta - Pevegen                                                                   | 700               | 0             | 0,0 %                   | Forsinke<br>t    | Mindreforbruk | 700             |                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| Vatn - Pålhaugen - Myravegen                                                                  | 300               | 162           | 54,1 %                  | Iht. plan        | Iht. plan     | 138             |                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| Vatn - trykkauke stasjon                                                                      | 2 800             | 1 964         | 70,2 %                  | Ferdig           | Mindreforbruk | 836             |                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| Vatn - utgeiing vatn og avløp til<br>Hjørungneset                                             | 250               | 70            | 27,8 %                  | Ferdig           | Mindreforbruk | 180             | Utgreiing etter KST-vedtak<br>er gjennomført og<br>presentert.                                                                                                                                                                                                       |

## Sentrale kapittel2024

| Investering                                          | Budsjett for året |                |                  |               |                    |               | Kommentar                                                                    |
|------------------------------------------------------|-------------------|----------------|------------------|---------------|--------------------|---------------|------------------------------------------------------------------------------|
|                                                      | Rev. bud.         | Rekneskap      | Forbruk i % i år | Status        | Økonomistatus i kr | Avvik         |                                                                              |
| Vatn til Nettet                                      | 600               | 10             | 1,6 %            | Forsinket     | Mindreforbruk      | 590           | Vert jobba med grunnavtalar.                                                 |
| Veg - Lyspakke veg, utskifting av gatelys            | 1 000             | 1 467          | 146,7 %          | Forsinket     | Merforbruk         | -467          |                                                                              |
| Veg - Trafikktryggingspakke                          | 13 000            | 10 582         | 81,4 %           | Forsinket     | Mindreforbruk      | 2 418         |                                                                              |
| Veg, vatn og avløp - Ytredalen                       | 1 000             | 2              | 0,2 %            | Forsinket     |                    | 998           | Grunna kapasitet og omprioriteringar er prosjektet sett på vent.             |
| Vegar - Reina                                        | 3 000             | 2 162          | 72,1 %           | Ferdig        | Mindreforbruk      | 838           | Lyktestolpane jobbar Linja med å få på plass og er ein kostnad dei står for. |
| Vegar - Sikring av Almevegen                         | 1 500             | 1 040          | 69,3 %           | Ferdig        | Mindreforbruk      | 460           |                                                                              |
| Vegar - Sikring og utviding av Røysetvegen ved Ulset | 1 000             | 0              | 0,0 %            | Ikkje vurdert |                    | 1 000         | Ikkje kapasitet til å gjennomføre.Grunna situasjonen er prosjektet teke ut.  |
| <b>Sum</b>                                           | <b>208 618</b>    | <b>147 066</b> |                  |               |                    | <b>61 552</b> |                                                                              |

### Sentraladministrasjonen

Beløp i 1000

| Investering                    | Budsjett for året |           |                  |               |                    |            | Kommentar |
|--------------------------------|-------------------|-----------|------------------|---------------|--------------------|------------|-----------|
|                                | Rev. bud.         | Rekneskap | Forbruk i % i år | Status        | Økonomistatus i kr | Avvik      |           |
| Fellesutgifter - Læringsportal | 160               | 0         | 0,0 %            | Ikkje vurdert |                    | 160        |           |
| <b>Sum</b>                     | <b>160</b>        | <b>0</b>  |                  |               |                    | <b>160</b> |           |

### Velferd

Beløp i 1000

| Investering                                      | Budsjett for året |           |                  |           |                    |            | Kommentar                                                                                                             |
|--------------------------------------------------|-------------------|-----------|------------------|-----------|--------------------|------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                                  | Rev. bud.         | Rekneskap | Forbruk i % i år | Status    | Økonomistatus i kr | Avvik      |                                                                                                                       |
| Kjøp av møblar velferd                           | 100               | 0         | 0,0 %            | Forsinket |                    | 100        |                                                                                                                       |
| Velferd - Dekontaminator                         | 100               | 0         | 0,0 %            | Forsinket | Iht. plan          | 100        | Ein har behov for å kjøpe nye dekominator, ettersom det er fleire av maskinene som lekker og ikkje fungerer optimalt. |
| Velferd - Nye senger og nattbord til institusjon | 200               | 0         | 0,0 %            | Forsinket |                    | 200        |                                                                                                                       |
| <b>Sum</b>                                       | <b>400</b>        | <b>0</b>  |                  |           |                    | <b>400</b> |                                                                                                                       |

### Sum andre prosjekt

Beløp i 1000

Sentrale kapittel2024

| Investering        | Budsjett for året |               |                  |                                 | Kommentar |
|--------------------|-------------------|---------------|------------------|---------------------------------|-----------|
|                    | Rev. bud.         | Rekneskap     | Forbruk i % i år | Status Økonomistatus Avvik i kr |           |
| Sum andre prosjekt | 26 900            | 25 085        | 241,2 %          | 1 815                           |           |
| <b>Sum</b>         | <b>26 900</b>     | <b>25 085</b> |                  | <b>1 815</b>                    |           |

## Status investeringar aggregert

Beløp i 1000

| Grupperingsnivå         | Budsjett for året |                |                  | Rest bud. i år |
|-------------------------|-------------------|----------------|------------------|----------------|
|                         | Rev. bud.         | Rekneskap hiå. | Forbruk i % i år |                |
| Læring og kultur        | 1 505             | 1 170          | 77,7 %           | 335            |
| Samfunnsutvikling       | 208 618           | 147 066        | 70,5 %           | 61 552         |
| Sentraladministrasjonen | 160               | 0              | 0,0 %            | 160            |
| Velferd                 | 400               | 0              | 0,0 %            | 400            |
| Sum andre prosjekt      | 26 900            | 25 085         | 93,3 %           | 1 815          |
| <b>Sum</b>              | <b>237 583</b>    | <b>173 320</b> |                  | <b>64 263</b>  |

## Oppfølging handlingsregler

### Finansielle måltall

#### Finansielle måltal for utviklinga av Hareid kommune sin økonomi.

Hareid kommune sine finansielle måltal vart vedteke av kommunestyret i sak 101/21. Det er tre nøkkeltal som er vedteke skal nyttast:

- netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter, minst 1,75%
- netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter, maksimum 100 %
- disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter, minst 5 %

### Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter



#### Indikator

#### KOSTRA 2021

#### KOSTRA 2022

#### Regnsk


|                   |     |     |
|-------------------|-----|-----|
| Resultat/Prognose | 0   | 0,0 |
| Resultat/Budsjett | 0,9 | 0,3 |
| Handlingsregel    | 1,8 | 1,8 |

## Utvikling Netto driftsresultat i % av brutto driftskostnader

**Netto driftsresultat (NDR)** er eit mål på kor mykje kommunane sit att med av driftsinntekter etter at driftsutgifter, netto renter og avdrag er betalt. Målt i prosent av driftsinntektene uttrykkjer NDR kor stor del av dei tilgjengelege driftsinntektene kommunane kan disponere til å finansiere investeringar eller setje av til seinare bruk. NDR er eit uttrykk for den økonomiske handlefridomen til kommunane. Netto driftsresultat blir brukt av Teknisk berekningsutval (TBU) som ein hovudindikator for økonomisk balanse i kommunesektoren. TBU tilrår at NDR over tid bør liggje på 1,75 %. Eit positivt netto driftsresultat kan nyttast til investeringar eller setjast av til seinare bruk, og gir dermed ein indikasjon på kommunen sitt økonomiske handlingsrom.

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter var -9,1% i 2023. I 2024 er det -10,9%.

## Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter



### Indikator


### KOSTRA 2021

### KOSTRA 2022

### Regnskap

|                   |       |       |
|-------------------|-------|-------|
| Resultat/Prognose | 0     | 0,0   |
| Resultat/Budsjett | 147,4 | 140,8 |
| Handlingsregel    | 100,0 | 100,0 |

## Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar



| Indikator         | KOSTRA 2021 | KOSTRA 2022 | Regnska |
|-------------------|-------------|-------------|---------|
| Resultat/Prognose | 0           | 0           |         |
| Resultat/Budsjett | 136 750     | 153 801     |         |
| Handlingsregel    | 0           | 0           |         |

## Kommentar til Netto lånegjeld


**Lånegjeld** utover 100 % av kommunen sine samla inntekter gir lågt handlingsrom. For å arbeide mot måltalet betyr det at nye investeringar må vere mindre enn det kommunen kvart år betalar i avdrag. Det å ha ei høg lånegjeld inneber ein risiko når rentene stig og ein må finne dekning for dette i ordinær drift.

Både KS og Statsforvaltaren tilrår at kommunen sin lånegjeld ikkje bør vere over 100 % av brutto driftsinntekter. Netto lånegjeld i % av brutto driftsutgifter ved utgangen av 2024 er på 152,4 %. Dette er likevel under måltalet som er vedteke for dette året som er på 163,3 %. Høgare rente er utfordrande for kommunen sett i lys av den høge lånegjelda. Styringsrenta er no 4,5 %. Sidan mykje av lånegjelda er sertifikatlån med forskjellig løpetid, opptil eit år, tar det litt tid før alle låna har «dagens rente». Gjennomsnittleg rente på gjelda i 2024 var 4,746 %. Kapital kostnadane og avdrag på lån utgjør ein stadig større del av budsjettet til kommunen.

Netto lånegjeld pr innbyggjar har auka frå kr 162 462,- i 2023 til 185 400,- i 2024. Det er også lavare enn budsjettet på 193 144,-

Frå 2025 og i åra framover, må alle nye låneopptak godkjennast av Statsforvalteren.

## Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter



| Indikator         | KOSTRA 2021 | KOSTRA 2022 | Regnskap |
|-------------------|-------------|-------------|----------|
| Resultat/Prognose | 0           | 0,0         |          |
| Resultat/Budsjett | 0,8         | 2,8         |          |
| Handlingsregel    | 5,0         | 5,0         |          |

## Kommentar til Disposisjonsfond

**Disposisjonsfond** er oppsparte midlar, og er det einaste fondet som fritt kan nyttast til å dekkje utgifter i både drifts- og investeringsrekneskapen. Storleiken på disposisjonsfondet er eit uttrykk for kor stor økonomisk buffer kommunen har for sin løpande drift, og er den delen av reservene som best gir uttrykk for den økonomiske handlefridomen. Frå og med rekneskapsåret 2020 skal eit mindreforbruk setjast av til disposisjonsfond, og tilsvarande skal eit meirforbruk finansierast frå disposisjonsfondet.

Hareid kommune har ikkje midlar på disposisjonsfond i 2024. I økonomiplanen ligg det inne at ein skal nytte sjølvkostfond, derfor ser det ut til at vi har negativt disposisjonsfond.

## Busetting av flyktningar 2024

Hareid kommune busette 40 flyktningar i 2024. (Du kan lese meir om dette på sida til Integrerings-og mangfoldsdirektoratet (IMDi) [her](#))

Dette avvik frå IMDi si oppmoding til Hareid om å busetje 75, og Hareid kommune sitt politiske vedtak om å busetje 90 flyktningar. Hareid svarte ut til IMDi med at vi kunne busetje 75 flyktningar, lik oppmodinga.

Årsak til avviket er fyrst og fremst mangel på bustadar. Det har vist seg utfordrande å skaffe nok tilgjengelege private bustadar, og dei kommunale bustadane på Brekkane vart ikkje ferdigstilte, slik det var tenkt. Dette vert fullført fyrst i 2025.

Eininga Ressurssenteret med flyktningkontor og vaksenopplæring, har både lokal og ressursar til å stette tenestene og krava i lova for å nå dette måltalet. Helse fekk og utvida lønsramma si for å kunne tilsette 3 personar for å stette tenester oppimot busette flyktningar og asylsøkarar på mottaket.

Eigedom har eit stort ansvar med å klargjere og kontraktfeste utleigebustadar, men har løyst dette arbeidet på ein framifrå måte.

NAV har hatt auka kostnader i høve sosialstønad og personell, men har fått auka opp tal stillingar og jobbar tett med flyktningkontoret forankra i ein eigen samarbeidsavtale. Integreringstilskotet dekkjer auken i kostnader.

Skulane treng noko av integreringstilskota for ressursar knytt til opplæring av flyktningborn og -ungdom. Ungdomsklubben har inkludert målgruppa i sine aktivitetar.

Kommunale einingar har vist vilje og vore positive til å ta imot flyktningar i praksis i deira kvalifisering i introduksjonsprogrammet, og nokre er alt tilsette på bakgrunn av deira kompetanse og ferdigheiter.

For 40 busette flyktningar mottok vi kr. 33 496 732 frå IMDi i 2024.

Knytt til integreringstilskot er det også eit barnehagetilskot som vert overført til barnehagen barnet går i, og eit eldretilskot, som det nok er NAV/sosial som har største behovet for kostnadsdekning knytt til denne gruppa.

I tillegg mottok vi norskskiltot på kr. 3 784 118. (inkluderer opplæring for både flyktningar, familiesameinte, og asylantar med rett og/eller plikt til opplæring)

Det vart søkt på ekstratilskot grunna særskilde behov på kr 1 520 000, som i denne omgang gjekk til barnevernet for arbeid og tiltak der.

Totalt mottok Hareid kommune kr. 38 800 850 i tilskot frå IMDi i 2024

## Næringsutvikling

**Tomter/næringsareal**

I februar 2024 tok arbeidet på Plassane byggefelt til. Firmaet Aurvoll og Furesund er totalentreprenør. Feltet ligg aust for byggefeltet i Vabakken/Melshornlia. Det er planlagt tre store tomter for tett utnytting og 34 tomter for einebustadar. Eit krav i samband med utbygging av bustadfelt er at utbyggjar må planlegge og ferdigstille tilhøyrande leikeplassar, på Plassane er det fem leikeplassar. Feltet er planlagt ferdig i august 2025.

Strategiske grunnkjøp gjennomført i 2024 var Strandgata 175 – Flømannbuda.

I februar 2024 bestemte Hareid kommune å kjøpe 18 bueiningar av Hadarhus for vanskelegstilte på Brekkane. Det er fem tomannsbustadar og to firemannsbustadar. Arbeidet med infrastrukturen tok til på vårparten, i sommar starta grunnarbeidet på bustadane etterfølgd av reising/montering av sjølve husa. Planlagt overtaking er mars 2025.

Ingen tomter for bygging av bustad vart selt i dei kommunale bustadfelt i 2024. Kommunen har ledige tomter i Brandal - Skarbakken, Hjørungavåg – Pilskog/Overå og Hareid – Melshornlia, i alt 18 stykk.

Kommunen har ledig næringsareal av varierende tilgjengelegheit.

## Cruise

Fredag 26. og laurdag 27. april hadde Hareid besøk av ulike cruiseagentar, på ein såkalla Famtrip. Hareid kommune var siste stoppestad for Famtrip, og einaste nye destinasjonen på rundturen. Blant dei andre stoppestadane finn vi kjende turiststadar som Stavanger, Haugesund, Flåm, Eidfjord og Nordfjord. Famtrip-turane er viktige for noverande og komande cruisedestinasjonar for å vise seg fram for dei som skal planlegge cruiseanløp og utfluktar.

Deltakarane på turen var representantar for dei store cruise-reiarlaga, tilsette frå verksemder som organiserer utflukter og internasjonale journalistar. Gjestane var fulle av lovord over kva dei fekk oppleve i kommunen vår - både på dei enkelte sjåverdigheitene, men også over mottakinga.

Første dagen vitja gjestane Overåsanden, Hodr Hjørungavaag vikingsete, «Polarstar» som stod for transporten til Brandal, Kvitneset og Ishavsmuseet.

Laurdagen var det hamneinspeksjon både på kaia på Godsterminalen og på Ulmateckaia. Turen gjekk vidare til Kyrkja. Deretter vart det spasertur gjennom Kjøpmannsgata som for dagen var full av aktivitet, turen vart avslutta på Tusenårsplassen.

### **Gjestehamn og sauna**

I juni 2024 vart Hareid Gjestehamn og Hareid Sauna opna. Det er plass til om lag 35 båtar i ulike storleikar. I saunabygget er der dusj og vaskemaskin som kan nyttast av båt- og bubilgjestar. Ferskvatn og landstraum er tilgjengeleg på bryggene.

I sjølve saunaen er det plass til 12 gjester. For private timar er det plass til 12 personar, mens i drop inn er det seks plassar. På taket er det laga til sitjegrupper. Vassprøvene syner god kvalitet på badevatnet.

I 2024 var det registrert 109 båtdøgn i gjestehamna.

Saunaen var leigd ut 160 gongar.

### **Hamn**

Hausten 2024 vart dei lågspente landstraumanlegg oppgraderte for Pakkhuskaia på Brandal og kommunekaia i Hjørungavåg. Det står att skilting.

I prosjektet «Kartlegging av havner» vart Hareid hamn prioritert til å få vere med. Kommunen sin eigendel er 30%. Hausten 2024 gjennomførte Norkyst djupnemålingar i områda Brandal, Langeneset, Hareid og Hjørungavåg. Ferdig måledata skal leverast i mars 2025.

### **Hoppid.no**

ÅKP utøver førstelinetenesta hoppid.no for dei som ønskjer å starte bedrift. I 2024 var det meir enn 30 ulike personar frå vår kommune som vente seg til kontoret i den samanheng. Det var alt i frå ein telefonsamtale til møter, og til dei som gjekk vidare til inkubator og var med på StepUp programmet til ÅKP. Det året var det berre ein aktør frå Hareid som søkte og fekk innvilga stønad til avklarande tiltak.

Vidare vart det arrangert ulike møter både om AI og digitalisering, og felles møte med Brønnøysundregistra og Altinn – digitaliseringsdirektoratet. Vi ser på denne tenesta som viktig for tidleg avklaring av nye forretningsidear, moglegheiter og rett innsats vidare. Næringsavdelinga vil arbeide for å gjere tenesta enda meir kjend.

## Beredskap og samfunnsikkerheit

Beredskapsarbeidet i Hareid kommune har i 2024 vore prega av revisjon av planane våre. Vi har mange gamle og utdaterte planar. Hovudjobben har vore å få på plass ein ny heilskapleg risiko og sårbarheitsanalyse (H-ros). Dette er det overbyggande dokumentet for alt beredskapsarbeidet vårt. Store delar av organisasjonen har vore involvert i ulike delar av analysen. Dei folkevalde har også fått informasjon og orienteringar i fleire møte, både i kommunestyret og formannskapet. Parallelt har vi jobba med dei andre planane våre. Planen er at H-ros skal vedtakast fyrste halvår 2025, dei andre planane kjem på rekke og rad etter det.

Beredskapsrådet har hatt møte for fyrste gong på lenge. To møte blei det i 2024. Begge hadde H-ros som hovudtema.

Under eigenberedskapsveka blei det arrangert folkemøte på biblioteket om eigenberedskap. Bakteppet var arbeidet med heilskapleg ros. Eigenberedskap har også blitt løfta fram i dei ulike kommunikasjonskanalane våre gjennom heile året.

Nytt i 2024 er at beredskapskontaktane på Søre Sunnmøre, etter initiativ frå Hareid, har samla seg i ein faggruppe. Denne møtast med jamlege mellomrom for å diskutere felles utfordringar. Det er også oppretta eit team i Teams som samarbeidsarena.

Vi har hatt ei hending der kriseleiinga har blitt kalla saman. Ekstremvêret Ingunn, med sterk vind, såg i utgangspunktet ut til å treffe oss hardt 31. januar. Vi valde likevel å stenge barnehagar, skular og SFO frå klokka 15 den ettermiddagen vinden skulle vere verst. Orkanen slo inn på land lenger nord, og Hareid blei ikkje særleg råka. Det blei berre registrert mindre materielle skader i kommunen.

## Internkontroll

### Internkontroll

Internkontroll

**Formål med internkontroll**

[Jf. kommunelova § 25-1](#)

*Kommuner og fylkeskommuner skal ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarlig for internkontrollen.*

Kommunelova stiller krav til kommunedirektøren om internrevisjon. Det inneber å sette i verk eigna tiltak, både tekniske og organisatoriske, for å sikre og sjå til at lover og forskrifter vert halde.

Føresetnadar for internkontroll:

|                   |                                                                                                   |
|-------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Risikovurdering   | Grunnlag for internkontroll<br>Grunnlag for tiltak<br>Strategisk nivå og operativ nivå            |
| Formalisering     | Organisering, ansvar og roller<br>Dokumentasjon, rutinar og pros<br>Samanstilling og rapportering |
| Kontrollaktivitet | Dagleg og fagleg<br>Stikkprøver, planlagde og faste<br>Avvikshandtering                           |

### **Organisering, roller og ansvar**

Arbeid med internkontroll skil seg ikkje frå anna leiing. Det inneber at ansvarsdeling for internkontroll følger kommunen si organisering og vert tilpassa den heilskaplege verksemdstyringa. Internkontroll er altså ei leiaroppgåve på lik linje med ande leiaroppgåve som økonomi, ansvar for kvalitet og fag, og for personalforvaltninga.

### **Kommunen sin internkontroll inkluderer følgjande:**

Plan- og rapporteringssystem - sikrar samanhengen mellom langsiktige planar til økonomi- og handlingsplan med budsjett, verksemdsplan og til løypande rapportering.

Risiko- og sårbarheitsanalysar - legg grunnlaget for ein risikobasert internkontroll og dermed førebygge uønska hendingar.

Avvikssystem - rapportering om svikt i tenestene, skader eller brot på rutinar som vert følgt opp av leiar.

Dokumentbibliotek – sikrar at alle nødvendige dokument og gjeldande rutinar er tilgjengelege .

Alle tilsette skal vere kjent med kommunen sitt system og aktuell tilgjengeleg dokumentasjon.

### **Hendingar i 2024**

Eigenkontroll-arbeidet blei vidareført frå 2023, men ikkje alle planlagde tiltak kunne gjennomførast som føresett i 2024. Vakansar og utskifting av nøkkelpersonell førte til kapasitetsutfordringar, som igjen medførte behov for omprioriteringar og justeringar i gjennomføringa av planlagde tiltak.

### **Avvik, tilsyn og revisjonar**

Kommunen har følgt opp kjerneområde i internkontrollen som handtering av avvik og oppfølging av eksterne tilsyn og forvaltningsrevisjonar.

*Avvik*

Kommunedirektøren vektlegg openheit og god meldekultur i heile organisasjonen, for læring og forbetring.

Det vart i 2024 meldt inn 686 avvik. Innmeldte avvik dei siste åra:

2023 – 708

2022 - 637

2021 - 459


| Kategori                         | Tal 2024 | Tal 2023 |
|----------------------------------|----------|----------|
| Helse, miljø og tryggleik        | 217      | 210      |
| Personvern/informasjonstryggleik | 17       | 21       |
| Organisasjon/internt             | 74       | 105      |
| Teneste/brukar                   | 475      | 492      |

Talet her er høgare enn innrapporterte avvik. Det er på grunn av nokre tilsette har meldt nn eit avvik på fleire kategoriar.

|   |          |
|---|----------|
| 4 | Tal 2023 |
|   | 26       |
|   | 110      |
|   | 558      |
|   | 14       |

Alvorsgrad på innmeldte avvik

## Sentrale kapittel2024



Tala viser utviklinga av avvik over to år, frå 2023 til 2024, fordelt på tre alvorsgrader: låg, middels og høg.

- **Låg:** Det er ein betydeleg auke frå 78 avvik i 2023 til 109 i 2024, noko som tyder på ein vesentleg vekst i denne typen avvik.
- **Middels:** Her ser vi ein nedgang frå 90 til 72, noko som kan indikere at færre avvik fell inn under denne kategorien i 2024.
- **Høg:** Også her er det ein nedgang, frå 42 til 36, sjølv om endringa ikkje er like stor som i middels-kategorien.

Det ser ut til at det har vore ei forskyving der fleire avvik har flytta seg frå middels og høg kategori til låg kategori. Dette kan tyde på at alvorlege avvik har blitt færre, eller at registreringa har endra seg på ein måte som gjer at fleire hendingar vert vurderte som låge.

#### *Tilsyn og revisjonar*

**Revisjon:** systematisk gjennomgang innanfor eit avgrensa område for å sikre at praksis er i samsvar med eit sett definerte krav. Døme på område for revisjon er rekneskap, kvalitets-system og andre styringssystem.

**Tilsyn:** vert gjort for å sikre etterleving av regelverk (lover, forskrifter og ulike retningsliner). Tilsyn skal medverke til at innbyggaren sine behov for tenester vert tatt i vare

| Tilsyn og revisjonar                                                                 | Kort skildring av status                                                                                                                                                                                                                                                        |
|--------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Tilsyn</b>                                                                        |                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
| 24/1428 Tilsyn - Hareid skule og Hareid ungdomsskule - Arbeidstilsynet               | Tilsynet undersøkte korleis verksemda jobbar systematisk med arbeid, ergonomiske og psykososiale forhold, leiing, og samarbeid.<br><br>Tilsynet blei gjennomført hausten 2024. Tilsynet har                                                                                     |
| 24/804 Statleg tilsyn med kommunen si myndigheit etter forureiningslova - forsøpling | Statsforvaltaren gjennomførte tilsyn med Hareid kommune 13. juni. Tilsynet avdekkja at kommunen mangla informasjon på nettsidene om forureining 25-1. Det manglar også informasjon på nettsidene om forureining 25-1. Statsforvaltaren forventar retting, men gir ikkje pålegg. |
| 24/613 Mattilsynet tilsyn langtidsavdelinga 2024                                     | Inspeksjon hos Hareid Sykehjem langtid den 31. januar 2024. Hovudkjøkken og tilhøyrande rom framstår med god hygiene og regelverket som gjer det nødvendig med vidare oppfølging.                                                                                               |
| 24/590 Mattilsynet tilsyn skjerma eining 2024                                        | Tilsyn ved institusjonskjøkken 07. mars 2024.                                                                                                                                                                                                                                   |
| <b>Revisjonar</b>                                                                    |                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
| 25/311 Høyring - Forvaltningsrevisjonsrapport økonomisk rapportering                 | Kontrollutvalet i Hareid kommune vedtok 06.12.2024 å undersøke om kommunen har dekkande økonomisk rapportering.                                                                                                                                                                 |

Kommunen nyttar aktivt rapportar og tilbakemeldingar frå tilsynsmynde i sitt arbeid med systematisk oppfølging og forbetring av internkontrollen.

## Kommunen sine tenesteområde

### Sentraladministrasjonen

#### Beskriving av tenesteområde

Sentraladministrasjonen består av kommunedirektør og stab, med avdelingane personal- og organisasjon, servicetorg og politisk sekretariat, økonomi og Nav kommune. Nav kommune, som gir Nav-tenester for Hareid sine innbyggjarar, er del av eit vertskommunesamarbeid der Hareid er vertskommune og Ulstein, Sande Herøy og Vanylven er deltakarkommunar. Vertskommunesamarbeidet er leia av ein felles Nav-leiar. Nav-kommune er ein integrert del av vertskommunearbeidet, men er skilt ut i rekneskapen for å oppnå større kontroll over eige forbruk.

Sentraladministrasjonen tar hand om dei sentrale stab- og støttetjenestene i kommunen og bidrar såleis med administrative tenester til alle tenesteproduiserande sektorar i kommunen. Hareid var fram til 31.12.2024 vertskommune for Hareid, Ulstein og Sande sitt felles Nav-kontor (Nav 3k). Frå 01.01.2025 vart samarbeidet utvida til også å omfatte kommunane Herøy og Vanylven. Realiseringa av 5k-samarbeidet om Nav vart forankra gjennom kommunestyrevedtak i alle kommunane. Ny vertskommuneavtale vart signert av alle kommunane i samarbeidet, seinhaustes 2024. Hareid vart vertskommune for 5k-samarbeidet om NAV-tenester.

Sentraladministrasjonen har også ansvar for arkivtenester, politisk sekretariat, servicetorg, informasjon, internett- og intranettsider, digitalisering, personvern, internkontroll, budsjett, økonomistyring, rekneskap, internrevisjon, lønsarbeid, HMS-arbeid, inkluderande arbeidsliv, permisjonar, tilsettingar, pensjonsordningar, fråvær, arbeidsgjevaransvar, samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane, kompetanseutvikling, personforsikring, tildeling av butilskot og startlån med meir.

Beskriving av verksemda i dag

#### Rådmannskontoret

Rådmannskontoret er ei eiga eining i Sentraladministrasjonen, der kommunedirektør og kontrollar har si organisatoriske tilknytting. Kontrollar vart tilsett i august 2024 og er kommunedirektøren sin viktigaste ressurs i høve budsjettering og økonomioppfølging. Kontrollar jobbar tverrsektorielt og gir også støtte til kommunalsjefar og einingsleiarar.

#### Servicetorg og politisk sekretariat

Servicetorg og politisk sekretariat yter tenester gitt innanfor rammene av forvaltningslova, arkivlova, offentleglova med fleire og etter interne reglement.

#### Stortingsvalet 2025

Valår er alltid spennande, men krev noko ekstra frå servicetorget, då hovudansvaret for planlegging og mykje av den praktiske gjennomføringa er lagt dit. Frå valet 2025 gjeld ny vallov. Den viktigaste endringa er at røystestyra, som har stått for gjennomføring av valet i vallokala, er fjerna som folkevald organ. Vi må derfor organisere valdagen på ein heilt ny måte, sannsynlegvis med tilsette og andre lønna personar. Dette kan føre til auka kostnader.

### **Digitaliseringsansvarleg**

Denne stillinga har stått vakant i lengre tid. Dette er uheldig, då digitalisering er eit område som er viktig og ser ut til å verte enno viktigare. Frå 01.01.2025 fekk vi på plass ein ressurs i 50% stilling.

### **Nettside og kommunikasjon**

Det er framleis stor interesse for informasjon om og nyhende frå Hareid kommune. Vi ser ei vekst i talet på brukarar i alle kanalane vi nyttar til eksternkommunikasjon.

I 2024 blei det starta opp eit klarspråkprosjekt i administrasjonen. Undersøkingar viser at det er store innsparingsmoglegheiter ved å nytte eit klart språk. Kommunikasjonsansvarleg har halde klarspråk-kurs for leiarar og sakshandsamarar som ein introduksjon. Målet er at alle einingar og sektorar skal gå gjennom søknadsskjema, malar og andre lengelevande tekstar for å ta ut innsparingspotensialet vi har.

### **Arkivtenesta**

Kommunen er organisert med eit sentralarkiv/dokumentsenter som har hovudansvaret for å føre journalpliktig dokumentasjon i sak- arkivsystemet.

Nokre av dei ulike fagområda fører journalpliktig dokumentasjon i eigne fagsystem. Det vil då vere eigne fagansvarlege knytt til kvart område.

Arkivverdig dokumentasjon frå fagsystem blir overført til sak-arkivsystem via integrasjonar eller ved manuell overføring.

Arkivleiar har det overordna ansvaret for alle arkiva i kommunen. Arkiva gjeld både aktivt elektronisk sak-arkivsystem, aktive arkivkjerner i ulike fagsystem, historisk papirarkiv og elektroniske arkivuttrekk.

Ansvaret for arkiv til føretak ligg hos leiar for det enkelte føretak.

Kommunen har sentralt postmottak for heile organisasjonen.

Kommunen har felles elektronisk sak- arkivsystem med alle kommunar på Søre Sunnmøre. SSIKT har overordna systemansvar innan fagområdet, men kvar kommune har eige systemansvar for sine databasar.

### **Økonomi**

Økonomiavdelinga har eit stort spenn i oppgåver i kommunen, alt frå rekneskapsføring til økonomirapportering og budsjettarbeid. Mange store oppgåver og stramme tidsfristar vert svært krevjande. Det har vore ein del utskifting av tilsette dei seinare åra, noko som har gjort arbeidsflyten meir utfordrande. Situasjonen pr. no er at bemanninga er stabil og tilfredsstillande, med røynde

tilsette. Eininga har rekneskapsføringa av Hareid sokn som ei av sine oppgåver. I tillegg til dette kjem ekstra oppgåver knytt til vertskommunesamarbeid m.m.

### **Personal og organisasjon**

Personal og organisasjonsavdelinga har tre tilsette i heil stilling; personalleiar, lønsansvarleg og konsulent.

Om lag 1,8 årsverk blir brukt inn mot lønsarbeid. Dei resterande 1,2 dekkjer HR/personalarbeidet. Dette er for lite etter dagens behov og representerer ein situasjon som er langt frå tilfredsstillande. Det arbeidast med å greie ut alternative løysingar for å bøte på den vanskelege ressursituasjonen.

Personal og organisasjonsavdelinga skal på eit overordna nivå utvikle og forbetre kommunen sin funksjon som arbeidsgjevar. Vi skal utarbeide og vidareutvikle overordna arbeidsgjevarpolitikk og konkretisere korleis politikken skal settast ut i praktisk handling i kommunen. Tenestene skal ytast ut frå gjeldande lover, reglar og føreskrifter som femner om avdelinga sitt arbeid og tenesteyting.

### **NAV-kommune**

NAV leverer arbeidsretta brukaroppfølging og sosiale tenester til innbyggjarane i kommunane Hareid, Ulstein og Sande. Dette inkluderer IPS og Arbeid med støtte. IPS er organisert i NAV Hareid-Ulstein-Sande og yter også tenester i Herøy og Vanylven i samarbeid med NAV Herøy-Vanylven. Frå 01.01.2025 vart samarbeidet utvida til også å omfatte kommunane Herøy og Vanylven.

- Fleire i arbeid og aktivitet
- Hindre utanforskap
- Sikre økonomisk tryggleik for utsette grupper
- Bistå bedriftene i rekruttering, omstilling og inkluderingsarbeid

### **Overordna mål**

Sentraladministrasjonen arbeider i liten grad ut frå politiske målsettingar. Arbeidet er i hovudsak reint administrativt og handlar om å utføre stab og støttetjenester for kommunedirektøren og dei tenesteytande einingane i kommunen. Det ligg då heller ikkje føre politisk vedteke målsettingar for budsjettåret 2024, med unntak av det som handlar om økonomiske målsettingar som følgjer av budsjettvedtaket

### **Utvalde resultat**

Sentraladministrasjonen har i hovudsak ein stab- / støtte-funksjon som i stor utstrekning yter interne tenester til resten av organisasjonen. I størst grad gjeld dette for økonomiavdeling og personalavdeling, medan Servicetorget i tillegg til dei interne tenestene også yter eksterne tenester til brukarar og publikum elles. Servicetorget utfører også i stor grad informasjonsarbeidet i kommunen og fungerer i tillegg som politisk sekretariat.

Sjølv om det meste av året 2024 vart prega av ein del vakanse i sentrale funksjonar, sto ein ved utgangen av året med tilnærma tilstrekkelege ressursar til å handtere arbeidsoppgåvene.

I 2024 vart det og jobba med å utvide vertskommunesamarbeidet om Nav-tenester frå tre til fem kommunar. Det utvida vertskommunesamarbeidet vart etablert frå og med 01.01.2025. Hareid er framleis vertskommune for samarbeidet.

## Viktige hendingar

I juni 2024 vart Bent Arild Grytten tilsett ny kommunedirektør. I perioden mars til juni fungerte same person som konstituert kommunedirektør, etter at Ragnhild Velsvik Berge slutta etter nesten ni år i stillinga.

I juli 2024 vart kommunen meld direkte inn i Robek-registeret grunna stort meirforbruk året før. Dette er sjølvstakt ei viktig hending for heile kommunen, men er relevant å melde her, då det sentrale budsjett- og rekneskapsarbeidet vert utført av Sentraladministrasjonen.

Det skal og nemnast at det vart tilsett kontrollar i august 2024. Kontrollaren er organisatorisk knytt til rådmannskontoret, men har og ei viktig rolle i økonomiarbeidet i alle sektorane i kommunen.

Hausten 2024 vart det utført ei stor rydding i einingane sine budsjett. Dei budsjettansvarlege har med dette fått eit betre styringsdokument enn tidlegare. Vi kjem til å halde fram med å forbetre budsjettarbeid og rutinar i tida som kjem.

## Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining                                   | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr    | Avvik i %     |
|------------------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|---------------|---------------|
| 1010-Politisk styring og kontroll        | 3 056             | 2 948             | 3 000             | 52            | 1,7 %         |
| 1020-Rådmannskontor                      | 1 565             | 3 939             | 3 168             | -771          | -24,3 %       |
| 1030-Økonomiavdeling                     | 4 350             | 4 886             | 4 463             | -423          | -9,5 %        |
| 1040-Personalavdeling                    | 3 897             | 3 327             | 3 988             | 661           | 16,6 %        |
| 1060-Servicetorg og politisk sekretariat | 5 857             | 5 214             | 5 831             | 617           | 10,6 %        |
| 1070-Digitalisering og kontrakt          | -59               | 63                | 8                 | -55           | -710,8 %      |
| 1080-NAV-kommune                         | 13 330            | 13 100            | 10 000            | -3 101        | -31,0 %       |
| <b>Sum</b>                               | <b>31 996</b>     | <b>33 477</b>     | <b>30 457</b>     | <b>-3 020</b> | <b>-9,9 %</b> |

## Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr     |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|----------------|
| Lønn                  | 24 496            | 20 750             | 21 875            | 27 151            | -5 275         |
| Refusjon lønn         | -704              | -263               | -563              | -747              | 184            |
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>23 792</b>     | <b>20 487</b>      | <b>21 312</b>     | <b>26 404</b>     | <b>-5 092</b>  |
| Drift                 | 5 113             | 5 187              | 4 567             | 5 557             | -989           |
| Kjøp av produksjon    | 3 878             | 5 844              | 5 719             | 2 717             | 3 001          |
| Overføringer          | 31 039            | 6 733              | 6 749             | 31 431            | -24 682        |
| Finansutgifter        | 1 751             | 1 140              | 1 140             | 1 826             | -686           |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>41 780</b>     | <b>18 905</b>      | <b>18 175</b>     | <b>41 532</b>     | <b>-23 357</b> |
| Brukerbetaling        | -1 294            | -1 561             | -1 561            | -1 563            | 2              |
| Refusjoner            | -31 403           | -6 618             | -6 713            | -31 330           | 24 617         |
| Overføringer          | 0                 | -100               | -100              | 0                 | -100           |
| Finansinntekter       | -879              | -656               | -656              | -1 566            | 909            |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>-33 576</b>    | <b>-8 935</b>      | <b>-9 031</b>     | <b>-34 459</b>    | <b>25 428</b>  |
| <b>Netto resultat</b> | <b>31 996</b>     | <b>30 457</b>      | <b>30 457</b>     | <b>33 477</b>     | <b>-3 020</b>  |

## Kommentar til status økonomi

Sentraladministrasjonen eit meirforbruk på om lag 3 mill. kroner, samanlikna med budsjett.

Rådmannskontoret og Nav sto for dei største meirforbruka både i kroner og i prosent. For rådmannskontoret sin del vart forbruket dobla frå 2023 til 2024. Dette har si forklaring i kostnader i samband med skifte av kommunedirektør og styrking av personalressursen i kommunen.

Nav åleine sto for eit meirforbruk på om lag 3,1 mill. kroner, trass i at forbruket i 2024 var marginalt lågare enn i 2023. Her hadde ein nok ikkje vurdert storleiken på den budsjetterte driftsramma godt nok. Størstedelen av meirforbruket var knytt til sosial stønad, noko som ikkje er så enkelt å budsjettere rett.

## KOSTRA Nøkkeltal

### Kostra-analyse - Sosiale tjenester

|                                                                | Hareid<br>2023 | Hareid<br>2024 | Møre og Romsdal | Kostragruppe<br>01 |
|----------------------------------------------------------------|----------------|----------------|-----------------|--------------------|
| <b>Prioritet</b>                                               |                |                |                 |                    |
| Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger (B) **) | 2 926          | 3 803          | 5 946           | 5 744              |
| <b>Dekningsgrad</b>                                            |                |                |                 |                    |
| Andel av sosialhjelpstilfeller (prosent) (prosent)             | 1,5            | 3,5            | 2,8             | 3,0                |

\*\*) Justert for utgiftsbehov

Ein ser at utgifter til sosiale tenester har auka dei siste åra.

### Kostra-analyse - Adm, styring og fellesutgifter

|                                                          | Hareid<br>2023 | Hareid<br>2024 | Møre og Romsdal | Kostragruppe<br>01 |
|----------------------------------------------------------|----------------|----------------|-----------------|--------------------|
| <b>Prioritet</b>                                         |                |                |                 |                    |
| Administrasjon nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) **) | 3 671          | 4 662          | 4 490           | 4 519              |

\*\*) Justert for utgiftsbehov

Netto driftsutgifter pr innbyggjar har auka frå 2023 til 2024.

## Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

| Investering                    | Budsjett for året |           |                  |                      |            | Kommentar |
|--------------------------------|-------------------|-----------|------------------|----------------------|------------|-----------|
|                                | Rev. bud.         | Rekneskap | Forbruk i % i år | Status Økonomistatus | Avvik i kr |           |
| Fellesutgifter - Læringsportal | 160               | 0         | 0,0 %            | Ikkje vurdert        | 160        |           |
| Sum andre prosjekt             | 0                 | 1 096     | 0,0 %            |                      | -1 096     |           |
| Sum                            | 160               | 1 096     |                  |                      | -936       |           |

## Statustekst investeringar

### Politisk styring og kontroll

#### Beskriving av tenesteområde

I den politiske organisasjonen til kommunen finn du ordførar, varaordførar, utvala og råda. Organisasjonskart og namn på medlemmane ligg under "Politisk og administrativ organisering".

#### Overordna mål

Politisk styring og kontroll skal sikre ei effektiv, tillitskapande og berekraftig forvaltning, der prinsipp om rettstryggleik, openheit og likebehandling vert ivareteke. Gjennom aktiv medverknad og tydelege ansvarsforhold skal kommunen bygge tillit, engasjement og legitimitet i lokalsamfunnet.

#### Utvalde resultat

I 2024 har kommunen vidareført eksisterande tiltak innan politisk styring og kontroll, med mål om å oppretthalde openheit, effektivitet og god sakshandsaming.

#### Viktige hendingar

Kommunen har oppretthalde gode prosessar for oppfølging av vedtak og sikra effektiv gjennomføring av politiske prioriteringar.

#### Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|----------------|----------------|----------------|------------|-----------|
|        |                |                |                |            |           |
| Sum    | 3 056          | 2 948          | 3 000          | 52         | 1,7 %     |

## Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr  |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|-------------|
| Lønn                  | 2 288             | 2 145              | 2 145             | 2 289             | -144        |
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>2 288</b>      | <b>2 145</b>       | <b>2 145</b>      | <b>2 289</b>      | <b>-144</b> |
| Drift                 | 747               | 445                | 325               | 586               | -261        |
| Kjøp av produksjon    | 9                 | 431                | 431               | 80                | 351         |
| Overføringer          | 163               | 110                | 108               | 97                | 11          |
| Finansutgifter        | 6                 | 0                  | 0                 | 13                | -12         |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>925</b>        | <b>985</b>         | <b>863</b>        | <b>775</b>        | <b>88</b>   |
| Brukerbetaling        | -2                | -1                 | -1                | -1                | 0           |
| Refusjoner            | -136              | -10                | -8                | -116              | 108         |
| Finansinntekter       | -20               | 0                  | 0                 | 0                 | 0           |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>-157</b>       | <b>-10</b>         | <b>-8</b>         | <b>-117</b>       | <b>108</b>  |
| <b>Netto resultat</b> | <b>3 056</b>      | <b>3 120</b>       | <b>3 000</b>      | <b>2 948</b>      | <b>52</b>   |

## Kommentar til status økonomi

**Løn: Samla meirforbruk på kr. 143.954,-**

Kommentar: Høgare utbetaling av godtgjersle enn budsjettet.

**Utgifter: Samla mindreforbruk på kr. 87.768,-****Inntekter: Samla meirinntekter på kr. 108.344,-**

Kommentar: føring av inntekter til fellesfyrverkeri.

**Nettoresultat: positivt avvik på kr. 52.158-**

Kommentar: Dette er så nært budsjettbalanse at det i praksis er balanse mellom perioderekneskap og periodebudsjett.

## Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

| Investering        | Budsjett for året |              |                  |                          | Kommentar |
|--------------------|-------------------|--------------|------------------|--------------------------|-----------|
|                    | Rev. bud.         | Rekneskap    | Forbruk i % i år | Økonomistatus Avvik i kr |           |
| Sum andre prosjekt | 0                 | 1 096        | 0,0 %            | -1 096                   |           |
| <b>Sum</b>         | <b>0</b>          | <b>1 096</b> |                  | <b>-1 096</b>            |           |

## Statustekst investeringar

### Rådmannskontor

#### Beskriving av tenesteområde

Rådmannskontoret er ei eiga eining i Sentraladministrasjonen, der kommunedirektør og kontrollar har si organisatoriske tilknytting. Kontrollar vart tilsett i august 2024 og er kommunedirektøren sin viktigaste ressurs i høve budsjettering og økonomioppfølging. Kontrollar jobbar tverrsektorielt og gir også støtte til kommunalsjefar og einingsleiarar.

#### Overordna mål

Rådmannskontoret har i 2024 jobba mot å få betre oversikt over kommuneøkonomien.

#### Utvalde resultat

Rådmannskontoret har jobba mot betre økonomistyring. Det innber mellom anna:

- det er gitt opplæring ute i organisasjonen i økonomisystemet Visma
- det er gitt opplæring ute i organisasjonen i rapporteringsverktøyet Framsikt
- det er blitt tatt i bruk prognosar i månadsrapporteringa
- det er innført tydlege arbeidsoppgåver og fristar i forkant av månadsrapporteringa for å få eit mest mogleg oppdatert rekneskap i rapportane
- fokus på å lage ei realistisk budsjett
- økonomi er sett på dagsorden i dei vekentlege møtane i kommunedirektøren si leiargruppa
- kontrollar jobbar tverrsektorielt og gir også støtte til kommunalsjefar og einingsleiarar.

#### Viktige hendingar

I juni 2024 vart Bent Arild Grytten tilsett ny kommunedirektør. I perioden mars til juni fungerte same person som konstituert kommunedirektør, etter at Ragnhild Velsvik Berge slutta etter nesten ni år i stillinga.

I juli 2024 vart kommunen meld direkte inn i Robek-registeret grunna stort meirforbruk året før. Dette er sjølvstendig ei viktig hending for heile kommunen, men er relevant å melde her, då det sentrale budsjett- og rekneskapsarbeidet vert utført av Sentraladministrasjonen.

Det skal og nemnast at det vart tilsett kontrollar i august 2024. Kontrollaren er organisatorisk knytt til rådmannskontoret, men har og ei viktig rolle i økonomiarbeidet i alle sektorane i kommunen.

Hausten 2024 vart det utført ei stor rydding i einingane sine budsjett. Dei budsjettansvarlege har med dette fått eit betre styringsdokument enn tidlegare. Vi kjem til å halde fram med å forbetre budsjettarbeid og rutinar i tida som kjem.

## Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 1 565             | 3 939             | 3 168             | -771       | -24,3 %   |

## Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr  |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|-------------|
| Lønn                  | 1 606             | 1 483              | 2 733             | 3 619             | -886        |
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>1 606</b>      | <b>1 483</b>       | <b>2 733</b>      | <b>3 619</b>      | <b>-886</b> |
| Drift                 | 455               | 409                | 409               | 293               | 116         |
| Kjøp av produksjon    | 35                | 27                 | 27                | 28                | -1          |
| Overføringer          | 105               | 133                | 84                | 55                | 29          |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>596</b>        | <b>569</b>         | <b>519</b>        | <b>376</b>        | <b>143</b>  |
| Brukerbetaling        | 0                 | 0                  | 0                 | -1                | 1           |
| Refusjoner            | -637              | -133               | -84               | -55               | -29         |
| <b>Sum inntekter</b>  | <b>-637</b>       | <b>-133</b>        | <b>-84</b>        | <b>-56</b>        | <b>-27</b>  |
| <b>Netto resultat</b> | <b>1 565</b>      | <b>1 918</b>       | <b>3 168</b>      | <b>3 939</b>      | <b>-771</b> |

## Kommentar til status økonomi

Avviket handlar om at lønnskostnadene i 2024 vert for høge og at dei andre hovudpostane i rekneskapen ikkje klarer å kompensere dette i særleg grad. Årsaka til det høge meirforbruket på løn er hovudsakleg knytt til ein sluttpakke på lønsområdet, samt ei ny tilsetting med verknad frå august i år. Begge deler basert på politiske avgjerder tidlegare i år.

## Økonomiavdeling

### Beskriving av tenesteområde

Eining 1030 Økonomiavdeling.

Ansaret 1520 Økonomiavdeling har 4,9 årsverk og oppgåver med rekneskap, budsjett, økonomi og intern og ekstern rapportering. Det inkluderer rekneskapsføring og levering av administrative tenester til Hareid Sokn. Oppgåvene med kommunale avgifter og eigedomsskatt ligg også til avdelinga. Etter noko utskifting av personell og vakanse, vart eininga fulltalig igjen i juni 2024.

Ansvara 1150 Revisjon og 8030 Strtlån-utbetringstilskot ligg til eininga.

Eininga har no den naudsynte kompetanse og kapasitet til å utføre sine oppgåver.

## Overordna mål

Overordna mål Økonomiavdeling

- **Reknskapsføring og rapportering:** Økonomiavdelinga er ansvarlig for korrekt reknskapsføring og for å utarbeide reknskapsrapportar som gir eit bilde av kommunen sin økonomiske status. Dette kan inkludere alt frå daglige transaksjonar til periodiske rapportar og årsrekneskapen.
- **Budsjettering og finansiell planlegging:** Økonomiavdelinga skal bidra til å utvikle og overvake budsjettprosessar, sikre at organisasjonen har ein realistisk økonomisk plan for året, og at den held seg innanfor de fastsette rammene. Dette inneber også å overvake og rapportere avvik ved periodiske rapportar.
- **Forbetring av interne prosessar:** Økonomiavdelinga jobbar kontinuerleg med å forbetre interne prosessar for å gjere dei meir effektive og kostnadseffektive, for eksempel gjennom digitalisering og automatisering av reknskapsprosessar.
- **Kontroll og risikostyring:** Ei anna viktig oppgåve er å sikre at kommunen har effektive kontrollmekanismar på plass for å redusere økonomisk risiko. Dette kan inkludere å vurdere og overvake likviditet, investeringar og finansielle risiko som kan påverke organisasjonen.
- **Skatteplanlegging og etterlevelse:** Økonomiavdelinga har ansvaret for at organisasjonen etterlever mva- og skattereglar og -lover.
- **Cash flow management (Likviditetsstyring):** Økonomiavdelinga skal sikre at verksemda har tilstrekkelig likviditet for å oppfylle sine forpliktelsar.
- **Økonomisk analyse og rådgivning:** Økonomiavdelinga fungerer ofte som rådgivar for andre avdelingar og leiinga.
- **Strategisk økonomisk støtte:** Økonomiavdelinga har en viktig rolle i å støtte langsiktig strategisk utvikling.

Samla sett er økonomiavdelinga sitt mål å sikre kommunen sin økonomiske stabilitet, vekst og langsiktige berekraft, samtidig som det vert lagt vekt på effektivitet og etterleving av lover og regler.

## Viktige hendingar

Etter ei periode med erstatning av personale som har slutta, er avdelinga fulltalig igjen frå juni 2024.

## Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 4 350             | 4 886             | 4 463             | -423       | -9,5 %    |

## Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|      | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr |
|------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|------------|
| Lønn | 3 694             | 3 860              | 3 860             | 3 832             | 28         |

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr    |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|---------------|
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>3 694</b>      | <b>3 860</b>       | <b>3 860</b>      | <b>3 832</b>      | <b>28</b>     |
| Drift                 | 1 278             | 759                | 759               | 1 871             | -1 112        |
| Kjøp av produksjon    | 283               | 889                | 889               | 207               | 682           |
| Overføringer          | 160               | 174                | 260               | 319               | -59           |
| Finansutgifter        | 824               | 426                | 426               | 1 700             | -1 274        |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>2 545</b>      | <b>2 248</b>       | <b>2 334</b>      | <b>4 097</b>      | <b>-1 763</b> |
| Brukerbetaling        | -957              | -931               | -931              | -1 216            | 285           |
| Refusjoner            | -268              | -276               | -362              | -319              | -43           |
| Overføringer          | 0                 | -100               | -100              | 0                 | -100          |
| Finansinntekter       | -663              | -338               | -338              | -1 509            | 1 170         |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>-1 888</b>     | <b>-1 646</b>      | <b>-1 731</b>     | <b>-3 043</b>     | <b>1 312</b>  |
| <b>Netto resultat</b> | <b>4 350</b>      | <b>4 463</b>       | <b>4 463</b>      | <b>4 886</b>      | <b>-423</b>   |

### Kommentar til status økonomi

Ansvar 1520 Økonomiavdeling hadde eit meirforbruk på kr 184.000, omlag som varsla. Lønsutgiftene vart omlag som budsjettert, men ordninga med ekstern leverandør av innkrevingstenester vart dyrare enn budsjettert.

Ansvar 8030 Startlån-utbetringstilskot hadde meirforbruk på kr 259.000. Noko overraskande då innbyggjarar som har fått startlån i utgangspunktet skal betale kommunen sine kostnader med ordninga. Men så viser det seg at enkelte har avtale om gunstigare vilkår enn det kommunen klarer å oppnå på desse låna i Husbanken. Med den store auken av startlån dei siste åra, så gjer dette etterkvart ein stor ekstrakostnad for kommunen.

Sum meirforbruk for eininga er kr 423.000.

## Personalavdeling

### Beskriving av tenesteområde

Personal og organisasjonsavdelinga har tre tilsette i heil stilling.

Hareid kommune har omlag 500 tilsette, og 30 leiarar på ulike nivå som vi yter tenester til. I tillegg gir vi tenester til Hareid sokn.

Avdelinga har eit arbeidsområde som blant mykje anna omfattar lønsarbeid, HMS, inkluderande arbeidsliv, permisjonar, tilsettingar, pensjon, forsikringar, fråvær, ekstern rapportering, kommunens arbeidsgivaransvar og samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane.

Vi har faglege nettverk og samarbeid med fleire andre kommunar og KS Møre og Romsdal.

### Overordna mål

Personal- organisasjonsavdelinga skal utvikle og forbetre kommunens funksjon som arbeidsgivar. Utarbeide og vidareutvikle overordna arbeidsgivarpolitikk og konkretisere korleis politikken skal settast ut i praktisk handling i kommunen. Tenestene skal ytast ut frå gjeldande lover, avtaleverk, reglar og føreskrifter som femner om avdelingas arbeids- og tenesteyting.

### Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 3 897             | 3 327             | 3 988             | 661        | 16,6 %    |

### Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|------------|
| Lønn                  | 2 652             | 2 637              | 2 637             | 2 710             | -73        |
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>2 652</b>      | <b>2 637</b>       | <b>2 637</b>      | <b>2 710</b>      | <b>-73</b> |
| Drift                 | 1 142             | 1 496              | 996               | 638               | 358        |
| Kjøp av produksjon    | 242               | 355                | 355               | 103               | 251        |
| Overføringer          | 32                | 124                | 124               | 42                | 83         |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>1 416</b>      | <b>1 974</b>       | <b>1 475</b>      | <b>783</b>        | <b>692</b> |
| Brukerbetaling        | -83               | 0                  | 0                 | -65               | 65         |
| Refusjoner            | -88               | -124               | -124              | -102              | -23        |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>-171</b>       | <b>-124</b>        | <b>-124</b>       | <b>-167</b>       | <b>42</b>  |
| <b>Netto resultat</b> | <b>3 897</b>      | <b>4 488</b>       | <b>3 988</b>      | <b>3 327</b>      | <b>661</b> |

### Kommentar til status økonomi

Personal og organisasjonsavdelinga har eit positivt resultat i 2024.

### Oppsummering tiltak

Høg grad av nærvær og arbeidsmoral. Nøktern drift med stramt budsjett.

### Servicetorg og politisk sekretariat

#### Beskriving av tenesteområde

Servicetorget og politisk sekretariat er på mange måtar navet i Hareid kommune.

Her har vi direktekontakt med både innbyggjarane, tilsette og dei folkevalde. Vi handterer sentralbord, arkiv, innbyggjardialog, koordinera kommunalt beredskapsarbeid, gir støtte til dei folkevalde og er sekretærer i dei folkevalde møta. Vi er sakshandsamarar og har fag- og/eller gjennomføringsansvar for mellom anna val, personvern, internkontroll, digitalisering og kommunikasjon.

Servicetorg og politisk sekretariat yter tenester gitt innanfor rammene av forvaltningslova, arkivlova, offentleglova med fleire og etter interne reglement. Eininga har ved utgangen av 2024 4 fast tilsette i 100% stilling.

## **Overordna mål**

Servicetorg og politisk sekretariat skal vere eit ope, effektivt og kompetent kontaktpunkt for innbyggjarar, folkevalde og kommunale tenester. Vi skal leggje til rette for god innbyggardialog, sikre effektiv sakshandsaming og gi støtte til både folkevalde organ og andre kommunale einingar. Med vekt på digitalisering, arkivutvikling og beredskap, skal vi bidra til at Hareid kommune er godt rusta for framtida.

## **Utvalde resultat**

Trass bemanningsendringar og vakansar har Servicetorg og politisk sekretariat oppretthalde stabil drift og levert viktige tenester til innbyggjarar, folkevalde og kommunale einingar. Ein ny tilsett kom inn, og ein ny leiar er tilsett med oppstart i 2025. Sjølv med avgrensa kapasitet har ein sikra god innbyggardialog, gjennomført politiske møte på ein tilfredsstillande måte og halde oppe kvaliteten i sakshandsaming og arkivarbeid.

Sjølv om stillinga som digitaliseringsansvarleg har vore vakant, har avdelinga vidareført digitaliseringsarbeidet etter beste evne. Manglande kapasitet har avgrensa framdrifta, men sikring av midlar til ei mellombels stilling i 2025 vil betre situasjonen.

Overtakinga av ansvaret som beredskapskoordinator har vore ei prioritert oppgåve, særleg med tanke på det komande tilsynet i 2025. Koordinator har kartlagt status for beredskap og identifisert forbedringsområde, samtidig som arbeidet har bidrege til eit meir strukturert beredskapsarbeid.

## **Viktige hendingar**

I 2024 gjennomgjekk Servicetorg og politisk sekretariat store endringar i bemanninga, då tre av seks tilsette, inkludert leiaren, slutta i løpet av året. Dette førte til utfordringar med kapasitet og kontinuitet, men ein ny tilsett kom inn, og ein ny leiar er tilsett med oppstart i januar 2025. Digitaliseringsansvarleg slutta vinteren 2024, og stillinga vart ikkje lyst ut, noko som førte til at fleire av oppgåvene måtte fordelast internt. Likevel har avdelinga ikkje kapasitet til å dekke alle oppgåvene, og det er derfor sett av midlar til ei mellombels stilling som digitaliseringsansvarleg i 2025.

I løpet av året fekk avdelinga også ansvaret for beredskapskoordinering, noko som har vore ei prioritert oppgåve. Hareid kommune får tilsyn i starten av 2025, og det er allereie klart at tilsynet vil avdekkje avvik. Det har difor vore viktig å arbeide systematisk for å styrke beredskapsarbeidet. Samtidig er det understreka at beredskapskoordinatoren fungerer som ein koordinator, medan ansvaret for beredskap ligg hos alle sektorane i kommunen.

Avdelinga har også delteke i eit interkommunalt arkivprosjekt saman med Herøy, Sande, Ulstein, Volda og Ørsta kommunar samt SSIKT. Målet med prosjektet er å etablere eit sterkare fagmiljø for arkiv utan å samlokalisere personale. Vidare ser ein på moglegheitene for meir automatisering av arkivarbeidet, der kunstig intelligens kan bli eit nyttig verktøy for å effektivisere prosessane og sikre god dokumenthandtering.

## Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 5 857             | 5 214             | 5 831             | 617        | 10,6 %    |

## Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|------------|
| Lønn                  | 4 358             | 4 820              | 4 695             | 4 050             | 644        |
| Refusjon lønn         | 10                | 0                  | -300              | -300              | 0          |
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>4 368</b>      | <b>4 820</b>       | <b>4 395</b>      | <b>3 750</b>      | <b>644</b> |
| Drift                 | 1 040             | 1 138              | 1 138             | 1 475             | -336       |
| Kjøp av produksjon    | 727               | 730                | 605               | 313               | 292        |
| Overføringer          | 106               | 195                | 139               | 93                | 46         |
| Finansutgifter        | 0                 | 53                 | 53                | 0                 | 53         |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>1 874</b>      | <b>2 117</b>       | <b>1 936</b>      | <b>1 881</b>      | <b>55</b>  |
| Brukerbetaling        | -234              | -173               | -173              | -280              | 107        |
| Refusjoner            | -151              | -330               | -274              | -138              | -135       |
| Finansinntekter       | 0                 | -53                | -53               | 0                 | -53        |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>-385</b>       | <b>-556</b>        | <b>-500</b>       | <b>-418</b>       | <b>-82</b> |
| <b>Netto resultat</b> | <b>5 857</b>      | <b>6 381</b>       | <b>5 831</b>      | <b>5 214</b>      | <b>617</b> |

## Kommentar til status økonomi

Løn: Samla mindreforbruk på kr 644.428 grunna vakanse og intern konstituering.

Utgifter: Samla mindreforbruk på kr 54.584. I balanse.

Inntekter: Samla mindreinntekter på kr - 81.802.

Nettoresultat: positivt avvik på kr 617.208.

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

| Investering     | Budsjett for året |           |                  |                      |            | Kommentar |
|-----------------|-------------------|-----------|------------------|----------------------|------------|-----------|
|                 | Rev. bud.         | Rekneskap | Forbruk i % i år | Status Økonomistatus | Avvik i kr |           |
| Fellesutgifter  | 160               | 0         | 0,0 %            | Ikkje vurdert        | 160        |           |
| - Læringsportal |                   |           |                  |                      |            |           |
| Sum             | 160               | 0         |                  |                      | 160        |           |

Statustekst investeringar

Digitalisering og kontrakt

Beskriving av tenesteområde

Digitalisering og kontrakt er ei eining der i 2024 vart bokført inn ein andel av IT-kostnader fra SSIKT basert på gamle fordelingsnøklar. Tidlegare år har det vore knytt personar til eininga, og det var då naturleg å føre ein andel av IT-kostnader og lisensar hit.

Overordna mål

Eininga har kun vore brukt til IT-kostandar og lisensar i 2024.

Utvalde resultat

Ingen spesielle hendingar i 2024.

Viktige hendingar

Ingen spesielle hendingar i 2024.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|----------------|----------------|----------------|------------|-----------|
| Sum    | -59            | 63             | 8              | -55        | -710,8 %  |

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr  |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|-------------|
| Drift                 | 15                | 18                 | 18                | 10                | 8           |
| Kjøp av produksjon    | 71                | 70                 | 70                | 53                | 17          |
| Overføringer          | 4                 | 20                 | 5                 | 0                 | 5           |
| Finansutgifter        | 0                 | 250                | 250               | 0                 | 250         |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>89</b>         | <b>358</b>         | <b>343</b>        | <b>63</b>         | <b>280</b>  |
| Refusjoner            | -149              | -20                | -85               | 0                 | -85         |
| Finansinntekter       | 0                 | -250               | -250              | 0                 | -250        |
| <b>Sum inntekter</b>  | <b>-149</b>       | <b>-270</b>        | <b>-335</b>       | <b>0</b>          | <b>-335</b> |
| <b>Netto resultat</b> | <b>-59</b>        | <b>88</b>          | <b>8</b>          | <b>63</b>         | <b>-55</b>  |

### Kommentar til status økonomi

Digitalisering og kontrakt er ei eining der i 2024 vart bokført inn ein andel av IT-kostnader fra SSIKT basert på gamle fordelingsnøklar. Tidlegare år har det vore knytt personar til eininga, og det var då naturleg å føre ein andel av IT-kostnader og lisensar hit.

### NAV-kommune

#### Beskriving av tenesteområde

NAV leverer arbeidsretta brukaroppfølging og sosiale tenester til innbyggjarane i kommunane Hareid, Ulstein og Sande. Dette inkluderer IPS og Arbeid med støtte. IPS er organisert i NAV Hareid-Ulstein-Sande og yter også tenester i Herøy og Vanylven i samarbeid med NAV Herøy-Vanylven.

#### Overordna mål

Nav-kontoret arbeider for å betre levekåra til vanskelegstilte gjennom å auke arbeidsdeltaking, inkludering og levere gode og forsvarlege tenester etter sosialtenestelova.

#### Utvalde resultat

Nav-kontoret har god måloppnåing på dei arbeidsretta indikatorane. Her leverer Nav-kontoret heilt i toppsjiktet i fylket. Mange har fått bistand til å kome seg i arbeid. Utbetalingane på sosialhjelp er framleis stabilt høge, og vart på 10,2 millionar som er same nivå som i 2023. Auka kostnader i samfunnet i kombinasjon med stort mottak av flyktningar er hovudårsakene til dette.

#### Viktige hendingar

I 2024 kom det opp eit ønske blant kommunane Hareid, Ulstein, Sande, Herøy og Vanylven om å greie ut moglegheitene for å etablere eit nytt felles nav-kontor i dei 5 kommunane. Det vart oppretta styringsgruppe og utarbeidd eit saksframlegg for behandling i kommunestyra. Det vart vedteke å opprette Nav ytre Søre Sunnmøre frå 01.01.25 med Hareid som vertskommune for samarbeidet. Dette var eit omfattande arbeid som dei tilsette i både Nav Hareid-Ulstein-Sande og Nav Herøy-Vanylven aktivt deltok i.

#### Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 13 330            | 13 100            | 10 000            | -3 101     | -31,0 %   |

### Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr     |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|----------------|
| Lønn                  | 9 898             | 5 805              | 5 805             | 10 650            | -4 845         |
| Refusjon lønn         | -715              | -263               | -263              | -447              | 184            |
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>9 183</b>      | <b>5 542</b>       | <b>5 542</b>      | <b>10 203</b>     | <b>-4 661</b>  |
| Drift                 | 436               | 923                | 923               | 684               | 239            |
| Kjøp av produksjon    | 2 511             | 3 342              | 3 342             | 1 933             | 1 409          |
| Overføringer          | 30 469            | 5 977              | 6 029             | 30 825            | -24 796        |
| Finansutgifter        | 920               | 411                | 411               | 114               | 297            |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>34 336</b>     | <b>10 654</b>      | <b>10 706</b>     | <b>33 556</b>     | <b>-22 850</b> |
| Brukerbetaling        | -18               | -456               | -456              | -1                | -456           |
| Refusjoner            | -29 975           | -5 725             | -5 777            | -30 601           | 24 824         |
| Finansinntekter       | -196              | -15                | -15               | -57               | 42             |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>-30 190</b>    | <b>-6 196</b>      | <b>-6 248</b>     | <b>-30 659</b>    | <b>24 411</b>  |
| <b>Netto resultat</b> | <b>13 330</b>     | <b>10 000</b>      | <b>10 000</b>     | <b>13 100</b>     | <b>-3 101</b>  |

### Kommentar til status økonomi

Rekneskapen viser eit meirforbruk på kr 3,3 millionar. Dette skuldast i hovudsak større utbetalingar på stønadsordningane enn budsjettet. Ser ein bort i frå stønadsordningane er resultatet svakt positivt.

### Læring og kultur

#### Beskriving av tenestoområde

Hareid kommune har tre kommunale barnehagar, tre kommunale barneskular, ein ungdomsskule, musikk- og kulturskule og ressurscenter. Alle desse har ein einingsleiar (rektor og styrar) med fag-, personal- og økonomiansvar. Einingsleiarane rapporterer til kommunalsjef for sektor for læring og kultur.

Hareid kommune som barnehagemyndigheit har også tilsyns- og rettleiingsansvar for dei kommunale og den private barnehagen Nordlandia Holstad, samt ansvar for å gjere vedtak og finansiere spesialpedagogiske tiltak i barnehagane. Rådgjevar skule har ansvar for å gjere vedtak for spesialundervisning i Brandal friskule.

Etter endringar i barnehagelova har barn med nedsett funksjonsevne rett til enkeltvedtak om ressursar etter barnehagelova §37. Desse midlane kan barnehagane/føresette søkje kommunen om. Hareid kommune har eit godt samarbeid med den private barnehagen, det er etablerte faste samarbeidsfora (styrarmøte). Både den private barnehagen og friskulen er tilknytt det faglege samarbeidet og utviklingsarbeidet som går føre seg i sektoren og i Sjusterna.

Pr 15.12.24 var det 260 born i barnehagane i Hareid og 700 elevar i grunnskulen.

## Overordna mål

### Høg kompetanse, men litt svake resultat

Kompetansen i sektoren er høg, og dei tilsette legg vekt på å gi gode og føreseielege tenester. Nasjonale normer for tettleiken av pedagogar i barnehagane og lærarar i skulane er styrande for talet på årsverk i den store delen av sektoren. I tillegg kjem krav om forsvarleg drift og at alle skal ha utbyte av opplæringa i skulen og eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø..

Helst ønskjer ein seg eit tilbod i all opplæring som er slik at den treff alle og at alle får eit best mogeleg utbyte av den. Med litt svake resultat i det meste av Nasjonale prøver, grunnskulepoeng og sentralt gitt eksamen, er vi ikkje heilt der no, men sektoren har starta eit arbeid for å kome dit.

### Prioritere støttefunksjonar, kompetanseheving og læringsmiljø

Sektoren har siste åra opplevd ein auke i talet på barn med ulike individuelle og komplekse behov og utfordringar, elevar og heimar som treng støtte og rettleiing, uromeldingar til barnevernet og eit høgare tal på elevar med urovekkande høgt skulefråvær og mange elevar med framanadspråkleg bakgrunn. Samfunnet endrar seg. Det vert stilt meir krav til kva og kor mykje «det offentlege» skal levere, og vi ser at det vert behov for meir og meir tilrettelegging, individuell oppfølging og fleire samhandlingsmøte.

Til saman gir dette sektoren store økonomiske utfordringar og delvis nye og auka utfordringar med å heile tida ha rett og god nok fagleg kompetanse på område ein tradisjonelt ikkje har vore like involverte.

For å møte desse endringane meiner sektoren at det i dei økonomisk krevjande tidene kommunen er inne i er særleg viktig å verne om kritiske støttefunksjonar, som vidareføring av Støttande team, eit sterkt fokus psykisk helse og ei generell kompetanseheving og kapasitetsbygging internt i sektoren på feltet.

Samhandlinga som går føre seg mellom sektorane gjennom Støttande team og samarbeidsforumet for barn og unge bør utvidast og styrkast med kompetanse og stillingsheimlar, slik at både sektoren og kommunen i framtida kan klare å ha fokus på førebygging og tidleg innsats/intensiv opplæring framfor reparasjon, psykisk uhelse og store utgifter knytt til dette. Det pågår eit arbeid inn mot trygt og godt barnehage- og skulemiljø.

Sektoren ser den tidlegare og noverande satsinga på psykisk helse og psykisk helse-pedagogikk i samanheng med ei ny satsing på ein meir tilpassa, praktisk og livsnær skule i tråd med stortingsmelding 34 (2023-2024). Til saman utgjer dette eit utvida syn på læringsmiljø og ei ny, samla og kraftfull satsing på avgjerande område for born, unge og vaksne i sektoren sin trivsel, motivasjon og kjensle av meistring.

Den pågåande kompetansehevinga i skulen på lesing held fram og i barnehagen gjer ein det same med utviklingsarbeid med språk og lek og alternativ supplerande kommunikasjon (ASK). Ordninga vert tildelt midlar frå Statsforvaltaren for å gjennomføre utviklingsarbeidet.

### Skulane i Hareid har hatt desse målsetjingane for 2024 og dei neste åra i utviklingsarbeidet:

- Språk og lesing, grunnleggande kompetanse og tilpassa opplæring for å sikre meistring

- Gradvis implementere ny opplæringslov knytt til inkluderande praksis, tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging, intensiv opplæring og barns beste prinsipp.
- Utarbeide og arbeide etter planar kring bekymringsfullt skulefråvær, Trygt og godt skulemiljø og barns beste prinsipp knytt til ny opplæringslov. Setje planar i læring og kultur i system med BTS modellen og Barn og unges helsetenester. Samskape/implementere og kompetanseheve.
- IKT utvikling, kontinuerleg

Det er teljingar og forteljingar ute i skulane som ligg til grunn for desse målområda.

## Utvalde resultat

### Maglande stabilitet i leiinga av sektoren

Sektor for læring og kultur på Hareid har dei siste åra vore preg av manglande stabilitet i leiinga av sektoren, noko som særleg har gått ut over økonomistyring og ført til slitasje på einingsleiarane. Samtidig har likevel stabiliteten og uthaldet til einingsleiarane, fagrådgevarane på rådhuset, støttetenestene og medarbeidarane ute i einingane, ført til at sektoren har levert gode tenester.

I 2024 var det særleg vår-halvåret som bar preg av manglande styring, oversikt og prioriteringar i sektoren. Overforbruket vart stort i løpet av kort tid, grunna manglande tilpassingar av drifta etter budsjetta, der særleg lønskostnadene peikar seg ut som svært høge.

### Meirforbruk og tiltak

Allereie i juni hadde sektoren opparbeidd seg eit samla negativt, periodisert avvik på 21,5 millionar. I tillegg hadde sektoren eit høgt sjukefråvær, med eit snitt på 8,9% dei første 6 månadane.

Hausten 2024 kravde mykje av medarbeidarane i sektoren, med raske tilpassingar til eit nytt driftsnivå i ein krevjande økonomisk situasjon.

Sektoren innførte innstrammingar i vikarbruken, tok ned talet tidsavgrensa stillingar og starta prosessar kring fjerning av betalt matpause, ny forskrift for skulefritidsordninga og reduksjon av stillingar knytt opp til arbeidsoppgåver som ikkje er lovpålagde.

Nokre av tiltaka fekk effekt allereie i 2024, men er forventa å ha størst effekt frå siste halvdel av 2025. Sektoren fekk redusert tempoet på overforbruket dei siste månadane av året og enda på eit negativt avvik på 28 millionar.

Åleine på lønskostnadene fekk sektoren ned snittet på lønskostnadene med 625 000 pr. måned i november og desember, samanlikna med dei første 10 månadane av året. Ein hadde også eit langt lågare sjukefråvær enn i vårhalvåret, med eit snitt på 6,58% i august-desember.

### Høge kostnader som står att

Utfordringar som gjer det vanskeleg å redusere kostnader i dei kommunale barnehagane er knytt til bemannings- og pedagognorm og barnehagestruktur. I kommunestyremøte 12.12.2024 vedtok kommunestyret å be sektoren legge fram sak om barnehagestruktur i løpet av første halvår 2025.

Sektoren har uforholdsmessig store utgifter til kjøp av tenester frå andre kommunar og private. Det gjeld for det meste:

- kjøp av pp-tenester frå det interkommunale tilbodet i Ulsteinvik
- kjøp av barnevernstenester frå det interkommunale tilbodet i Volda
- helsetenester frå nabokommunar for barn under omsorg der
- kjøp av barnehageplassar i nabokommunar, privat og kommunalt
- kjøp av elevplassar og utgifter til spesialundervisning på privatskule

Sektoren arbeider etter mål og satsingar og gjer prioriteringar ein meiner vil redusere utgiftene på desse punkta i åra som kjem.

IKT området:

Etter at kommunedirektørgruppa i Sjustjerneområdet har bestemt at vi som kommune skal gå for M365 har sektoren fått store utfordringar på IKT området. Ipad i barneskulen vil ha rundt 80-90% av maskinparken som ikkje vil fungere i det nye M365 systemet i løpet av kort tid. Ein er avhengig av nyare oppdateringar for at appane skal fungere, og Ssikt har gitt tydleg beskjed om at vi må ha nyinnkjøp. Chromebook på ungdomsskulen har også eit trinn som vil stå utan maskiner til hausten grunna slitasje og oppdateringar med gammal maskinpark. Erfaring viser at CB har ei levetid på ca 3 år. Sist Hareid hadde satsing på dette området var i 2017 og det vert dei neste åra viktig at dette vert prioritert. Mange klasserom i skulane har ikkje skjermar enno. Det er eit stort etterslep på området.

## Viktige hendingar

### Ny opplæringslov

Frå 1. august 2024 tok ny opplæringslov, med forskrift til å gjelde. Den fører med seg fleire endringar for skulane og sektoren.

Mange endringar gjeld omgrepsbruken. Tredelinga i individuelt tilrettelagd opplæring, personleg assistanse og fysisk tilrettelegging, av det som tidlegare vart kalla spesialundervisning, er ei endring. Tidleg innsats skal no omtalast som intensiv opplæring.

Vidare har det også kome endringar som styrkjer omsynet til eleven sitt beste, eleven si stemme og deira rett til medverknad. Skulane får også eit styrkt ansvar for å følgje opp fråvær, men også auka fridom og fleksibilitet i fag- og timefordelinga.

### Gratis kjernetid i skulefritidsordninga

Regjeringa utvida ordninga med gratis kjernetid på 12 timar SFO til også å gjelde elevar i 3. klasse, frå 1. august 2024. Dette har vært økonomisk svært kravande for skulane med SFO, da rammeoverføringane

frå staten ikkje samsvarer med de reelle utgiftene gratistilbodet har. Saman med kravet i ny opplæringslov om utarbeiding av lokal forskrift for sfo, har dette ført til at sektoren i 2024 måtte sende ut på høyring eit framlegg til forskrift for sfo med store innstrammingar i ordinær opningstid og ferieopen barnehage. Ein la også opp til ein stor auke i brukarbetalingane for ordninga.

### Nettverk på tvers av skular både på lærar og assistentnivået

Vi har hatt fleire nettverk på tvers av skular tysdagar i utviklingstid for lærarar og på ettermiddag for fagarbeidar/assistentnivået. Høgskulen i Volda har vore med oss i delar av dette arbeidet knytt til språk, lesing, inkludering og tilpassa opplæring i den desentraliserte kompetanseutviklinga. Den desentraliserte kompetanseutviklinga sitt mål er at Høgskulen skal lære av praksisfeltet og praksisfeltet av Høgskulen. Ei gruppe av rådgjevar, ressurslærarar og rektorar har planlagt desse samlingane i partnerskap med Høgskulen.

Vi har også hatt kommunale nettverk på tvers knytt til implementering av ny opplæringslov kapittel 10-11-12. Dette har vore fagnettverk der lærarar har drøfta problemstillingar og deling av undervisningsopplegg. Ei gruppe av rådgjevar, ressurslærarar og rektorar har planlagt desse samlingane saman. I tillegg starta vi eit kompetansearbeid kring psykisk helsepedagogikk som går mest inn i 2025.

I ressursgrupper har vi starta arbeidet med å lage ein ny handlingsplan knytt til Trygt og godt skulemiljø og Kartlegging og tiltaksplanen til skulane har fått ei fornying. Vi har ei utprøvingsperiode skuleåret 2024-2025.

### Nettverk på tvers av rektorar og styrarar

Sjusstjerna har i fellesskap leiarutvikling halvårleg knytt til samlingar i Loen og også noko oppfylging direkte mot kommune. Der har fokuset vore på myndiggjerande leiing knytt til laget rundt barna. Desse samlingane har også vore ein del av den desentraliserte kompetanseutviklinga, den regionale kompetanseutviklinga og Kompetanseløft som er i partnerskap med Høgskulen i Volda. PPT er også ein del av dette arbeidet.

### Ny stabilitet i leiinga av sektoren

2024 har, som 2023 og til dels 2022, vore prega av stort fråvær og gjennomtrekk i sentrale stillingar. I løpet av sommaren og hausten 2024 har dette betra seg mykje og stabilisert leiinga av sektoren. I juli tilsette kommunedirektøren ny kommunalsjef for sektoren, i november tilsette ny kommunalsjef ny rådgjevar for barnehage og i desember vart konstituert rådgjevar for skule tilsett i fast stilling.

### Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining              | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---------------------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| 2000-Oppvekstkontor | 30 753            | 34 648            | 31 370            | -3 278     | -10,4 %   |
| 2010-Bigset skule   | 11 052            | 10 973            | 10 151            | -822       | -8,1 %    |
| 2030-Hareid skule   | 35 694            | 36 082            | 25 240            | -10 842    | -43,0 %   |

| Eining                             | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr     | Avvik i %      |
|------------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|----------------|----------------|
| 2040-Hjørungavåg skule             | 12 065            | 11 917            | 9 523             | -2 394         | -25,1 %        |
| 2050-Hareid ungdomsskule           | 33 898            | 36 252            | 24 252            | -12 000        | -49,5 %        |
| 2080-Hareid musikk- og kulturskule | 2 839             | 3 116             | 2 654             | -462           | -17,4 %        |
| 2700-Ressurssenteret               | -10 449           | -15 706           | -11 020           | 4 686          | 42,5 %         |
| 2810-Bigset barnehage              | 10 673            | 10 018            | 8 412             | -1 606         | -19,1 %        |
| 2830-Hareid barnehage              | 4 454             | 4 095             | 4 478             | 383            | 8,6 %          |
| 2850-Syverplassen barnehage        | 10 442            | 10 064            | 9 786             | -278           | -2,8 %         |
| 3220-Barnevern                     | 19 017            | 18 133            | 16 725            | -1 408         | -8,4 %         |
| <b>Sum</b>                         | <b>160 439</b>    | <b>159 592</b>    | <b>131 572</b>    | <b>-28 020</b> | <b>-21,3 %</b> |

## Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr     |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|----------------|
| Lønn                  | 147 859           | 134 882            | 134 882           | 152 275           | -17 393        |
| Refusjon lønn         | -7 625            | -8 851             | -8 851            | -8 435            | -415           |
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>140 235</b>    | <b>126 031</b>     | <b>126 031</b>    | <b>143 840</b>    | <b>-17 809</b> |
| Drift                 | 15 342            | 7 460              | 9 260             | 11 887            | -2 627         |
| Kjøp av produksjon    | 31 046            | 26 221             | 47 533            | 53 830            | -6 298         |
| Overføringer          | 24 348            | 23 789             | 2 888             | 2 142             | 746            |
| Finansutgifter        | 0                 | 0                  | 0                 | 541               | -541           |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>70 736</b>     | <b>57 470</b>      | <b>59 681</b>     | <b>68 400</b>     | <b>-8 719</b>  |
| Brukerbetaling        | -10 825           | -8 853             | -8 853            | -7 787            | -1 065         |
| Refusjoner            | -13 068           | -39 331            | -18 912           | -8 373            | -10 539        |
| Overføringer          | -26 514           | -5 270             | -26 100           | -36 313           | 10 213         |
| Finansinntekter       | -124              | -276               | -276              | -175              | -101           |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>-50 531</b>    | <b>-53 730</b>     | <b>-54 141</b>    | <b>-52 648</b>    | <b>-1 492</b>  |
| <b>Netto resultat</b> | <b>160 439</b>    | <b>129 771</b>     | <b>131 572</b>    | <b>159 592</b>    | <b>-28 020</b> |

## Kommentar til status økonomi

### Maglande stabilitet i leiinga av sektoren

Sektor for læring og kultur på Hareid har dei siste åra vore preg av manglande stabilitet i leiinga av sektoren, noko som særleg har gått ut over økonomistyring og ført til slitasje på einingsleiarane. Samtidig har likevel stabiliteten og uthaldet til einingsleiarane, fagrådgevarane på rådhuset, støttetenestene og medarbeidarane ute i einingane, ført til at sektoren har levert gode tenester.

I 2024 var det særleg vår-halvåret som bar preg av manglande styring, oversikt og prioriteringar i sektoren. Overforbruket vart stort i løpet av kort tid, grunna manglande tilpassingar av drifta etter budsjetta, der særleg lønskostnadene peikar seg ut som svært høge.

### Meirforbruk og tiltak

Allereie i juni hadde sektoren opparbeidd seg eit samla negativt, periodisert avvik på 21,5 millionar. I tillegg hadde sektoren eit høgt sjukefråvær, med eit snitt på 8,9% dei første 6 månadane.

Hausten 2024 kravde mykje av medarbeidarane i sektoren, med raske tilpassingar til eit nytt driftsnivå i ein krevjande økonomisk situasjon.

Sektoren innførte innstrammingar i vikarbruken, tok ned talet tidsavgrensa stillingar og starta prosessar kring fjerning av betalt matpause, ny forskrift for skulefritidsordninga og reduksjon av stillingar knytt opp til arbeidsoppgåver som ikkje er lovpålagde.

Nokre av tiltaka fekk effekt allereie i 2024, men er forventa å ha størst effekt frå siste halvdel av 2025. Sektoren fekk redusert tempoet på overforbruket dei siste månadane av året og enda på eit negativt avvik på 27,5 millionar.

Åleine på lønskostnadene fekk sektoren ned snittet på lønskostnadene med 625 000 pr. måned i november og desember, samanlikna med dei første 10 månadane av året. Ein hadde også eit langt lågare sjukefråvær enn i vårhalvåret, med eit snitt på 6,58% i august-desember.

### **Høge kostnader som står att**

Utfordringar som gjer det vanskeleg å redusere kostnader i dei kommunale barnehagane er knytt til bemannings- og pedagognorm og barnehagestruktur. I kommunestyremøte 12.12.2024 vedtok kommunestyret å be sektoren legge fram sak om barnehagestruktur i løpet av første halvår 2025.

Sektoren har uforholdsmessig store utgifter til kjøp av tenester frå andre kommunar og private. Det gjeld for det meste:

- kjøp av pp-tenester frå det interkommunale tilbodet i Ulsteinvik
- kjøp av barnevernstenester frå det interkommunale tilbodet i Volda
- helsetenester frå nabokommunar for barn under omsorg der
- kjøp av barnehageplassar i nabokommunar, privat og kommunalt
- kjøp av elevplassar og utgifter til spesialundervisning på privatskule

Sektoren arbeider etter mål og satsingar og gjer prioriteringar ein meiner vil redusere utgiftene på desse punkta i åra som kjem.

IKT området:

Etter at kommunedirektørgruppa i Sjustjerneområdet har bestemt at vi som kommune skal gå for M365 har sektoren fått store utfordringar på IKT området. Ipad i barneskulen vil ha rundt 80-90% av maskinparken som ikkje vil fungere i det nye M365 systemet i løpet av kort tid. Ein er avhengig av nyare oppdateringar for at appane skal fungere, og Ssikt har gitt tydleg beskjed om at vi må ha nyinnkjøp. Chromebook på ungdomsskulen har også eit trinn som vil stå utan maskiner til hausten grunna slitasje og oppdateringar med gammal maskinpark. Erfaring viser at CB har ei levetid på ca 3 år. Sist Hareid hadde satsing på dette området var i 2017 og det vert dei neste åra viktig at dette vert prioritert. Mange klasserom i skulane har ikkje skjermar enno. Det er eit stort etterslep på området.

### **KOSTRA Nøkkeltal**

#### **Kostra-analyse - Grunnskole**

## Sentrale kapittel2024

|                                                                     | Hareid<br>2023 | Hareid<br>2024 | Møre og Romsdal | Kostragruppe<br>01 |
|---------------------------------------------------------------------|----------------|----------------|-----------------|--------------------|
| <b>Prioritet</b>                                                    |                |                |                 |                    |
| Netto driftsutgifter per innbygger (213) voksenopplæring (B) **)    | 621            | 1 333          | 509             | 345                |
| Netto driftsutgifter per innbygger (215) skolefritidstilbud (B) **) | 565            | 735            | 636             | 615                |
| Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger **)        | 14 546         | 14 483         | 14 114          | 14 318             |
| <b>Produktivitet</b>                                                |                |                |                 |                    |
| Netto driftsutgifter til SFO per innbygger (kr) **)                 | 502,0          | 735,3          | 635,7           | 614,6              |
| <b>Grunnlagsdata (Nivå 3)</b>                                       |                |                |                 |                    |
| Antall deltakere i voksenopplæring                                  | 21             | 25             | 584             | 303                |
| Antall elever                                                       | 714            | 677            | 31 374          | 32 715             |
| Antall elever i kommunal SFO                                        | 155            | 163            | 8 506           | 8 290              |

\*\*) Justert for utgiftsbehov

Talet på elever har fått litt ned samanlikna med 2023. Ein ser at netto driftsutgifter pr innbyggjar til grunnskule har auka dei siste åra.

### Kostra-analyse - Barnevern

|                                                      | Hareid<br>2023 | Hareid<br>2024 | Møre og Romsdal | Kostragruppe<br>01 |
|------------------------------------------------------|----------------|----------------|-----------------|--------------------|
| <b>Prioritet</b>                                     |                |                |                 |                    |
| Barnevern nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) **)  | 3 387          | 3 243          | 2 669           | 3 124              |
| <b>Dekningsgrad</b>                                  |                |                |                 |                    |
| Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år | 5,6 %          | 6,1 %          | 3,7 %           | 3,8 %              |

\*\*) Justert for utgiftsbehov

Utgiftene til barnevern har gått litt ned samanlikna med 2023. Ein ser at born med undersøkelse har auka i %, medan antal born som er plassert har gått ned.

### Kostra-analyse - Barnehage

|                                                     | Hareid<br>2023 | Hareid<br>2024 | Møre og Romsdal | Kostragruppe<br>01 |
|-----------------------------------------------------|----------------|----------------|-----------------|--------------------|
| <b>Prioritet</b>                                    |                |                |                 |                    |
| Barnehage nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) **) | 10 433         | 11 145         | 11 349          | 11 311             |

## Sentrale kapittel2024

|                                                             |        |        |        |        |
|-------------------------------------------------------------|--------|--------|--------|--------|
| Netto driftsutgifter pr. innbygger til<br>Barnehage (B) **) | 10 433 | 11 145 | 11 349 | 11 311 |
| <b>Produktivitet</b>                                        |        |        |        |        |
| Barn i barnehage (antall)                                   | 268    | 260    | 13 048 | 12 916 |

\*\*) Justert for utgiftsbehov

Ein ser at netto driftsutgifter til barnehage har auka dei siste åra.

## Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

| Investering                                                     | Budsjett for året |              |                  |                      |                   | Kommentar                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |
|-----------------------------------------------------------------|-------------------|--------------|------------------|----------------------|-------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                                                 | Rev. bud.         | Rekneskap    | Forbruk i % i år | Status Økonomistatus | Avvik i kr        |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |
| Digitale tavler i alle klasserom                                | 450               | 347          | 77,0 %           | Iht. plan            | Mindreforbruk 103 | Investeringsramma på 450 000,- var sett på grunnlag av innkjøp av 10 interaktive skjermer og tidlegare erfaringar på pris. Kommunen er ikkje knytt til innkjøpsavtale for slikt utstyr. Ved utarbeiding av konkurransegrunnlag og innhenting av tilbod frå 3 aktørar, endte sektoren opp med eit mindreforbruk på 105 000,- på prosjektet. |
| Læring og kultur - Bord og stolar til avdelingane i barnehagane | 280               | 359          | 128,0 %          | Ferdig               | Merforbruk -79    | Her har ein eit overforbruk på 78 500,- Det kan sjå ut til å skuldast at ein ikkje har teke høgd for meirverdiavgifta når ein har berekna storleiken på innkjøpa.                                                                                                                                                                          |
| Læring og kultur - IKT-utstyr/digitale læremiddel               | 425               | 465          | 109,3 %          | Iht. plan            | Merforbruk -40    | Investeringsprosjektet gjekk noko ut over rammene på 425 000,- med eit forbruk, fordelt på skulane, på 465 000,- Meirforbruket skuldast i hovudsak manglande styring og koordinering av investeringa frå kontoret på læring og kultur, våren 2024.                                                                                         |
| Læring og kultur - Klasseromsett pultar/stolar 30 stk           | 250               | 0            | 0,0 %            | Ikkje vurdert        | 250               |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |
| Læring og kultur - Wifi Hjørungavåg skule                       | 100               | 0            | 0,0 %            | Ferdig               | Mindreforbruk 100 |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |
| <b>Sum</b>                                                      | <b>1 505</b>      | <b>1 170</b> |                  |                      | <b>335</b>        |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |

## Statustekst investeringar

### Digitale tavler i alle klasserom

Investeringsramma på 450 000,- var sett på grunnlag av innkjøp av 10 interaktive skjermer og tidlegare erfaringar på pris. Kommunen er ikkje knytt til innkjøpsavtale for slikt utstyr. Ved utarbeiding av konkurransegrunnlag og innhenting av tilbod frå 3 aktørar, endte sektoren opp med eit mindreforbruk på 105 000,- på prosjektet.

### Læring og kultur - Bord og stolar til avdelingane i barnehagane

Her har ein eit overforbruk på 78 500,- Det kan sjå ut til å skuldast at ein ikkje har teke høgd for meirverdiavgifta når ein har berekna storleiken på innkjøpa.

### Læring og kultur - IKT-utstyr/digitale læremiddel

Investeringsprosjektet gjekk noko ut over rammene på 425 000,- med eit forbruk, fordelt på skulane, på 465 000,- Meirforbruket skuldast i hovudsak manglande styring og koordinering av investeringa frå kontoret på læring og kultur, våren 2024.

## Oppvekstkontor

### Beskriving av tenesteområde

Leiinga ved sektor for læring og kultur har vore prega av stort frávær og og utskiftingar dei siste tre ára.

I løpet av sommaren og hausten 2024 har dette kome seg mykje og det kan vere håp om å få stabilitet i sektoren i ára som kjem.

- i juli tilsette kommunedirektøren ny kommunalsjef for sektoren, Helge Hamre
- i november tilsette ein ny rådgjevar for barnehage, Jeanette Reiten, etter at Mariann Båtnes gjekk av med pensjon etter 12 års teneste i kommunen
- i desember vart konstituert rådgjevar for skule, Lene Renate Veiseth, tilsett i fast stilling. Ho har også delar av stillinga si knytt til Støttande team

Ved kontoret har ein også hatt vidare ressursar knytt til Støttande team, styrking/spesialpedagogisk ressursar knytt til barnehage og noko merkantil ressurs. Den merkantile ressursen vart teken bort mot slutten av året, som ein del av innsparingane i sektoren.

### Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 30 753            | 34 648            | 31 370            | -3 278     | -10,4 %   |

### Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr    |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|---------------|
| Lønn                  | 7 854             | 8 215              | 8 215             | 7 904             | 312           |
| Refusjon lønn         | -779              | -1 063             | -1 063            | -401              | -662          |
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>7 075</b>      | <b>7 152</b>       | <b>7 152</b>      | <b>7 502</b>      | <b>-350</b>   |
| Drift                 | 740               | 278                | 2 078             | 796               | 1 282         |
| Kjøp av produksjon    | 4 467             | 3 117              | 24 429            | 27 757            | -3 328        |
| Overføringer          | 21 587            | 22 537             | 1 267             | 641               | 625           |
| Finansutgifter        | 0                 | 0                  | 0                 | 207               | -207          |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>26 793</b>     | <b>25 932</b>      | <b>27 774</b>     | <b>29 401</b>     | <b>-1 627</b> |
| Brukerbetaling        | -2                | 0                  | 0                 | -2                | 2             |
| Refusjoner            | -3 268            | -3 514             | -3 556            | -2 303            | -1 253        |
| Overføringer          | 216               | 0                  | 0                 | 50                | -50           |
| Finansinntekter       | -60               | 0                  | 0                 | 0                 | 0             |
| <b>Sum inntekter</b>  | <b>-3 115</b>     | <b>-3 514</b>      | <b>-3 556</b>     | <b>-2 255</b>     | <b>-1 300</b> |
| <b>Netto resultat</b> | <b>30 753</b>     | <b>29 570</b>      | <b>31 370</b>     | <b>34 648</b>     | <b>-3 278</b> |

### Kommentar til status økonomi

**Løn**, negativt avvik på 350 000,-

**Utgifter**, negativt avvik på 1,63 millionar

Skuldast i hovudsak feilbudsjettering på to kontoar:

- 13500 (tenester frå andre kommunar) som for det meste handlar om kjøp av helsetenester frå Ålesund kommune og pp-tenester frå Ulstein kommune
- 13700 (tenester frå andre, private) der det meste handlar styrking og individuelt tilrettelagd opplæring i private barnehagar og skular

**Inntekter**, negativt avvik på 1,3 millionar

Skuldast, i hovudsak, feilbudsjettering på konto 17000 (refusjonar frå staten).

**Samla, negativt avvik:** 3,28 millionar

## Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

| Investering                                                     | Budsjett for året |           |                  |                      |                   | Kommentar                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |
|-----------------------------------------------------------------|-------------------|-----------|------------------|----------------------|-------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                                                 | Rev. bud.         | Rekneskap | Forbruk i % i år | Status Økonomistatus | Avvik i kr        |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |
| Digitale tavler i alle klasserom                                | 450               | 347       | 77,0 %           | Iht. plan            | Mindreforbruk 103 | Investeringsramma på 450 000,- var sett på grunnlag av innkjøp av 10 interaktive skjermer og tidlegare erfaringar på pris. Kommunen er ikkje knytt til innkjøpsavtale for slikt utstyr. Ved utarbeiding av konkurransegrunnlag og innhenting av tilbod frå 3 aktørar, endte sektoren opp med eit mindreforbruk på 105 000,- på prosjektet. |
| Læring og kultur - Bord og stolar til avdelingane i barnehagane | 280               | 359       | 128,0 %          | Ferdig               | Merforbruk -79    | Her har ein eit overforbruk på 78 500,-. Det kan sjå ut til å skuldast at ein ikkje har teke høgd for meirverdiavgifta når ein har berekna storleiken på innkjøpa.                                                                                                                                                                         |
| Læring og kultur - IKT-utstyr/digitale læremiddel               | 425               | 465       | 109,3 %          | Iht. plan            | Merforbruk -40    | Investeringsprosjektet gjekk noko ut over rammene på 425 000,- med eit forbruk, fordelt på skulane, på 465 000,-. Meirforbruket skuldast i hovudsak manglande styring og koordinering av investeringa frå kontoret på læring og kultur, våren 2024.                                                                                        |
| Sum                                                             | 1 155             | 1 170     |                  |                      | -15               |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |

## Statustekst investeringar

### Digitale tavler i alle klasserom

Investeringsramma på 450 000,- var sett på grunnlag av innkjøp av 10 interaktive skjermer og tidlegare erfaringar på pris. Kommunen er ikkje knytt til innkjøpsavtale for slikt utstyr. Ved utarbeiding av konkurransegrunnlag og innhenting av tilbod frå 3 aktørar, endte sektoren opp med eit mindreforbruk på 105 000,- på prosjektet.

### Læring og kultur - Bord og stolar til avdelingane i barnehagane

Her har ein eit overforbruk på 78 500,-. Det kan sjå ut til å skuldast at ein ikkje har teke høgd for meirverdiavgifta når ein har berekna storleiken på innkjøpa.

### Læring og kultur - IKT-utstyr/digitale læremiddel

Investeringsprosjektet gjekk noko ut over rammene på 425 000,- med eit forbruk, fordelt på skulane, på 465 000,-. Meirforbruket skuldast i hovudsak manglande styring og koordinering av investeringa frå kontoret på læring og kultur, våren 2024.

## Bigset skule

### Beskriving av tenesteområde

Bigset skule er lokalisert i Hareidsdalen, og rekrutterer elevar frå Rise, Snipsøyrdalen, Røyset, Bigset, Bjåstad og Geilane. Krinsgrensa går rett igjennom byggefeltet Geilane, men i praksis får elevar frå Geilane gå på Bigset skule dersom dei ynskjer det.

Bigset skule er ein 1.-7.skule, som ligg under sektor Læring og kultur. Skulen har i år 92 elevar (GSI oktober-24), og har 14,25 årsverk (inkludert administrasjon).

Bigset skule har ei eiga SFO-avdeling for elevar på 1.-4.trinn. I oktober -24 var det 44 elevar som hadde plass ved Bigset SFO.

Bigset skule har ansvar for undervisning og opplæring for elevar frå (5) 6-13 år som bur i Bigset krins. I tillegg til det faglege har skulen også ansvar for elevane sin tryggleik, helse og trivsel på skulen.

Einingsleiar har budsjett og personalansvar. I tillegg har einingsleiar eit overordna ansvar for å sikre at bygg og leikeplass/uteområde er i forskriftsmessig stand.

## **Overordna mål**

### **ØKONOMI:**

Det er eit overordna mål for 2025, å få god oversikt over reelle inntekter og kostnader for eininga. Det har blitt sett i gang eit større arbeid i å "rydde" budsjettet, slik at det skal gje eit betre bilete av dagens økonomiske situasjon ved eininga. Mellom anna er budsjettet no delt i to ansvar: 2010 for Bigset skule og 2011 for Bigset SFO.

### **NÆRVÆR:**

Det er eit overordna mål at det samla sjukefråvære ikkje skal overskride 6%. Samla sjukefråvær for 2024 låg dessverre langt over, men det var ei tydeleg utvikling mot lågare sjukefråvær dei siste tre mnd av året. Sjukefråveret er ikkje knytt opp mot arbeidsmiljø. Som eit tiltak inn mot nærværarbeidet, har tillitsvalt og rektor delteke i kurset *Tidleg inn*, der målsetjinga er å sette fokus på kva partane ilag kan bidra med for å sikre god deltaking og oppfølging på arbeidsplassen.

### **PEDAGOGISKE MÅL:**

#### **Nasjonale prøver:**

Det er eit overordna mål at elevar ved Bigset skule skorar på landsgjennomsnittet på dei Nasjonale prøvane (som er 50 skalapoeng) i engelsk, lesing og rekning.

#### **Elevundersøkinga:**

Det er eit overordna mål at resultata på elevundersøkinga tilsvarar landsgjennomsnittet eller høgare, på dei fem områda *Trivsel, støtte frå lærar, vurdering for læring, elevdemokrati og medverknad, og faglege utfordringar*. Det er og eit overordna mål at ingen elevar ved skulen skal kjenne på utanforskap og mobbing.

## Utvalde resultat

### NASJONALE PRØVER:

For skuleåret 24-25 låg Bigset skule på 55 skalapoeng i engelsk, 54 skalapoeng i lesing og 50 skalapoeng i rekning.

### ELEVUNDERSØKKINGA:

Bigset skule gjennomfører Utdanningsdirektoratet si elevundersøking på 5.-7. trinn kvar haust. Resultatat frå 7.trinn vert gjort offentlege, dersom elevgrunnlaget er tilstrekkeleg. 7.trinn på Bigset skule 2024-2025 tel berre 8 elevar, og tala frå elevundersøkinga er dermed berre tilgjengeleg for skuleleiar og skuleeigar.

Analysen frå årets elevundersøking viser at elevane har noko lågare motivasjon for læring enn landsgjennomsnittet. På den andre sida viser undersøkinga at elevane trivest godt på skulen, opplever god støtte frå lærarane sine (over landsgj.snittet), er svært fornøgde med skulehelsetenesta ved skulen (over landsgj.sn) og det er få elevar som oppgir at dei blir mobba - både digitalt og elles i skulekvardagen (under landsgj.sn)

## Viktige hendingar

### UTVIKLINGSARBEID:

Dekomp: alle skulane og barnehagane i kommunen deltek i det som vert kalla desentralisert kompetanseheving, der tema er språk og lesing. Utviklingsarbeidet skjer i samarbeid med Høgskulen i Volda, og det er lagt opp til lærande nettverk på tvers av skulane.

Ny opplæringslov: Den nye opplæringslova har endringar som gjer at skulane må jobbe inn nye prosedyrar og rutinar knytt til elevar med særskilde behov. Det ligg også sterke føringar på korleis skulane aktivt skal jobbe inn mot læringsmiljø og utanforskap. Det er oppretta eigne arbeidsgrupper som jobbar for tidleg innsats og trygt læringsmiljø.

Digitalisering: Læreplanar i skulen legg føringar for bruk av digitale einingar. Bigset skule har i dag Ipadar til elevar frå 2.-7.trinn, men over 80% av desse Ipadane er frå 2017 og vil om kort tid ikkje lenger vere mogeleg å oppgradere til nyare versjonar. Vi står difor framføre eit betydeleg behov for utskifting av Ipadar i åra som kjem.

### SFO:

Regjeringa har sidan 2022 gradvis innført gratis SFO for born på 1.-3.trinn. Dette har ført til ein auke av born på SFO, og dermed eit auka behov for bemanning, samstundes som inntektene som eininga tidlegare har hatt på dette området i stor grad har falle bort.

### RENOVERT SKULEBYGG:

Nyrenovert skulebygg har blitt teke i bruk. Utbetringane som no er gjort på skulebygget har ført til radikale forbetringar for arbeidsmiljøet til både elevar og tilsette.

I tillegg har energisparende tiltak, som varmepumpe og bytte til ledlys, ført til lågare straumkostnader.

## Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 11 052            | 10 973            | 10 151            | -822       | -8,1 %    |

## Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr  |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|-------------|
| Lønn                  | 11 037            | 9 823              | 9 823             | 10 820            | -997        |
| Refusjon lønn         | -549              | -293               | -293              | -795              | 502         |
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>10 489</b>     | <b>9 530</b>       | <b>9 530</b>      | <b>10 025</b>     | <b>-495</b> |
| Drift                 | 753               | 637                | 637               | 986               | -349        |
| Kjøp av produksjon    | 618               | 497                | 497               | 405               | 91          |
| Overføringer          | 123               | 117                | 127               | 130               | -3          |
| Finansutgifter        | 0                 | 0                  | 0                 | 72                | -72         |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>1 494</b>      | <b>1 251</b>       | <b>1 260</b>      | <b>1 594</b>      | <b>-333</b> |
| Brukerbetaling        | -534              | -183               | -183              | -365              | 182         |
| Refusjoner            | -397              | -397               | -407              | -281              | -126        |
| Overføringer          | 0                 | -50                | -50               | 0                 | -50         |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>-930</b>       | <b>-630</b>        | <b>-639</b>       | <b>-646</b>       | <b>7</b>    |
| <b>Netto resultat</b> | <b>11 052</b>     | <b>10 151</b>      | <b>10 151</b>     | <b>10 973</b>     | <b>-822</b> |

## Kommentar til status økonomi

2010 Lønn: Overforbruk på 847 200 for 2024. I hovudsak skuldast dette høgt sjukefråvær og vikarbruk gjennom året. I tillegg er det ei lita skeivfordeling mellom skule og SFO, som gjer at skule har stort negativt avvik, medan SFO har relativt stort positivt avvik.

2011 Lønn: Underforbruk på 350 000 for 2024. Skuldast ei skeivfordeling mellom skule og SFO. Dette vil rettast opp til neste skuleår(august-25).

Totalt Lønn: Overforbruk på omlag 497 200.-

2010 Utgifter: Overforbruk på 292 147 for 2024. Skuldast i hovudsak lisensar på software og leasing som det ikkje er budsjett for.

2011 Utgifter: Overforbruk på 47 000. Utgifter til drift av SFO har vore svært låge, men der ligg ei utgift på finans på 72 000, som eg ikkje kan svare for kva er.

Totalt Utgifter: Overforbruk på omlag 342 700.-

2010 Inntekter: Mindreinntekter på 127 000. Budsjettert med inntekter på 400 000 (refusjonar og overføringar). Dette er eit noko urealistisk tal.

2011 Inntekter: Meirinntekter på 186 800. Bigset SFO har hatt god dekning av born som har betalt for full plass på SFO. Dette har gitt god inntening. Dessverre er talet på full plass SFO synkande, så her vil vi nok få lågare inntening i 2025.

Totalt Inntekter: Meirinntekter på omlag 60 000.-

Totalt for 2024 (2010 og 2011): Eit meirforbruk på 820 000.-

Tiltak: det er gjort fleire tiltak, der det mest inngripande er ei nedjustering av tal stillingar på assistent/fagarbeidar med totalt 105%. Dette vil få gradvis effekt utover 2025. I tillegg blir det gått igjennom lisensar og andre avtalar som blir sagt opp. Effekten vil kome etterkvart som oppseiingstida er ute.

## Hareid skule

### Beskriving av tenesteområde

Hareid skule 260 elevar på 1. - 7. årstrinn, innføringsklasse og rundt 30% av elevane har anna morsmål enn norsk, og av dei har 25% behov for særskild språkopplæring (§ 3-6 i oppl.ova).

Hareid SFO, har 100 elevar frå 1. - 4. årstrinn.

Skulebygg: Ei (1) bygning, bruttoareal på 4565.20 m2, byggeår 1996 (1960), påbygg 2009. Oppført i betong og innheld kontor, klasserom, gymsal og SFO.

Nokre av dei overordna områda skulen skal levere på er: Pedagogisk arbeid, skulemiljø, administrasjon og leing, skulebygg og vere ein viktig samfunns -og kulturbyggjar.

Nokre av dei overordna områda SFO skal levere på er: Omsorg og tryggleik, Aktivitetar og leik, Læring og utvikling, Samarbeid med foreldre og skule og Tilrettelegging og inkludering.

Arbeidet i skulen og SFO er styrt av fleire viktige lover og foreskrifter, dei viktigaste i den daglege drifta i eininga er:

1. Opplæringslova
2. Kommuneova
3. Læreplanverket
4. Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler.
5. Rammeplan SFO
6. Kommunal vedtekter SFO

7. Kommunale handlingsdokument og reglar. ( t.d. Kvalitetsplan for god oppvekst i Hareid og Skulereglane. )

## **Overordna mål**

### **ØKONOMI**

Drifte skule og SFO etter vedtekne økonomiske rammer.

### **SKULEMILJØ**

Skape eit godt psykososialt miljø der elevane føler seg trygge og inkluderte. Samarbeid med helsesjukepleiarar og andre fagpersonar for å fremje elevane si helse og trivsel. "Laget rundt barnet". Implementere tiltak og førebygge og handtere mobbing.

### **KOMPETANSEHEVING I PERSONALET**

Hareid skule driftar mykje av dette arbeidet etter ein felles plan med dei andre skulane i Hareid. Fokusområde på "Språk og lesing", "Tilpassa opplæring", "Trygt og godt skulemiljø", "Bekymringsfullt fråver" og "IKT". Bortsett frå Språk og lesing, som er eit regionalt tiltak i samarbeid med Høgskulen i Volda. Vi arbeider i nettverk på tvers av skulane.

### **SPRÅKOPPLÆRING**

Gode kunnskapar i norsk er viktig for at elever skal utvikle grunnleggjande ferdigheiter, tileigne seg faglig kompetanse, gjennomføre vidaregåande opplæring og kunne delta i det norske samfunnet.

Elever som har et anna morsmål enn norsk eller samisk, og som ikkje kan norsk godt nok til å følge den ordinære opplæringa, har rett til særskilt språkopplæring. Opplæringsloven § 3-6.

### **NÆRVÆR**

Det er eit overordna mål å ha så høgt nærvære så nær opp til 100% som mogleg, og at arbeidsmiljø og arbeidsplassen er tilrettelagd for dette.

### **NASJONALE PRØVER**

Nasjonale prøver skal gi skulane kunnskap om elevane sine grunnleggjande ferdigheiter i lesing, rekning og engelsk. Informasjonen frå prøvene skal danne grunnlag for undervegsvurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå i skulesystemet. Målet er å ligge på eller over landsgjennomsnitt.

## Utvalde resultat

### ØKONOMI

Det har vore utfordrande å drifte skule og SFO innafor eksistrende rammer. Det er grunna auka behov for tilrettelagd opplæring, språkopplæring og stor auke i tal på born på SFO etter at ordninga med gratis SFO 1. - 3 .trinn.. Uansett gjer ei innmelding i ROBEK at det må til ei driftsendring.

Tiltak, utfordringar for 2025: Redusere tal på tilsette , pedagogar og fagarbeidarar/assistentar. 6 – 8 årsverk.

### SKULEMILJØ

I følge elevundersøkinga og andre miljøkartleggingar seier elevane at dei trivast på skulen og blir møtt med felles reglar og forståing i skulen. Vi ser dessverre litt for høge tal når det gjeld mobbing. Elevane viser mest til digital mobbing, som får konsekvensar når dei møtest på skule. Enkelte opplever dette så pass utrygt og at dei ikkje får hjelp og forståing med vaksne.

Tiltak, utfordringar for 2025: Førebyggjande arbeid med klare reglar mot mobbing og krenking og aktivitetar i skulen. Treng auke vaksentettheit med miljøteam som arbeider med førebygging og direkte i saker som krev tett oppfølging og samarbeid med heim.

### SPRÅKOPPLÆRING

Vi har lukkast med å finne ei form og innhald i undervisninga som inneheld gruppe, klasserom og digital undervisning, og som set språkopplæringa i eit bedre system. Arbeidet starta for fullt hausten 2024 og til ei viss grad i støypeskeia endå. Det krev noko ressursar og er sårbart for den økonomiske situasjonen skulen er i.

Tiltak, utfordringar for 2025: Halde trykket opp med dei få ressursane vi brukar på det i dag det komande skuleåret også. Treng fleire lærartimar til arbeidet.

### NÆRVÆR

I 2024 hadde vi eit samla nærvær på 92, 85% når kortids og langtidssjukemeldingane er lagt saman. Dette er under gjennomsnitt for denne delen av kommunesektoren på landsplan. Ingen melder om at fråveret er knytt til forhold på arbeidsplassen.

Tiltak, utfordringar for 2025: Arbeid kontinuerleg med å forbetre arbeidsmiljøet, både fysisk og psykisk.

### NASJONALE PRØVER

Engelsk: Over landsgjennomsnitt, Lesing: Under landsgjennomsnitt, Rekning: På landsgjennomsnitt.

Tiltak, utfordringar for 2025: Bruke resultata til å tilpasse undervisninga til elevane sine behov. Utfordringar kan vere at ressursmangel til å kunne gjennomføre nødvendige tiltak.

## Viktige hendingar

### OPPLÆRING TIL ELEVAR I HAREID MOTTAK

Hareid skule har etablert ei klasse for born som bur i Hareid mottak. Dette er born i asyl i påvente av fast busetjing ein stad i landet.

**SÆRSKILD SPRÅKOPPLÆRING** - Forsterka norskopplæring for busette flyktningar og elevar med anna morsmål enn norsk.

Elevane sine prestasjonar er ofte påverka av deira sosiale bakgrunn og elevar med fleirkulturell bakgrunn må få dei same vilkåra i skulen som elevar med norsk bakgrunn. Dette inkluderer språkstøtte og kulturell forståing. Etter systematisk kartlegging av alle elevane ved skulen har vi tatt i bruk digitale ressursar og etablert eigen språkgrupper tilpassa det nivå elevane er på. Arbeidet er leia av lærar som har dette som eige ansvarsområde og fagfelt.

### GRATIS SKULEFRITIDSORDNING 1. - 3. trinn.

Økonomisk og organisatorisk krevjande, og svært gledeleg at eit så stort antal born vil ta del i ordninga!

### NY OPPLÆRINGLOV

Iverksetting av ny opplæringslov i august stiller større kompetansekrav til tilsette i skule, skjerpa oppfølging av elevane sitt fråvere, tok bort og utvida omgrepet "spesialundervisning", det skal vere tilgang på vikarar ved fråvere .. Dette arbeider vi med å implementere og setje i verk. Eit planmessig, ressurskrevjande og lov-pålagd arbeid som vert stødig leia av rådgjevar på oppvekstkontoret.

### LEIKEPATRULJEN

Leikepatruljen er ein del av Sunnmøre friluftsliv sitt aktivitetsarbeid «Slå på ringen». Tilbodet er gratis for alle barneskular på Sunnmøre der kommunen er medlem i Sunnmøre friluftsliv. To gongar i året blir det arrangert inspirasjonskurs for LP-elevane saman med dei andre barneskulane i kommunen. Desse elevane har ansvar for ulike leiteaktivitetar i matfriminuttet kvar dag. Eldre elevar fungere som førebilete, opplever meistring, førebyggjande for skulemiljøet og fremjar fysisk aktivitet.

### Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 35 694            | 36 082            | 25 240            | -10 842    | -43,0 %   |

### Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr     |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|----------------|
| Lønn                  | 35 571            | 30 307             | 30 307            | 36 705            | -6 398         |
| Refusjon lønn         | -1 793            | -2 260             | -2 260            | -2 198            | -62            |
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>33 778</b>     | <b>28 047</b>      | <b>28 047</b>     | <b>34 506</b>     | <b>-6 460</b>  |
| Drift                 | 2 432             | 1 203              | 1 203             | 2 376             | -1 173         |
| Kjøp av produksjon    | 1 311             | 1 124              | 1 124             | 1 358             | -234           |
| Overføringer          | 421               | 278                | 368               | 327               | 41             |
| Finansutgifter        | 0                 | 0                  | 0                 | 106               | -106           |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>4 164</b>      | <b>2 604</b>       | <b>2 694</b>      | <b>4 167</b>      | <b>-1 473</b>  |
| Brukerbetaling        | -892              | -1 012             | -1 012            | -584              | -428           |
| Refusjoner            | -1 357            | -1 900             | -1 990            | -2 008            | 18             |
| Overføringer          | 0                 | -2 500             | -2 500            | 0                 | -2 500         |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>-2 249</b>     | <b>-5 411</b>      | <b>-5 501</b>     | <b>-2 592</b>     | <b>-2 910</b>  |
| <b>Netto resultat</b> | <b>35 694</b>     | <b>25 240</b>      | <b>25 240</b>     | <b>36 082</b>     | <b>-10 842</b> |

### Kommentar til status økonomi

Årsak til det samla meirforbruket på 10,8 millionar i skule og SFO kan i stor grad forklarast med eit stort meirforbruk på lønn og eit for høgt budsjettert inntektsnivå.

#### Lønn – meirforbruk:

- **4,6 millionar:** Hareid skule. Manglande budsjettdekking til særers ressurskrevjande elevar og oppfølging av kravet til lærarnorm.
- **1,8 millionar:** Hareid SFO. Manglande budsjettdekking til bemanningsnorm grunna stor auke i talet på born som nyttar seg av ordninga.

#### Utgifter – meirforbruk:

- **700.000:** I hovudsak datautstyr, programvare og lisensar, som i stor grad vert nytta i opplæringa.
- **800.000:** Kjøp av tenester frå andre kommunar, som undervisning og helsehjelp.
- **180.000:** Straum.

#### Inntekter - mindreinntekt

Det har dessverre vore budsjettert med eit usannsynleg høgt inntektsnivå.

- **800.000:** Refusjon frå andre kommunar og private, mindreinntekt.
- **2.500.000:** Overføringar frå staten, mindreinntekt.
- **500.000:** Brukarbetaling, mindreinntekt.

### Hjørungavåg skule

## Beskriving av tenestekområde

[Redacted text block]

## Overordna mål

### Eleven sitt miljø; sosialt og for læring:

Skulen vil

- halde fram det gode arbeidet med skulemiljø, trivsel og inkludering.
- vi vil ha eit kontinuerleg fokus på arbeidet med læringsmiljø, og vidareutvikle god relasjonskompetanse
- vi ynskjer å fokusere på -og ha mål om auka læringsresultat
- samt vidareutvikle gode planar i faga, for å jobbe mot meir tverrfaglegheit

[Redacted text block]

[Redacted text block]

[Redacted text block]

[Redacted text block]

[Redacted text block]

[Redacted text block]

### **Kompetanseheving for dei tilsette:**

Hjørungavåg skule har her ein felles plan saman med dei andre skulane i Hareid.

Fokusområda er:

- “Språk og lesing” i samarbeid med Høgskulen i Volda
- “Tilpassa opplæring”,
- “Trygt og godt skulemiljø”
- “Bekymringsfullt fråver”
- “IKT”

### **Utvalde resultat**

#### SFO:

Eit stadig aukande gratistilbod til fleire aldersgrupper, utan at det fyl ressursar med - har gjort det vanskeleg å drifte skulefritidsordninga innanfor budsjett, og ihht vedtatte bemanningsnormer.

I tillegg medfører endringane til nedgang i inntektene knytt til Sfo.

#### Økonomi:

Det er velkjent at kostnadsnivået generelt har auka kraftig. Dette, samt manglande høgde for auka lønnskostnader har gjort det utfordrande økonomisk. Skulen har køyrt stramt mtp vikarbruk, noko som har vanskeleggjort m.a. lovpålagde oppgåver innan ITO, språkopplæring etc. I tillegg så har ein nedbemanna for å greie å halde rammene framover.

## Viktige hendingar

Vi har fått på plass mykje ved Hjørungavåg skule i år. Dette har ein arbeida for over tid, og har vore svært etterlengta.

### Sløydsal, tekstilrom og bibliotek - oppgradering:

Ein oppgradert sløydsal med utstyr og eit nyoppussa tekstilrom med nye symaskiner, gir eit heilt anna utgangspunkt for variasjon og praktisk vinkling av undervisninga.

I tillegg blei biblioteket slutført i år. Å få det på plass midt i den lesesatsinga vi er ein del av saman med Høgskulen i Volda, er uvurderleg - og noko vi håper vil inspirerer til meir lesing og enda betre leseresultat.

### Julemessa i samarbeid med FAU:

Julemessa som vi har kvar desember i samarbeid med FAU, står i særstilling når det gjeld å gi oss eit godt økonomisk-tilskot - slik at ein kan bidra positivt m.a. inn mot sløyd og bibliotek som i år. Dette hadde ikkje skulen hadde hatt moglegheit til utan FAU, og vi er svært takknemlege over deira entusiasme og bidrag. I tillegg er dette svært sosialt og samlande for skulen, tilsette, føresette, besteforeldre og bygda generelt.

### Uteområdet og nye leikeapparat:

Oppgradering og nye leikeapparat på uteplassen er også noko ein har venta lenge på. Det kom på plass heilt på slutten av året, men vi ser allereie at det medfører auka fysisk-aktivitet, mykje lek og fint sosialt samspel på tvers av alle klassetrinn.

### Nasjonale kartleggingar og undersøkingar:

I tillegg var det sjølvstøtt svært gledeleg at vi skårar høgt på Nasjonale prøver fagleg, og på Elevundersøkinga sosialt. Det gir oss eit godt utgangspunkt for vidare utvikling, samtidig som det bekreftar arbeidet det dyktige kollegiet ved skulen vår har lagt ned over tid.

## Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 12 065            | 11 917            | 9 523             | -2 394     | -25,1 %   |

## Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                 | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr    |
|-----------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|---------------|
| Lønn            | 11 000            | 9 756              | 9 756             | 11 020            | -1 264        |
| Refusjon lønn   | -237              | -444               | -444              | -388              | -56           |
| <b>Sum Lønn</b> | <b>10 763</b>     | <b>9 312</b>       | <b>9 312</b>      | <b>10 631</b>     | <b>-1 320</b> |

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr    |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|---------------|
| Drift                 | 886               | 488                | 488               | 1 189             | -701          |
| Kjøp av produksjon    | 891               | 384                | 384               | 434               | -49           |
| Overføringer          | 148               | 133                | 167               | 198               | -31           |
| Finansutgifter        | 0                 | 0                  | 0                 | 26                | -26           |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>1 926</b>      | <b>1 006</b>       | <b>1 040</b>      | <b>1 847</b>      | <b>-807</b>   |
| Brukerbetaling        | -389              | -229               | -229              | -231              | 2             |
| Refusjoner            | -234              | -565               | -599              | -330              | -269          |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>-623</b>       | <b>-794</b>        | <b>-828</b>       | <b>-561</b>       | <b>-267</b>   |
| <b>Netto resultat</b> | <b>12 065</b>     | <b>9 523</b>       | <b>9 523</b>      | <b>11 917</b>     | <b>-2 394</b> |

## Kommentar til status økonomi

### Hjørungavåg skule

#### Felles for Hjørungavåg skule og Sfo:

##### Lønn:

Eit meirforbruk for heile 2024 på kr. 1.191 608,-

Dette i hovudsak på fast lønn på kr. 631.936,-, som fylgje av generell lønnsauke samt auka lønn pga kompetanseheving blant dei tilsette. Dette har det ikkje har vore tatt høgde for i budsjettet.

I tillegg er der eit overforbruk på vikar og sjukevikar på totalt kr. 355.909.

Det har m.a. tidlegare blitt tilsett både faste og midlertidige stillingar meir enn det som stillingsbudsjettet har hatt rom for. Ein har i haust justert dette siste, med verknad frå 30.11. Resultat vil vise etterkvart.

##### Drift:

Her har ein eit overforbruk på kr. 694.076,-

Kto 11050 og 11051 Undervisningsmateriell og lærebøker på kr. 49.591,-

Skulen har mykje udatert materiell, som ikkje har blitt oppgradert og som måtte skiftast ut.

Kto 11800 Straum/elektrisk kraft på kr.116.835,-

Her gir manglande utskifting og vedlikhald på gammalt anlegg negative konsekvensar økonomisk for vår eining. Vi har påverka der vi kan, men dette ligg elles utanfor vår styring.

Kto. 11952 Lisensar og dataprogram på kr. 201.057,-

Kommunalt styrt og ikkje noko vi kan påverke.

Kto. 13500 Tenester frå kommunar på kr. 257.575

Ikkje ein post vi kan påverke.

[REDACTED]

[REDACTED]

[REDACTED]

[REDACTED]

[REDACTED] Manglande refusjonar frå staten på kr. 156.741,-

Kto.17500 Manglande refusjonar frå kommunar på kr. 138.840,-

Inntektene som det er budsjetttert med samsvarar derimot ikkje med dei reelle inntektene.

|

## Oppsummering tiltak

### Oppsummering:

[REDACTED]

[REDACTED]

[REDACTED]

[REDACTED]

[REDACTED]

[REDACTED]

### Budsjettstyring:

Ein del utgifter og inntekter kan vi ikkje styre på eiga eining, men ein vil ha auka fokus på budsjettkontroll framover for å påverke der ein kan. Målet er å greie å halde seg innanfor dei gitte rammene.

## Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

| Investering                               | Budsjett for året |                       |                     |                              | Kommentar |
|-------------------------------------------|-------------------|-----------------------|---------------------|------------------------------|-----------|
|                                           | Rev. bud.         | Rekneskap<br>i % i år | Forbruk<br>i % i år | Status Økonomistatus<br>i kr |           |
| Læring og kultur - Wifi Hjørungavåg skule | 100               | 0                     | 0,0 %               | Ferdig Mindreforbruk 100     |           |
| <b>Sum</b>                                | <b>100</b>        | <b>0</b>              |                     | <b>100</b>                   |           |

## Statustekst investeringar

### Hareid ungdomsskule

#### Beskriving av tenesteområde

Hareid ungdomsskule (HUS) høyrer til sektor for Læring og kultur, og er den einaste ungdomsskulen i kommunen.

HUS har eit elevtal på 220 fordelt på 8.-10.steg. Inklusiv mottaksklassen (6.-10.klasse) er elevtalet oppe i 230 (pluss/minus - sidan talet i mottaksklassen er varierende frå veke til veke.

Arbeidet i skulen er styrt av lovverk og forskrift til lovverk, og fleire viktige plandokument. I vår daglege drift kan nemnast:

Opplæringslov og Forskrift til Opplæringslov, Kommunelov, Læreplanverket (fagplanar), og Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

I tillegg kan nemnast kommunale handlingsdokument som utfordrar tverrfagleg samhandling og tiltak gjennom Kvalitetsplan for god oppvekst, prosedyrar etter BTS-modellen (Betre tverrfagleg samhandling) og Barn og unges helsetenester (dei sju handlingsforløpa til Helse Møre og Romsdal).

#### Utfordringar 1 - Skulebygg og romkapasitet:

Skulebygget er ein av våre største utfordringar. Det har blitt utført mindre justeringar på rom/grupperom siste åra, men funksjonalitet og kapasitet i høve til fleksibel bruk av rom, er liten. På skulebygget har vi tre grupperom som i dag fungerer som base for elevar med heilt særskilde behov. Det er generelt stor lekkasje av lyd mellom alle rom - og dei tilsette har eitt møterom tilgjengeleg som kan nyttast til elevsamtalar, samtalar med føresette og/eller andre faginstansar.

Arbeidslivsfag er eit fordjupingsfag som har fått auka elevoppslutnad siste åra. Dette skal først og fremst vere eit praksisnært fag, som krev lokalar for å drifte. Sløydsal og tekstilavdeling er allereie knytt opp til kunst og handverksundervisninga, og det vart behov for ei utviding av ei praktisk avdeling. Kommunen leiger difor undervisningslokalar i det tidlegare verkstad- og administrasjonsbygget til Hareid Group i Myravegen. Desse lokala rommar også undervisningslokale for mottaksklasse (elevar frå mottaket).

## **Utfordringar 2 - Organsiering og tilpassa opplæring**

Trygt skulemiljø, elevdemokrati, førebyggjande arbeid, tilpassa opplæring og tilstrekkeleg utbyte av opplæringa (kap 10, 11 og 12 i ny Opplæringlov) er dei viktigaste områda grunnskulen kan innfri på for einskildeleven, og som klasse/steg. For å lukkast på områda, må det utviklast ein samarbeidskultur og ei kompetanseheving i eininga, sett saman av fleire yrkesgrupper enn faglæraren.

Forsking viser til at om ein skal lukkast med fagleg meistring, må det sosiale samspelet og den psykososiale tryggleiken vere på plass. Dette har vore prioriterte områder dei siste åra for HUS.

Forsking syner også at det er viktig med ein fleksibel ressurspott for å kunne få til tilpassa opplæring innanfor den ordinære opplæringa. Dette er ressursar som kan flyttast på og endrast ut i frå behov i periodar. Vert desse ressursane knytt opp til grunnbemanning eller individuelt tilrettelagt opplæring, har ein ikkje lenger denne fleksibiliteten. Retten til tilstrekkeleg utbyte av opplæring kan då gå ut over fellesskapen sitt samla utbyte.

## **Samarbeid HUS og ungdomsklubben**

Hareid ungdomsskule og ungdomsklubben har samarbeidd om bemanning av ungdomsklubben gjennom 2024. HUS sine miljøretteleiarar har deltatt i førebyggjande ungdomsarbeid som del av arbeidstida si ved HUS. Dette har vore samarbeid knytt til Open hall (Hareid/Ulstein), og til opphaldstid ved klubben etter skuletid. Dette har gitt trygghet både for ungdomar og vaksne - miljøretteleiarane kjenner ungdomane våre. Det er oppretta mange flotte og gode tiltak i kommunen for born/unge no, men det har vore vanskar knytt til nok vaksne for å leie tiltaka. Målsetjinga har vore å lukkast om oppgåvene, slik det at alle kan kjenne på vinn-vinn. Ikkje minst ungdomane våre.

## **Overordna mål**

### **Økonomi**

Målsetjinga har vore å halde budsjett etter vedtekne rammer.

### **Skulemiljø**

Opplæringslova sine kapittel 10, 11 og 12 legg tydelege føringar for eleven sin rett til trygt og godt skulemiljø. I Hareid har vi gjennom fleire år arbeidd med tidleg innsats innanfor tiltak knytt til fagleg utbyte, sosial kompetanse og inkludering. Det har vore ei målsetjing å kunne organisere undervisninga i skulen på ein slik måte at ein ser resultat både hos einskildeleven og i læringsmiljøet generelt.

Til dette arbeidet har det vore naudsynt med eit målretta og tverrfagleg samarbeid mellom lærarar, miljøretteleiarar, helseteneste, barnevernsteneste, politi og PPT.

### **Kompetanseheving**

Hareid ungdomsskule sitt fokus når det gjeld kompetanseheving er knytt til lokalt utviklingsarbeid i samarbeid med Sjustjerna og Høgskulen i Volda (dekomp), i tillegg til kompetanseheving i form av vidareutdanning i fag. Det sistnemnde er ei statleg satsing med stipend eller frikjøpsordning for den tilsette. I 2024 har ungdomsskulen hatt lærarar på vidareutdanningsordning i faga engelsk og naturfag.

### Språkopplæring

Gode kunnskapar i norsk er viktig for at elevar skal utvikle grunnleggande ferdigheiter, tileigne seg fagleg kompetanse, gjennomføre vidaregåande opplæring med moglegheiter for å kunne delta i det norske samfunnet på lik linje med andre.

Elevar som har eit anna morsmål enn norsk eller samisk, og som ikkje kan norsk godt nok til å følge den ordinære opplæringa, har rett til særskilt språkopplæring. Opplæringsloven § 3-6.

Hareid ungdomsskule organiserer særskild norskopplæring for elevar med anna morsmål enn norsk på alle stega i den ordinære opplæringa, i tillegg til å gi opplæring til elevar som bur i mottak og som ventar på vedtak om opphald i Noreg.

### Utvalde resultat

#### Resultat nasjonale prøver (september 2024)

##### Hareid ungdomsskule (75 elever, 8.steg)

Oppsummering: Generelt for mange elevar som ligg på dei to lågaste mestringsnivåa, og for få elevar på dei to høgaste.

|                    |                    |                    |                    |                    |
|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| Engelsk            |                    |                    |                    |                    |
| mestringsnivå<br>1 | mestringsnivå<br>2 | mestringsnivå<br>3 | mestringsnivå<br>4 | mestringsnivå<br>5 |
| 5%                 | 33%                | 39%                | 21%                | 1%                 |
| Lesing             |                    |                    |                    |                    |
| mestringsnivå<br>1 | mestringsnivå<br>2 | mestringsnivå<br>3 | mestringsnivå<br>4 | mestringsnivå<br>5 |
| 8%                 | 36%                | 51%                | 5%                 | 0%                 |
| Rekning            |                    |                    |                    |                    |
| mestringsnivå<br>1 | mestringsnivå<br>2 | mestringsnivå<br>3 | mestringsnivå<br>4 | mestringsnivå<br>5 |

|     |     |     |     |    |
|-----|-----|-----|-----|----|
| 17% | 21% | 41% | 18% | 3% |
|-----|-----|-----|-----|----|

Hareid ungdomsskule (64 elever, 9.steg)

Oppsummering: Profilen av resultatet syner stor spreiding i høve mestringsnivå på steget, noko som kan gi utfordringar med tanke på individuell tilpassing innanfor ein klasse. Det faglege nivået har likevel ei god fordeling med tanke på del av elevgruppe som høyrer til mestringsnivå 3,4 og 5.

|                    |                    |                    |                    |                    |
|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| Lesing             |                    |                    |                    |                    |
| mestringsnivå<br>1 | mestringsnivå<br>2 | mestringsnivå<br>3 | mestringsnivå<br>4 | mestringsnivå<br>5 |
| 9%                 | 16%                | 42%                | 19%                | 14%                |
| Rekning            |                    |                    |                    |                    |
| mestringsnivå<br>1 | mestringsnivå<br>2 | mestringsnivå<br>3 | mestringsnivå<br>4 | mestringsnivå<br>5 |
| 5%                 | 20%                | 31%                | 20%                | 23%                |

**Grunnskulepoeng**

2023 (siste oppdaterte tal Hareid): 38,6

2023 (heile landet): 42,4

**Resultat Elevundersøkinga**

Oppsummering: Resultatet ligg jamt med resultat for fylke og nasjonalt, med skåringar på fleire punkt som ligg over (er betre). Elvane melder om god trivsel, god yrkesretteleing, og møter ein kultur for felles reglar og rammer i skulen.

Mobbetala er likevel for høge.

| 2024-25 ?                                      |         |                       |         |                  |
|------------------------------------------------|---------|-----------------------|---------|------------------|
| Hele landet ?                                  |         |                       |         |                  |
| Alle fylker ?                                  |         | Møre og Romsdal ?     |         |                  |
| Alle kommuner ?                                |         | Hareid ?              |         |                  |
| Alle skoler ?                                  |         | Hareid ungdomsskule ? |         |                  |
| 10. årstrinn ?                                 |         | 10. årstrinn ?        |         |                  |
| Alle eierformer ?                              |         | Alle eierformer ?     |         |                  |
| Alle kjønn ?                                   |         | Alle kjønn ?          |         |                  |
| Indikator - Spørsmål                           | Snitt ? | Antall besvart ?      | Snitt ? | Antall besvart ? |
| + Trivsel                                      | 4,0     | 57 654                | 4,1     | 59               |
| + Støtte fra lærer                             | 3,9     | 56 839                | 4,1     | 58               |
| + Støtte hjemmefra                             | 4,0     | 56 026                | 4,0     | 58               |
| + Vurdering for læring                         | 3,2     | 54 377                | 3,2     | 52               |
| + Læringskultur                                | 3,7     | 56 447                | 3,8     | 59               |
| + Mestring                                     | 3,8     | 53 705                | 3,9     | 55               |
| + Motivasjon                                   | 3,2     | 57 095                | 3,5     | 58               |
| + Elevdemokrati og medvirkning                 | 3,3     | 55 727                | 3,4     | 56               |
| + Felles regler                                | 3,9     | 56 212                | 4,0     | 55               |
| + Utdanning og yrkesveiledning (ungdomsskolen) | 3,8     | 56 743                | 4,0     | 59               |
| + Faglig utfordring                            | 4,2     | 57 108                | 4,0     | 58               |

## Viktige hendingar

### Språkopplæring til elevar i mottak

Hareid ungdomsskule har oppretta ei klasse for born/ungdom som bur i Hareid mottak. Klassen varierer i storleik frå veke til veke, og held til i det tidlegare administrasjonsbygget til Hareid Group i Myravegen.

### Ny Opplæringslov

Ny Opplæringslov påverkar både rammer og kompetanse for å kome kravet til individuell tilrettelegging i opplæringa i møte. Opplæringa skal romme meir av den universelle tilnærminga, og dette utfordrar organisering av opplæring både praktisk, organisatorisk og ved hjelp av digitale reiskapar.

Ny Opplæringslov legg til grunn at skuleeigar skal syte for vikarar ved sjukdom og forventa fråvær.

Kommunen er også forplikta til å fylgje opp elevane sitt fråvær med eigna tiltak. Målet er å arbeide førebyggjande inn i mot fråvær, og oppnå høgare nærvære.

### Økonomiske kutt i sektoren

Økonomiske nedskjeringar hausten 24 førte til omorganisering av klasser på 8.steget - frå fire til tre klassar. Dette førte til endring av timeplanar og færre lærartimar fordelt til opplæring også på dei mest sårbare elevane våre.

### Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 33 898            | 36 252            | 24 252            | -12 000    | -49,5 %   |

### Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr     |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|----------------|
| Lønn                  | 30 677            | 24 973             | 24 973            | 33 621            | -8 648         |
| Refusjon lønn         | -1 730            | -2 299             | -2 299            | -1 621            | -677           |
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>28 947</b>     | <b>22 675</b>      | <b>22 675</b>     | <b>32 000</b>     | <b>-9 325</b>  |
| Drift                 | 4 172             | 1 446              | 1 446             | 3 073             | -1 627         |
| Kjøp av produksjon    | 2 131             | 1 745              | 1 745             | 3 199             | -1 454         |
| Overføringer          | 751               | 257                | 464               | 443               | 20             |
| Finansutgifter        | 0                 | 0                  | 0                 | 1                 | -1             |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>7 053</b>      | <b>3 447</b>       | <b>3 654</b>      | <b>6 716</b>      | <b>-3 062</b>  |
| Brukerbetaling        | -75               | -48                | -48               | -147              | 99             |
| Refusjoner            | -2 027            | -1 145             | -1 352            | -2 309            | 957            |
| Overføringer          | 0                 | -400               | -400              | -7                | -393           |
| Finansinntekter       | 0                 | -276               | -276              | 0                 | -276           |
| <b>Sum inntekter</b>  | <b>-2 103</b>     | <b>-1 869</b>      | <b>-2 076</b>     | <b>-2 463</b>     | <b>387</b>     |
| <b>Netto resultat</b> | <b>33 898</b>     | <b>24 252</b>      | <b>24 252</b>     | <b>36 252</b>     | <b>-12 000</b> |

### Kommentar til status økonomi

#### Løn pr 31.12.2024

- Eininga hadde for høge kostnader i høve til budsjettert løn. Vikarbruk vart redusert i perioden september-desember. Det vart omfordelt ressursar mellom klasser, unngjekk overtidsbruk, og bemanning vart redusert pr oktober 2024, og ytterlegare effektivisert pr 01.01.2025.

#### Utgifter pr 31.12.2024

Ein del av det negative avviket (om lag 25%) for 2024 skuldast kostnader knytt til kontoane (underbudsjettering):

- 11050 (undervisningsmat.) og 11051 (lærebøker)
- 11952 (lisensar), 12001 (datautstyr)
- 11703 (skuleskyss)
- 13500 (kjøp frå andre kommunar)

## Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

| Investering                                           | Budsjett for året |           |                  |                      |            | Kommentar |
|-------------------------------------------------------|-------------------|-----------|------------------|----------------------|------------|-----------|
|                                                       | Rev. bud.         | Rekneskap | Forbruk i % i år | Status Økonomistatus | Avvik i kr |           |
| Læring og kultur - Klasseromsett pultar/stolar 30 stk | 250               | 0         | 0,0 %            | Ikkje vurdert        | 250        |           |
| Sum                                                   | 250               | 0         |                  |                      | 250        |           |

## Statustekst investeringar

### Hareid musikk- og kulturskule

## Beskriving av tenesteområde

### SEKTOR FOR LÆRING OG KULTUR

#### Hareid Musikk- og Kulturskule

Rektor/einingsleiar: Torgeir L. Hauge

Beskriving av verksemda i dag

#### Målsetjing

- gi eit frivillig opplæringstilbod innan ulike kulturfag til alle mål og aldersgrupper i kommunen, med særleg vekt på born og unge.
- utvikle og styrke sin posisjon som eit kulturelt kreativt kompetansesenter i kommunen.
- vere med på å profilere og marknadsføre kommunen sine opplærings og aktivitetstilbod.

### **Rammevilkår**

**Økonomi:** Økonomien for H.M.K. er som for dei fleste andre ganske trong, men på grunn av stram økonomistyring og innsparing på drift kan vi fortsette med same aktivitetsnivå som tidlegare.

**Elev:** Vi har pr. i dag 234 elevplassar fordelt på desse disiplinane: Song, gitar, piano, keyboard, tv.fløyte, fiolin, el.orgel, messing og treblås instrument, visuell kunst, dans/dansemix. Vi sel også aspirantopplæring og dirigentteneste til fleire av korpsa i kommunen. Ventelista er pr. i dag på 45 søkjarar.

**Personale:** Her er 11 lærarar som er tilsett i deltidsstilling, pluss rektor.

**Undervisning:** Det meste av undervisninga foregår i H.M.K. sine lokale, 2. høgda i Hareidhallen, men vi har og undervisning i alle skulekrinsane i kommunen.

### **Overordna mål**

Utfordringar og strategi

**H.M.K. har som mål/utfordring å:**

- gi elevane eit tilbod for å oppleve, skape og utøve kunst og kultur ved eigenaktivitet og i møte med andre utvikle elevane sin musikalske, kunstneriske og kulturell kompetanse i høve til den enkelte sin føresetnad, slik at dei kan få ein vedvarande og meningsfylt fritidsaktivitet, og eit godt grunnlag for eventuell seinare yrkesutdanning innan kulturfag.

**Resultatmål:**

-Venteliste og effektiv drift arbeider vi stadig med. Ventelistene har vorte noko høgare, og per i dag står der 43 på lista. Enkelte disiplinær har ikkje venteliste, medan dei mest populære har noko høgare .

**Utvalde resultat**

Som ein ser er der eit vist overforbruk.

Som tidlegare sagt skuldast dette utelukkande ei total skeivfordeling av utgifter til SSIKT.

Pr. november er musikk- og kulturskolen belasta med 632.000,- i utgifter til SSIKT.

**Viktige hendingar**

Ingen spesielle hendingar i 2024

**Status økonomi i rammeområdet**

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 2 839             | 3 116             | 2 654             | -462       | -17,4 %   |

**Økonomistatus per konto**

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr  |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|-------------|
| Lønn                  | 3 099             | 3 526              | 3 526             | 3 199             | 327         |
| Refusjon lønn         | -53               | -124               | -124              | -10               | -114        |
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>3 046</b>      | <b>3 403</b>       | <b>3 403</b>      | <b>3 189</b>      | <b>213</b>  |
| Drift                 | 126               | 171                | 171               | 439               | -268        |
| Kjøp av produksjon    | 740               | 250                | 250               | 654               | -404        |
| Overføringer          | 11                | 36                 | 18                | 10                | 8           |
| Finansutgifter        | 0                 | 0                  | 0                 | 0                 | 0           |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>876</b>        | <b>457</b>         | <b>439</b>        | <b>1 102</b>      | <b>-663</b> |
| Brukerbetaling        | -919              | -1 059             | -1 059            | -936              | -124        |
| Refusjoner            | -101              | -146               | -128              | -155              | 27          |
| Finansinntekter       | -64               | 0                  | 0                 | -84               | 84          |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>-1 083</b>     | <b>-1 206</b>      | <b>-1 187</b>     | <b>-1 176</b>     | <b>-12</b>  |
| <b>Netto resultat</b> | <b>2 839</b>      | <b>2 654</b>       | <b>2 654</b>      | <b>3 116</b>      | <b>-462</b> |

**Kommentar til status økonomi**

Året 2024 har musikk- og kulturskolen vorte belasta med 632 000,- i IKT utgifter.

Dette er utgifter som skulle vore fordelt ut over alle skulane og barnehagane.

Dette har no vorte retta i 2025, men er sjølv sagt forklaringa på korleis det gjekk i 2024.

## **Oppsummering tiltak**

Trekke ut IKT utgifter.

## **Ressurssenteret**

### **Beskriving av tenesteområde**

Ressurssenteret driv vaksenopplæring og flyktningkontor etter integrerings,- og opplæringslova.

Vi buset flyktningar og driv opplæring i norsk og samfunnskunnskap for både flyktningar og andre innvandrarak med rett og/eller plikt, samt asylsøkarar frå mottaket.

Vi driv introduksjonsprogrammet som kvalifiserer flyktningar til arbeid eller vidare utdanning.

Vi gir og individuell tilrettelagt undervisning for vaksne i Hareid som har medfødt eller erverva funksjonsnedsetjing, språk og talevanskar, syn eller hørselshemming, og/eller spesifikke lærevanskar.

Vi gir førebuande opplæring for vaksne (grunnskule) i Hareid for deltakarak også frå Ulstein, Sande og Herøy i tillegg til Hareid sine. (Interkommunalt samarbeid sidan 1997)

I tillegg tilbyr vi kunnskaps,- og etablererprøver etter serveringa,- og alkohollova, samt skatte,- og avgifts-, rekneskaps-, konkurs,- og arbeidsmiljølovgivinga.

Vi er og autorisert tilbydar av kompetanse-hevande kurs for bedrifter etter Kompetanseplussordninga frå Hk dir, som dermed vert gratis for arbeidstakarak og -gjevarar som ynskjer det.

### **Overordna mål**

Overordna mål er å få flyktningar og andre innvandrarak med rett og plikt kvalifisert til arbeid eller vidare utdanning.

Vidare arbeider vi for ei god integrering og inkludering i lokalsamfunnet og arbeider tett med alle kommunale einingar, samt private næringar og bedrifter, og frivillige organisasjonar.

### **Utvalde resultat**

Politisk måltal om å busette 75 flyktningar, vart ikkje nådd grunna rammefaktorar, der manglande bustadar vog tyngst. Nytt prosjekt med bygging av 18 bueiningar på Brekkane har tatt lengre tid enn fyrst tenkt, og vart ikkje ferdigstilt i 2024, som fyrst tenkt. Vi busette 40 flyktningar.

### **Viktige hendingar**

Stortinget vedtok ny opplæringslov og nye læreplanar for vaksne frå 1.august 2024, med modulstrukturert opplæring (Kap 18): FOV - forberedande opplæring for vaksne.

## Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | -10 449           | -15 706           | -11 020           | 4 686      | 42,5 %    |

## Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr   |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|--------------|
| Lønn                  | 17 560            | 18 798             | 18 798            | 18 856            | -58          |
| Refusjon lønn         | -57               | 0                  | 0                 | -631              | 631          |
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>17 504</b>     | <b>18 798</b>      | <b>18 798</b>     | <b>18 225</b>     | <b>573</b>   |
| Drift                 | 4 596             | 1 853              | 1 853             | 1 299             | 554          |
| Kjøp av produksjon    | 1 486             | 1 719              | 1 719             | 1 521             | 198          |
| Overføringer          | 999               | 271                | 246               | 133               | 113          |
| Finansutgifter        | 0                 | 0                  | 0                 | 0                 | 0            |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>7 081</b>      | <b>3 843</b>       | <b>3 818</b>      | <b>2 953</b>      | <b>865</b>   |
| Brukerbetaling        | -3 220            | -1 000             | -1 000            | -1 350            | 350          |
| Refusjoner            | -5 084            | -30 341            | -10 316           | -614              | -9 702       |
| Overføringer          | -26 730           | -2 320             | -22 320           | -34 921           | 12 601       |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>-35 033</b>    | <b>-33 661</b>     | <b>-33 636</b>    | <b>-36 884</b>    | <b>3 248</b> |
| <b>Netto resultat</b> | <b>-10 449</b>    | <b>-11 020</b>     | <b>-11 020</b>    | <b>-15 706</b>    | <b>4 686</b> |

## Kommentar til status økonomi

Ressurssenteret går samla sett i pluss med kr 4 686 042 ,- i 2024. Vi driftar effektivt og rasjonelt i høve undervisning og kvalifisering av flyktningar til arbeid.

Drift av Ressurssenteret som eining med ansvarsområde 2700, vert i si heilheit dekkja av tilskot tilført av IMDi.

Integreringstilskot skal og dekke kostnader i andre einingar som fyl opp flyktningar.

Til dømes Hareid skule og Hareid ungdomsskule i høve undervisning og oppfølging av busette flyktningborn og -ungdom, samt NAV som har fått auka sosialkostnader i høve etablering av bustadar og flyktningar.

Målet med midlane er god integrering av heile familiar i lokalsamfunnet og arbeid for dei vaksne.

## Oppsummering tiltak

Ingen særskilde tiltak i 2024

## Bigset barnehage

### Beskriving av tenesteområde

#### Verksemda i dag

Bigset barnehage har vore ein populær barnehage i sin krins. Det er mange småbarnsfamiliar som har etablert seg rundt. Barnehagen ligg nær skulen i krinsen, og har eit godt samarbeid. Det gir trygge overgangar for borna.

Barnehagen har 3 avdelingar, og det kjem stadig nye born inn. Vi er heldige som har gode naturområder rundt som vi nyttar oss av.

Arbeidsmiljøet er godt og personalet trivast i barnehagen. Vi jobbar kontinuerleg med at miljøet skal vere trygt. Vi er heldige at personalet ynskjer å vere her og har god stabilitet.

#### Overordna mål

Vi jobbar med kompetanseheving heile året. Språk og lek har vore felles satsingsområde i barnehagane på Hareid dei siste åra.

På møta våre har vi tema knytt opp til språk og lek. Vi arbeidar med problemstilling, tiltak/aksjonar og vegen heilt ut til borna. Det er her vi må finne gode metodar slik at borna dreg nytte av utviklinga.

Bigset barnehage og Hareid barnehage er no i eit samarbeid med Høgskulen i Volda, vår 2025, der vi besøker barnehagane, hentar inspirasjon og samtalar rundt arbeidet vi gjer. Vi reflekterer rundt eigen praksis og har mellomarbeid til neste møte. Personalet set seg må opp mot lek som blir evaluert på møter. Dette er Rekomp samarbeid med nettopp språk og lek som tema.

#### Utvalde resultat

#### Bemanning, sjukefråvær, barnetal

Det er til tider høgt sjukefråver og ein del ferieavvikling som gjer at det kan vere vanskeleg å få nok vikarar. Styrar går inn og dekkjer opp. Avdelingane hjelper kvarandre og personalet strekkjer vaktene sine. Dette kan vere veldig utfordrande. Vi har behov for å leige inn vikar ved fråver for å klare å halde ope i heile opningstida.

Vi har godt søkjartal til barnehagen. Her er 10 førskuleborn som skal starte i skulen. og vi har 11 heilt nye som skal inn, tillegg til at vi no på våren tek inn 2 born meir enn vi skulle fordi dei har kome flyttande.

## Viktige hendingar

Vi har hatt behov for ein støyvegg for å ta ned støy frå hovudvegen. Denne er no ferdig, og det er veldig positivt for utemiljøet. Dette skjermar og vert lunt. Og vi er spent på om den har noko virkning ifh til støynivået frå trafikken.

Barnehagen har godt samarbeid med driftsteknikarar som følgjer opp og hjelper til å prioritere utbedringar innanfor rammer. Det er viktig å vedlikehalda bygget slik at vi held standarden oppe. FAU har gode innspel til korleis vi kan utbedre området og vi skal saman med dei sette igang dugnad no når våren kjem.

## Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 10 673            | 10 018            | 8 412             | -1 606     | -19,1 %   |

## Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr    |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|---------------|
| Lønn                  | 13 205            | 11 458             | 11 458            | 12 238            | -780          |
| Refusjon lønn         | -1 242            | -1 149             | -1 149            | -1 392            | 243           |
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>11 963</b>     | <b>10 309</b>      | <b>10 309</b>     | <b>10 846</b>     | <b>-537</b>   |
| Drift                 | 689               | 523                | 523               | 691               | -168          |
| Kjøp av produksjon    | 141               | 240                | 240               | 103               | 137           |
| Overføringer          | 110               | 42                 | 92                | 110               | -17           |
| Finansutgifter        | 0                 | 0                  | 0                 | 14                | -14           |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>940</b>        | <b>805</b>         | <b>855</b>        | <b>917</b>        | <b>-61</b>    |
| Brukerbetaling        | -2 022            | -2 610             | -2 610            | -1 637            | -973          |
| Refusjoner            | -209              | -92                | -142              | -107              | -35           |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>-2 230</b>     | <b>-2 702</b>      | <b>-2 752</b>     | <b>-1 744</b>     | <b>-1 008</b> |
| <b>Netto resultat</b> | <b>10 673</b>     | <b>8 412</b>       | <b>8 412</b>      | <b>10 018</b>     | <b>-1 606</b> |

## Kommentar til status økonomi

Lønn: stabilt, har vore same personal. Mykje sjukefråver. Vi må setje inn vikar for å klare å halde åpent. Ikkje alltid vi har vikar heller.

Utgifter: Lave summar til innkjøp, noko kan vi vente med og andre ting må vi investere i.

Inntekter: Hos oss ligg brukar-betaling dobbelt så høgt enn det som er forventa. Dette har vore sagt frå om, og ikkje endra. Denne gjer at det allereie ligg stort i minus.

Vi har mange søkjarar, men vi vil halde same barnetal som vi har no på slutten av dette barnehageåret, kanskje med nokon born itillegg.

## Hareid barnehage

### Beskriving av tenesteområde

Hareid barnehage ligg sentralt på solsida på Hareid, og har eit stort og ulendt uteområde som er svært gunstig for motorisk utvikling. Barnehagen har kort veg til gode turmål som Hareid skule, sentrum, sjukeheim, leikeplassar, skog og fjell. Den har to avdelingar: Tusenfryd (0-3 år) og Blåklukke (3-6 år). Barnehagen har eit samarbeid med ressursenteret der den driftar åtte plassar til flyktningbarn.

Barnehagen er ein pedagogisk verksemd med eit viktig samfunnsmandat som er forankra i Lov om barnehagar med forskrifter (barnehagelova). Rammeplanen gir informasjon om kva barnehagen tilbyr barn og foreldre og gir eit grunnlag for samarbeid mellom heim og barnehage.

### Overordna mål

Pedagogiske mål: Å skape eit trygt, inkluderande og stimulerande miljø der barna kan utvikle seg gjennom leik, læring og sosial samhandling. Vi har hatt eit spesielt fokus på språk, leik og vaksenrolla for å sikre ei heilskapleg utvikling for barna.

Økonomi: Å arbeide målretta for å halde budsjetttramma.

### Utvalde resultat

I 2024 brukte vi Alternativ Supplerande Kommunikasjon (ASK) som språkleg støttemateriell. Dette var ei god støtte for forståing, struktur og forutsigbarheit for mange barn.

Vi arbeidde med prosjektet "Livet og sånt", som hadde som mål å styrke og fremje psykisk helse, skape eit trygt og godt miljø, og forhindre mobbing. Gjennom prosjektet fekk barna kjennskap til kjensler, mobbing og venskap.

I barnehagen møtte barna tilsette som var autoritative. Dei viste varme og omsorg for barna, samtidig som dei var tydelege. Dei arbeidde bevisst for å utvikle gode relasjonar til barna, føresette og kollegar.

Vi hadde eit kontinuerleg fokus på arbeidsmiljøet. Gjennom året implementerte vi fleire tiltak for å styrke trivsel og samarbeid blant dei tilsette. På personalmøta brukte vi dialogspel som eit verktøy for å fremje open kommunikasjon og samarbeid. Dei tilsette gav positive tilbakemeldingar på dette tiltaket, og opplevde det som både nyttig og kjekt.

Arbeidet med arbeidsmiljøet er ein kontinuerleg prosess. Vi hadde jamlege evalueringar og justeringar for å sikre at alle tilsette trivst og følte seg verdsette.

Barnehagen har eit positivt nettoresultat i budsjettet for 2024.

## Viktige hendingar

Ingen spesielle hendingar i 2024

## Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 4 454             | 4 095             | 4 478             | 383        | 8,6 %     |

## Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr  |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|-------------|
| Lønn                  | 5 823             | 6 323              | 6 323             | 6 188             | 135         |
| Refusjon lønn         | -1 114            | -809               | -809              | -534              | -275        |
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>4 709</b>      | <b>5 514</b>       | <b>5 514</b>      | <b>5 654</b>      | <b>-140</b> |
| Drift                 | 340               | 287                | 287               | 397               | -110        |
| Kjøp av produksjon    | 116               | 160                | 160               | 85                | 75          |
| Overføringer          | 101               | 42                 | 52                | 58                | -5          |
| Finansutgifter        | 0                 | 0                  | 0                 | 40                | -40         |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>557</b>        | <b>489</b>         | <b>499</b>        | <b>580</b>        | <b>-80</b>  |
| Brukerbetaling        | -678              | -597               | -597              | -646              | 49          |
| Refusjoner            | -134              | -928               | -109              | -58               | -51         |
| Overføringer          | 0                 | 0                  | -830              | -1 435            | 605         |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>-812</b>       | <b>-1 525</b>      | <b>-1 536</b>     | <b>-2 139</b>     | <b>603</b>  |
| <b>Netto resultat</b> | <b>4 454</b>      | <b>4 478</b>       | <b>4 478</b>      | <b>4 095</b>      | <b>383</b>  |

## Kommentar til status økonomi

### Lønn:

Eit negativt avvik på lønn - 139 796 , avviket må sjåas i samanheng med konto 18100 . Barnehagen her fått inn tilskot som dekker lønnsutgifter knytt til mottaksbarnehagen.

Ein liten del av avviket skyldast at barnehagen har tatt inn fleire barn i 2024 enn det var budsjettet for.

### Utgifter:

Avvik på - 80 353

58 000 er knytt opp til SSIKT-kostnader som ikkje var budsjettet for.

### Inntekter:

Har fått ei meir inntekt i budsjettet på 603 213. Inntektene er knytt til mottaksbarnehagen.

#### **Nettoresultat:**

Eit positivt nettoresultat 383 064,- 8,6%.

### **Syverplassen barnehage**

#### **Beskriving av tenesteområde**

Syverplassen er bygd som ein 3-avdelings barnehage. Vi har hatt god søknad til barnehagen, og barnetalet ligg mellom 62-69.

For å få plass til alle som søker plass, har vi omorganisert det fysiske miljøet inne og ute. Borna er no delt i 4 avdelingar, der det alltid er ei gruppe som er ute i leikarhytta og i gapahuken. Dette har fungert godt.

I takt med auka barnetal har også bemanninga auka. Denne auken har ført til ei utviding av Syverplassen på 180 kvm.

#### **Overordna mål**

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd med eit viktig samfunnsmandat som er forankra i Lov om barnehagar med forskrifter (barnehagelova). Rammeplanen gir informasjon om kva barnehagen tilbyr barn og foreldre, og den gir eit grunnlag for samarbeid mellom heim og barnehage.

Ei viktig målsetting for Syverplassen er at vi gjennom mangfald, inkludering, språk og eit godt læringsmiljø, skal bygge flest moglege kompetente, trygge og glade barn.

Felles teoriforankring knytt til språk og leik har vore eit satsingsområde dei siste 2-3 åra. I 2024 har vi og hatt Rekomp samarbeid knytt til Norlandia barnehagen og høgskulen i Volda. Å meistre språket er viktig for å kunne delta og vere ein del av leiken. Gjennom språket vil borna kunne kommunisere om ulike leiketema, og dette er med på å styrke samspelet og kommunikasjonen mellom borna.

Kompetansen i Syverplassen er høg. Vi jobbar systematisk med kompetanseheving knytt til satsingane på fagdagar og på alle personalmøte

#### **Utvalde resultat**

##### **Arbeidsmiljø:**

Leiargruppa, tillitsvalde og verneombodet arbeider kontinuerleg og systematisk med arbeidsmiljøet i barnehagen. Vi legg til rette for ei fellesforståing for arbeidsoppgåver, forventningar til kvarandre og at alle tilsette skal kjenne seg inkluderte i personalgruppa. Vi har arbeidd fram eit felles verdisyn der alle får seie meininga si, vert lytta til og respektert for den dei er. Vi har eit mål om å gjere kvarandre gode.

##### **Bemanning og høgt arbeidspress:**

Med store barnegrupper og lang opningstid på 10,15 t er det ikkje mogleg å drifte avdelingane utan å sette inn vikarar ved sjukefråvær og ved ferieavvikling. Sjølv om vi samarbeider på tvers av avdelingane, og styrar går inn som vikar, er ikkje det ei god løysing. Belastninga på tilsette er allereie stor, og faren for

fleire sjukmeldingar er aukande.

No er betalt matpause historie. Det betyr at tilsette arbeider 30 min lenger kvar dag. Kanskje litt tidleg å skrive korleis kvar einskild opplever dette, men så langt er stemninga betre enn på lenge.

## Viktige hendingar

Nybygg i Syverplassen

I mars i år flytta vi inn i nybygget vårt på 180 kvm. Vi har endeleg fått ei personalavdeling vi kan vere stolte av.

Bygget rommar: Arbeidsrom for tilsette, møterom, personalrom, grupperom, vognrom, toalett, vaskerom, vognrom og to leikerom. Vi er kjempenøgde!

Eit stor "skår" i gleda er at vi ikkje har fått investeringsmidlar til å møblere påbygget. No har vi eit bygg vi ikkje kan ta i bruk!

Uteleikeklassen :

Vi er svært takksame og glade for at Hareid kommunestyre har gjort vedtak på 9 mill. til ei oppgradering av læringsmiljøet ute.

Dette vert ei viktig satsing for born og tilsette i barnhagen, men og for alle småbarnsfamiliar og ungdomar på Hareid.

## Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 10 442            | 10 064            | 9 786             | -278       | -2,8 %    |

## Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr  |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|-------------|
| Lønn                  | 12 034            | 11 702             | 11 702            | 11 725            | -23         |
| Refusjon lønn         | -73               | -410               | -410              | -464              | 54          |
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>11 961</b>     | <b>11 292</b>      | <b>11 292</b>     | <b>11 262</b>     | <b>31</b>   |
| Drift                 | 605               | 574                | 574               | 640               | -65         |
| Kjøp av produksjon    | 128               | 210                | 210               | 93                | 117         |
| Overføringer          | 96                | 78                 | 88                | 92                | -4          |
| Finansutgifter        | 0                 | 0                  | 0                 | 76                | -76         |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>829</b>        | <b>862</b>         | <b>872</b>        | <b>900</b>        | <b>-28</b>  |
| Brukerbetaling        | -2 095            | -2 116             | -2 116            | -1 890            | -225        |
| Refusjoner            | -252              | -253               | -263              | -207              | -56         |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>-2 347</b>     | <b>-2 369</b>      | <b>-2 378</b>     | <b>-2 097</b>     | <b>-281</b> |
| <b>Netto resultat</b> | <b>10 442</b>     | <b>9 786</b>       | <b>9 786</b>      | <b>10 064</b>     | <b>-278</b> |

## Kommentar til status økonomi

### Månadsrapportering - desember 2024

Løn: Positivt avvik på 30 789

**Utgifter :** Negativt avvik på -28 022

Avviket er knytt til: driftsavtalar, datautstyr, lisensar, straum, andre konsulenttenester

**Inntekter:** Negativt avvik på kr. 281 089

Brukarbetalinga per plass er frå 01.08.24 redusert frå kr 3000 til 2000 per plass. I tillegg har fleire føresette redusert foreldrebetaling grunna låg inntekt. Dette gir lågare inntekter enn budsjettet.

Nettoresultat: negativt avvik på 278 322

## Barnevern

### Beskriving av tenesteområde

Søre Sunnmøre barnevernssamarbeid har sidan 2014 vore ei interkommunal teneste med kommunane Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta med Volda kommune som vertskommune. Frå 01.01.2020 kom Sande kommune inn i samarbeidet. Frå same dato har tenesta vore ein del av sektor oppvekst i Volda kommune. Frå 01.01.23 kom Vanylven kommune inn i samarbeidet.

Tenesta er organisert i seksjonar, som arbeider etter fasane ei barnevernssak. Seksjonane har faste møte ein gong i veka, der ein drøftar sakene. Ein legg vekt på å snakke med barna i alle fasane og det skal kome tydeleg fram i arbeidet kva barna seier om sin situasjon. Endringane som lover og føreskrifter legg opp til er førande for arbeidet.

Tverrfagleg samarbeid har eit sterkt fokus for tenesta og tilsette tek del i fleire faglege fora i kommunane som er med i samarbeidet.

### Seksjon mottak og undersøking

Teamet tek i mot og går gjennom meldingar og gjer undersøkingar.

### Seksjon Tiltak

Hjelpetiltaksteamet arbeider i hovudsak med å gi frivillig hjelp til heimebuande barn og deira familiar. Størstedelen barn som tek i mot hjelp frå barnevernstenesta får hjelp frå dette teamet.

### Seksjon omsorg

Omsorgsteamet tek seg i hovudsak av oppfølging av barn og unge som bur utafor heimen, i fosterheim eller i institusjon. Ein følgjer også opp dei som har fylt 18 år, og som samtykker til ettervern.

### Seksjon familieteam

Familieteamet arbeider direkte med endringstiltak i familiane på oppdrag frå seksjonane i tenesta.

## Viktige hendingar

### Aktivitet i 2024

Barnevernsreforma som vart sett i verk med ny barnevernlov i 2022 har også hatt fokus i 2024. Tenesta tek del i Bufdir si kompetansesatsing i samband med reforma. Fleire tilsette er i gang med vidareutdanning for å imøtekomme kompetansekravet som vert stilt i ny Barnevernlov. Vi samarbeider med dei andre barnevernstenestene i Møre og Romsdal, statsforvaltaren og Bufdir om fleire felles prosjekt i høve kompetansestyrking.

Kommunane som er med i samarbeidet er alle opptekne med å kartlegge og utvikle god tverrfagleg samhandling. Alle kommunane er BTI kommunar. Tenesta er engasjert i dette arbeidet og ser at det er viktig for å sikre at det einiskilde barnet får rett hjelp til rett tid.

Bufdir og KS er i ferd med å innføre ei felles digital løysing for barnevernstenestene i kommunane. Dette fører til at tenestene må anskaffe nytt fagprogram som fungerer opp mot dette. Tenesta har hatt ansvar for anskaffing av nytt fagprogram på vegne av 13 kommunar i Møre og Romsdal. Dette arbeidet vart sluttført i 2024 og tenesta starta opp med nytt fagprogram i november 2024. Overgangen til dette kjem til å halde fram å ha fokus i 2025.

Det vart rapportert fristbrot i 12 av 71 undersøkingar i Hareid kommune ved årsskiftet. Seksjon mottak og undersøking har arbeidd godt og målretta og tenesta som heilheit har vore med på å gjere gode grep for å redusere talet på fristbrot. Vi erfarer at sjukefråvær, nyttilsettingar o.a raskt får konsekvensar for å tilfredsstille krava som er stilt oss.

Det har vore saker i nemnd og rett gjeldande fire barn i Hareid i 2024.

Barnevernsvakt for alle kommunane på Sunnmøre vart etablert desember 2019, med Ålesund som vertskommune. Barnevernsvakta har motteke 295 meldingar som gjeld barn frå våre kommunar i 2024. Frå Hareid kommune har barnevernsvakta motteke 86 meldingar. Barnevernstenesta er svært nøgd med samarbeidet med barnevernsvakta, og ser at det avlastar og fører til færre akutte saker. Dei tilsette ved barnevernsvakta har god kompetanse på akuttarbeid, og klarer i stor grad å roe ned situasjonar og gi god rettleiing til dei som vender seg til dei.

Alle kommunane i samarbeidet tek i mot auka tal med flyktningar grunna krigen i Ukraina. Barnevernet har fått fleire saker som gjeld barn av busette flyktningar. Naturleg nok er ukrainske barn ein del av biletet. Sakene er til dels krevjande og akutte, og språkbarrieren gjer sakene ekstra utfordrande og tidkrevjande. Vidare er sakene utfordrande barnevernfagleg, og tenesta har hatt behov for å søke hjelp både hjå konsulat og Bufdir si avdeling for utanlandssaker.

### Økonomi:

| ÅRSOPPGJER 2024 BARNEVERNTENESTA                       | Hareid     | Sande     | Ulstein    | Volda      | Ørsta      | Vanylven  | Samla kostand<br>år 2024 |
|--------------------------------------------------------|------------|-----------|------------|------------|------------|-----------|--------------------------|
| F244 Felleskostnad inkludert advokatkostnad pr kommune | 6 034 120  | 2 425 269 | 9 950 954  | 11 798 083 | 12 566 136 | 2 371 497 | 45 146 059               |
| F251 Tiltak i familien                                 | 683 454    | 209 952   | 206 959    | 528 402    | 451 527    | 92 981    | 2 173 275                |
| F252 Tiltak utanfor familien                           | 10 282 814 | 2 272 783 | 6 562 942  | 10 222 948 | 9 243 962  | 5 294 327 | 43 879 776               |
| Samla refusjonskrav pr. kommune                        | 17 000 388 | 4 908 004 | 16 720 855 | 22 549 433 | 22 261 625 | 7 758 805 | 91 199 110               |
| Innbetalt gjennom året                                 | 18 415 413 | 5 202 796 | 17 320 367 | 22 052 678 | 23 591 062 | 8 569 490 | 95 151 806               |
| ÅRSOPPGJER 2024 BARNEVERNTENESTA                       | -1 415 025 | -294 792  | -599 512   | 496 755    | -1 329 437 | -810 685  | -3 952 696               |

Det er innsparing i fleire av kommunane knytt til tiltak i familien. Det skuldast mellom anna at barnevernstenesta tilbyr tiltak til familiar som dei ikkje samtykker til eller av andre grunnar vert vurdert som ikkje hensiktsmessige og derfor ikkje vert sett i verk. Det er også tiltak som vert avslutta gjennom året og tiltak som ikkje vert iverksett fordi vi ikkje får tak i oppdragstakarar. Eit barn som budde på institusjon er tilbakeført til familien i løpet av året.

### Sjukefråvær:

Sjukefråværet samla for 2024 er 13,27 %. Langtidsfråværet utgjer største del av sjukefråværet. Sjukemelde får oppfølging og det vert arbeidd med å tilretteleggje for den einskilde. Tenesta har fokus på arbeidsmiljø og leiarstøtte. Tilsette har individuell rettleiing med næraste leiar kvar 14.dag og grupperettleiing med ekstern rettleiar. Vi erfarer at eit så høgt sjukefråvær utfordrar oss. Det vert brukt mykje tid på å sikre at barna som vert meldt til oss får rett hjelp til rett tid. Tenesta er oppteken av å hjelpe kvarandre på tvers av seksjonar for å sikre at arbeidet vert gjort. Det har over tid vore eit fokus på stress og stressmeistring i tenesta. Hausten 24 arrangerte vi ein intern faglag med dette temaet. Arbeid med fokus på dette held fram og vi vil mellom anna sjå nærare på debrief og ivaretaking av tilsette i samband med krevjande hendingar.

### Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 19 017            | 18 133            | 16 725            | -1 408     | -8,4 %    |

### Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr    |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|---------------|
| Drift                 | 3                 | 0                  | 0                 | 3                 | -3            |
| Kjøp av produksjon    | 19 019            | 16 775             | 16 775            | 18 221            | -1 446        |
| Overføringer          | 1                 | 0                  | 1                 | 1                 | 0             |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>19 023</b>     | <b>16 775</b>      | <b>16 776</b>     | <b>18 225</b>     | <b>-1 449</b> |
| Refusjoner            | -5                | -50                | -51               | -1                | -50           |
| Finansinntekter       | 0                 | 0                  | 0                 | -91               | 91            |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>-5</b>         | <b>-50</b>         | <b>-51</b>        | <b>-92</b>        | <b>41</b>     |
| <b>Netto resultat</b> | <b>19 017</b>     | <b>16 725</b>      | <b>16 725</b>     | <b>18 133</b>     | <b>-1 408</b> |

### Kommentar til status økonomi

### Velferd

### Beskriving av tenesteområde

### Sektorskildring

Sektoren har desse einingane: Helse- og koordinerande eining, bu- og habiliteringsteneste, Reina, heimeteneste, korttidseining, skjerma eining, bu-eining og kjøkken.

Sektor for velferd skal være ein kompetanse- og kvalitetsorganisasjon.

2024 har vore eit år der ein har fått merke at økonomien har vore særst stram. Tidleg i 2024 såg sektoren at budsjetta som vi har fått var urealistiske stramme og det var behov for å gjere store grep, om vi skulle greie å rette opp noko av ubalansen. Ein sette derfor inn fleire tiltak, men tiltaka merka ein ikkje før på hausten. September 2024 vart det vedtatt ein ny kvalitetstandar som gjorde at vi kunne stramme inn på ein del av dei vedtaka som vi hadde og innføre ein ny tildelingspraksis.

Mange av tiltaka har vore særst utfordrande å gjennomføre, ettersom det har medført store endringar for både innbyggjarar og tilsette. Det har medført at dei tilsette er slitne, etter at fleire oppgåver har måtte blitt utført av færre personar. Dette er nok ein medverknad, til det auka sjukefråværet. For innbyggjarane vart dette merkbart med at fleire av dei tenestene kommunen har levert, har no blitt innbyggjar oppgåve.

Einingsleiarane har verkeleg gjort ein eineståande innsats for å gjere sektoren meir berekraftig. På grunn av stort leiarspenn er det særst krevjande å ha fag, personal og økonomiansvar. Eg vil også takke dei tilsette som yter tenester til innbyggjarane i Hareid kommune. Eg ser den innsatsen og dedikasjonen dykk viser, på grunn av dykk greier vi å gi gode tenester sjølv om vi er inne i ei vanskeleg tid.

Takk også til tillitsvalte og verneteneste for eit godt samarbeid i 2024.

På grunn av innsparingar så har kommunalsjef fungert som einingsleiar for koordinerande eining, etter at einingsleiar sa opp stillinga si etter sommaren. Dette har medført ei stor belastning for kommunalsjefen og resten av sektoren ettersom han måtte sjonglere 2 x 100% stillingar.

Kommunalsjef Røyset har også vore leiar for lokalt samhandlingsutval (LSU) og er medlem i Strategisk samhandlingsutval. Dette gjer at Hareid kommune hadde ei viktig rolle i samhandlinga mellom kommunane på Søre opp mot HMR.

## Overordna mål

Overordna mål:

- Gode og forsvarlege tenester til pasientane og gode pasientforløp.
- sikre godt arbeidsmiljø for dei tilsette.
- Drifte med utgangspunkt i vedteke budsjett.

For å synleggjere sektoren sin politisk vedtekne måloppnåing har vi teke utgangspunkt i Helse- og omsorgsplanen som vart vedtatt i 2021.

Det har vore vanskeleg å få høgare måloppnåing grunna den økonomiske situasjonen og dei prioriteringane vi har måtta gjort.

|   | Tiltak                                                      | oppstart | Avslutting | Måloppnåing                                                                                                                             |
|---|-------------------------------------------------------------|----------|------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 1 | Pålhaugen prosjektet                                        | 2021     | 2024       | Utbygging endeleg godkjent i 2024. Ferdigstillast i 2026                                                                                |
| 2 | Prosedyre for utleie av kommunale bustader                  | 2021     | 2022       | Velferd i lag med Bygg eininga lagar ein plan for utleie. plan ferdig i 2024                                                            |
| 3 | Rus-politisk handlingsplan                                  | 2021     | 2024       | Blir revidert i lag med alkoholpolitisk handlingsplan. KST vedtak mai 2024                                                              |
| 4 | Bruk av eksterne tenester                                   | 2022     |            | Ein har ikkje nytta seg av innleie i sektor for velferd i 2024. Ein har også redusert bruk av kjøpte helse og omsorgstenester tenester. |
| 5 | Kompetanseplan                                              | 2021     |            | Planen blir vurdert kvart år ut i frå kva kompetanse sektoren treng.                                                                    |
| 6 | Informasjon på heimesidene samsvarer med kvalitetsstandaren | 2022     |            | Sektoren jobbar fortløpande med å oppdatere og utvikle heimesidene                                                                      |
| 7 | Kvalitetstandar tenesteutvikling                            | 2021     |            | Gjennomført september 2024                                                                                                              |

|    |                                    |      |      |                                                                                                                                                                                         |
|----|------------------------------------|------|------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 8  | Demensplan                         | 2023 | 2024 | Har ikkje starta på planen                                                                                                                                                              |
| 9  | Plan for samarbeid med frivillige. | 2022 | 2022 | Det vart gjennomført eit møte mellom sektor for velferd og frivilligheita. Plan for samarbeid med frivillige ligger til kultur avdeleinga                                               |
| 10 | Døgnbemanna bustadar.              | 2022 | 2025 | Det er meldt inn politisk, behovet for bustader til eldre for å kunne handtere den forventa auka av eldre i åra som kjem. Ikkje starta opp.                                             |
| 11 | Forsterka bustader (ROP)           | 2022 | 2022 | Tiltaket vart tatt ut av budsjettet i 2023 og ikkje vidareført for budsjettet 2024. Kom inn igjen som ei tillegsløyving. Det er skrevet kontrakt for etablering av ROP bustadar i 2025. |
| 12 | Aktivitetssenter                   |      |      | Aktivitetsenter for Bu og habilitering og dagsenter for Psykiatri er no etablert                                                                                                        |
| 13 | Førebyggjande heimebesøk           | 2022 |      | Starta opp i 2022 og er vidareført. på grunn av sjukdom og permisjonar vart dette ikkje gjennomført i 2024.                                                                             |
| 14 | Ernæring -mat og måltid            | 2022 | 2022 | Eit kontinuerlig arbeid                                                                                                                                                                 |

|    |                                           |      |      |                                                                                                                                                                                                                     |
|----|-------------------------------------------|------|------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 15 | Stabilt legesenter                        | 2022 |      | Ein har ikkje lykkast å kome i mål med ein driftsavtale og legeplan i 2024. Arbeidet fortsetter til det er på plass. Legesenteret har vore stabilt i 2024.                                                          |
| 16 | Innvandrar /flyktningar helse kartlegging | 2023 |      | Det er etablert eit tverrfagleg team som jobbar med flyktning og asyl. På grunn av innsparingar så har vi redusert ressursane som jobba med dette.                                                                  |
| 17 | Ta grep i eige liv 72-74 år               | 2022 |      | Har ikkje starta opp. Sektoren har ikkje ressursar til å starte dette opp                                                                                                                                           |
| 18 | Førebyggjande tiltak                      | 2023 | 2024 | Førebyggjandeplan er under arbeid. På grunn av ressurs omdisponering er ikkje denne planen ferdigstilt i 2024.                                                                                                      |
| 19 | Bustad for yngre                          | 2024 | 2026 | Barnebustad blir ein del av prosjektet på Pålhaugen men vi ser at det er eit behov for ulike type bustadar for dei som er 18-20. Det er eit behov for å sjå på andre tiltak for å få yngre inn på bustads markedet. |

|    |                          |      |  |                                                                                                                                                |
|----|--------------------------|------|--|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 20 | Velferdsteknologi (plan) | 2023 |  | Velferds teknologi er ein pågåande prosess ut i frå utvikling. Hareid kommune ligger etter dei nærliggande kommunane i å bruke slik teknologi. |
|    |                          |      |  |                                                                                                                                                |

## Viktige hendingar

### Politiske kommunestyre saker 2024:

- Helseplattforma.
  - *Hareid kommune seier nei til Helseplattforma og drifter tenestene som i dag og ev. vurderer andre journalsystem seinare*
- Kvalitetstandar.
  - *Kommunestyret vedtek den reviderte kvalitetstandarden for tenestying i sektor for velferd.*
- Ny samarbeidsavtale mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF 2025–2028
  - *Kommunestyret godkjenner revidert samhandlingsavtale mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane i Møre og Romsdal for perioden 2025-2029*
  - *Kommunestyret ber ordførar om å signere avtala som kommunens rettslege representant*
- Endeleg vedtak om bygging av Pålhaugane
- Vedtak om å bygge ROP bustadar
- Budsjett vedtak **12.desember 2024:**
  - *Reduksjon av 4 nye institusjonsplassar, Reduksjon 50% demenskoordinator, Avvikling av heimehjelp, Reduksjon av ei nattevakt, Avvikling av stabstilling, Generell innsparing av 1 million.*
- **26.september 2024:**
  - *Kommunestyret gir kommunedirektøren i oppdrag å sjå på ei nedskalering i tal på einingar i sektor for Velferd.*
  - *Kommunestyret gir kommunedirektøren i oppdrag å iverksette ei redifinering av behovet for stillingsressursar.*

### Organisasjon:

Karoline Flø er ny einingsleiar for kortidseininga

Sutharsiny Satheeskumar er ny einingsleiar i heimetenesta.

Ottar Røyset er konstituert einingsleiar for koordinerande eining.

Nikita Bigset er ny saksbehandlar på Velferdskontoret.

I tillegg til dem som er nemnt ovanfor så har vi fått nye medarbeidarar i andre type stillingar. Eg vil ønske alle nye medarbeidarar velkommen til oss i Hareid kommune, og takke for jobben som har blitt gjort av dei som har blitt pensjonistar eller har slutta.

### Viktige hendingar:

- Vedtak om bygging av Pålhaugen omsorgsenter
- Vedtak om bygging av ROP bustader
- Vedtak om ny kvalitetstandar
- Ferieavvikling: I 2023 laga vi eigne sommaravtalar med våre eigne tilsette. Dette var ein suksess som gjorde at dekkinga av kompetanse og stabilitet vart mykje betre. Vidareført i 2024.

### Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining                             | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr     | Avvik i %      |
|------------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|----------------|----------------|
| 3100-Helse og koordinerande eining | 30 395            | 27 782            | 30 535            | 2 753          | 9,0 %          |
| 4000-Velferdskontor                | 7 049             | 9 185             | 7 479             | -1 706         | -22,8 %        |
| 4021-Bueining                      | 12 480            | 12 018            | 11 169            | -848           | -7,6 %         |
| 4022-Skjerma eining                | 12 761            | 15 434            | 13 043            | -2 391         | -18,3 %        |
| 4023-Korttidseining                | 17 054            | 15 604            | 15 083            | -521           | -3,5 %         |
| 4025-Kjøkken                       | 4 766             | 4 354             | 4 622             | 268            | 5,8 %          |
| 4031-Heimeteneste eining 1         | 20 001            | 18 928            | 17 587            | -1 341         | -7,6 %         |
| 4032-Heimeteneste eining 2         | 11 652            | 11 876            | 9 567             | -2 309         | -24,1 %        |
| 4050-Bu- og habilitering           | 46 815            | 32 562            | 34 078            | 1 517          | 4,5 %          |
| 4060-Reina                         | 0                 | 16 695            | 0                 | -16 695        | 0,0 %          |
| <b>Sum</b>                         | <b>162 971</b>    | <b>164 436</b>    | <b>143 163</b>    | <b>-21 273</b> | <b>-14,9 %</b> |

### Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                      | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr     |
|----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|----------------|
| Lønn                 | 148 511           | 133 977            | 133 977           | 155 559           | -21 582        |
| Refusjon lønn        | -8 023            | -6 387             | -6 387            | -11 594           | 5 207          |
| <b>Sum Lønn</b>      | <b>140 488</b>    | <b>127 590</b>     | <b>127 590</b>    | <b>143 965</b>    | <b>-16 375</b> |
| Drift                | 12 139            | 9 469              | 9 469             | 13 392            | -3 923         |
| Kjøp av produksjon   | 60 037            | 50 984             | 50 984            | 48 744            | 2 240          |
| Overføringer         | 2 152             | 1 640              | 1 983             | 2 419             | -437           |
| Finansutgifter       | 105               | 0                  | 0                 | 656               | -656           |
| <b>Sum Utgifter</b>  | <b>74 433</b>     | <b>62 094</b>      | <b>62 436</b>     | <b>65 211</b>     | <b>-2 775</b>  |
| Brukerbetaling       | -12 053           | -13 439            | -13 439           | -13 505           | 66             |
| Refusjoner           | -38 423           | -32 785            | -33 128           | -27 128           | -5 999         |
| Overføringer         | -5                | -295               | -295              | -3 182            | 2 887          |
| Finansinntekter      | -1 469            | -1                 | -1                | -925              | 924            |
| <b>Sum Inntekter</b> | <b>-51 950</b>    | <b>-46 520</b>     | <b>-46 862</b>    | <b>-44 740</b>    | <b>-2 122</b>  |

|                | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr |
|----------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|------------|
| Netto resultat | 162 971           | 143 163            | 143 163           | 164 436           | -21 273    |

## Kommentar til status økonomi

### **Løn: Samla meirforbruk på kr. -16 375 411,-**

Starten av året var det store avvik på lønn, Sektoren stat inn fleire tiltak men ein såg ikkje effekten av dette før i september. Utfordringa var å balansere lønnsutgiftene med å gi lov pålagde tenester til innbyggjarane.

### **Utgifter: Samla meirforbruk på kr. -2 775 400,-**

Meirforbruket er i hovudsak knytt til konto for lisensar straum og innkjøp av medisinsk materiell. Ein sette inn fleire tiltak for å redusere utgiftene men på grunn av dyrtid og nødvendig kjøp av øydelagt gamalt utstyr så hamna denne posten i minus.

### **Inntekter: Samla meirforbruk på kr.- 2 122 290,-**

Sektoren styrte mot eit positivt resultat på inntekter, men på grunn av ein mottok mindre refusjon på ressurskrevjande brukarar enn budsjettert, endte sektoren med mindre inntekter enn kva vi såg for oss.

### **Nettoresultat: negativt avvik på kr. -21 273 101,-**

Det samla avviket vart stort i år også. Om ein legger kostra tala til grunn så har vi drifta sjølv med overskridingane under snittet i Møre og Romsdal , men på grunn av stramme budsjett så var det ikkje mogeleg å halde budsjettet om ein skulle følgd lovverket. Den store usikkerheita til sektoren ligger i refusjonsordningane til ressurskrevjande brukarar, der ein har stramma inn praksisen for kva vi kan ta med. Dette medførte eit avvik frå budsjettet på 6,14 millionar.

Det kan vær greit å merke seg at den totale rekneskapen frå 2023 til 2024 har økt med 0,9%. Dette er i ei tid med høgt lønnsoppgjer og dyrtid for kjøp av varer og tenester.

## Oppsummering tiltak

Einingane har jobba hardt for å sette inn tiltak som kunne lette den økonomiske situasjonen.

Fleire stillingar har vore haldt vakante og ein har også redusert talet på stillingar.

Innleie ved sjukdom har vore pressa til smertegrensa og det har nok resultert til eit høgare sjukefråvær.

Sektoren har gått gjennom alle innkjøp, lisensar mm, for å redusere utgiftene.

Ein har hatt revurderinga av dei fleste vedtak i samsvar med den reviderte kvalitetstandaren. Kvalitetstandaren vart vedteken i september, som gjer at den ikkje fekk utslag for heile 2024.

## KOSTRA Nøkkeltal

## Kostra-analyse - Pleie og omsorg

|                                                                     | Hareid<br>2023 | Hareid<br>2024 | Møre og<br>Romsdal | Kostragruppe<br>01 |
|---------------------------------------------------------------------|----------------|----------------|--------------------|--------------------|
| <b>Prioritet</b>                                                    |                |                |                    |                    |
| Netto driftsutgifter pr. innbygger til<br>Pleie og omsorg (B) **)   | 27 606         | 26 911         | 27 807             | 25 491             |
| <b>Dekningsgrad</b>                                                 |                |                |                    |                    |
| Andel innbyggere 80 år og over som<br>er beboere på institusjon (B) | 13,8 %         | 9,2 %          | 9,1 %              | 8,3 %              |
| Mottakere av hjemmetjenester per<br>1000 innbyggere (B)             | 64             | 60             | 46                 | 51                 |

\*\*) Justert for utgiftsbehov

Netto driftsutgifter pr innbyggjar til pleie og omsorg har gått litt ned i 2024 samanlikna med 2023. Mottakare av heimetenester pr 1000 innbyggere er ganske stabilt på omlag 60.

## Kostra-analyse - Kommunehelse

|                                                                | Hareid<br>2023 | Hareid<br>2024 | Møre og<br>Romsdal | Kostragruppe<br>01 |
|----------------------------------------------------------------|----------------|----------------|--------------------|--------------------|
| <b>Prioritet</b>                                               |                |                |                    |                    |
| Netto driftsutgifter pr. innbygger til<br>Kommunehelse (B) **) | 4 177          | 4 049          | 4 675              | 4 597              |

\*\*) Justert for utgiftsbehov

Utgfter til kommunehelse har gått litt ned i 2024 samanlikna med 2023.

## Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

| Investering                                      | Budsjett for året |            |                  |           |                          | Kommentar                                                                                                             |
|--------------------------------------------------|-------------------|------------|------------------|-----------|--------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                                  | Rev. bud.         | Rekneskap  | Forbruk i % i år | Status    | Økonomistatus Avvik i kr |                                                                                                                       |
| Kjøp av møblar velferd                           | 100               | 0          | 0,0 %            | Forsinket | 100                      |                                                                                                                       |
| Velferd - Dekontaminator                         | 100               | 0          | 0,0 %            | Forsinket | Iht. plan 100            | Ein har behov for å kjøpe nye dekominator, ettersom det er fleire av maskinene som lekker og ikkje fungerer optimalt. |
| Velferd - Nye senger og nattbord til institusjon | 200               | 0          | 0,0 %            | Forsinket | 200                      |                                                                                                                       |
| Sum andre prosjekt                               | 500               | 766        | 153,2 %          |           | -266                     |                                                                                                                       |
| <b>Sum</b>                                       | <b>900</b>        | <b>766</b> |                  |           | <b>134</b>               |                                                                                                                       |

## Statustekst investeringar

### Journal/IT/velferdsteknologi

Journal/IKT prosjekt (Helseplattformen) Endeleg vedtak er gjort i KST om at ein vel å seie nei til å kjøpe seg inn i Helseplattformen.

### Velferd - Dekontaminator

Ein har behov for å kjøpe nye dekominator, ettersom det er fleire av maskinene som lekker og ikkje fungerer optimalt.

### Velferd - investeringar i datautstyr

Tiltaket var i 2023, men det vart ikkje vidareført i 2024.

Det er fortsatt behov for å oppgradere it utstyret i velferd ettersom fleire tynnklientar ikkje støtter dei nye programma som er innført.

### Velferdsteknologi

På grunn av omlegging til M365 så var det behov for å bytte ein del av it utstyret til Velferd. Utsiftinga er ikkje ferdigstilt men sett på vent med tanke på endeleg avgjersle om Helseplattformen .

## Helse og koordinerande eining

### Beskriving av tenesteområde

#### Helse- og koordinerande eining

I det overordna ansvar 3100 ligg einingsleiar, dei kommunale fysioterapeutstillingane, sjukepleiar knytt til asyl-mottaket.

Eininga er sett saman av Helsestasjon- og skulehelseteneste, Teneste for psykisk helse og rus, Legetenestene, Ergoterapi og fysioterapi, dagaktivitetstilbod, støttekontakt og koordinerande eining.

## **Overordna mål**

### **Dei overordna måla for Helse og koordinerande eining :**

- Ein må ruste innbygarane til å ta kloke val, slik at dei kan ta ansvar for eige liv. (Forebygging)
- Tverrfaglig samhandling er avgjerande for å løyse problemstillingane som innbygarane kan ha. (Tverrfaglig eigarskap av problemstillingar)
- Ein må bruke ressursane riktig for å kunne få mest mogleg effekt, og utvikle oss i tråd med anbefalte føringar frå forskning og sentrale føringar.

## **Utvalde resultat**

### **Helse og koordinerande eining:**

Ein har lagt vekt på økt tverrfaglig samarbeid. Satsinga på støttande team er eit godt eksempel på kva ein kan få til når ein samarbeider på tverra av einingar og sektorar.

Ein ny førebyggjande plan vart starta opp men ein kom ikkje i mål på grunn av utskiftningar av sentralt personell.

### **Helesestasjon / jordmor:**

Økt innsats og kompetanse på foreldrevegleiing.

Satsing på jordmorteneste har skapt eit betre tilbod for kvinnehelse.

### **Psykiatri:**

Strukturert tilnærming til psykiatriske problemstillingar.

Etablert nye gruppe tilbod i nytt dagsenter.

### **Legeteneste:**

Ein har starta arbeidet med ein ny legeplan og driftsplan, ein lykkast ikkje å komme i mål med dette i 2024. Legetenestene har etablert ein god praksis. Vi har no ledig kapasitet på fastlege listene.

**Fysio/ergo**

Etablering av treningsgrupper og økt kompetansen på hjelpemidler.

**Dagsenter for demente:**

Ein har jobba med å sette saman grupper som kan ha nytte av kvarandre.

Krise og omsorgsgruppa vart utkall ved tre hendingar i 2024.

**Viktige hendingar**

Helse og koordinerande eining har hatt eit utfordrande år med endringar i sentrale funksjonar.

Einingsleiar sa opp stillinga si, og den stillinga har ikkje blitt erstatta. Kommunalsjef har tatt over den funksjonen. Dette medfører at den tette oppfølginga som dei forskjellige ansvara treng for å utvikle seg, stoppar opp eller tek lang tid. Dette er svært uheldig, ettersom tida vi er inne i er avhengig av omstilling og utvikling for å kunne skape berekraftige tjenester.

Endringar i ressursane både i fysio tenestene, asyl- flyktninghelse, psykiatri og på helsestasjonen, har vert utfordrande for å få utført dei oppgåvene vi er sett til å gjere. Mange av ressursane som har blitt borte har ikkje blitt erstatta, på grunn av den økonomiske situasjonen kommune er i. Det medfører reduksjon i kvalitet i tenestene og fleire lov pålagde oppgåver har blitt utsett.

Tilsetjing av kommunal jordmor i 50% stilling har vert viktig for å gi betre tilbod til kvinnehelse. Jordmora er eit viktig bidrag til trygt svangerskap og barsel omsorg.

Den nye kvalitet standaren som har blitt politisk vedtatt, og den økonomiske situasjonen har gjort at vi har redusert tilboda. det betyr at det har blitt innskrenkingar i dagaktivitetstilbud, støttekontakt og psykiatri teneste mm.

Satsingane som går utover ein minste standar er stort sett eksterne tilskot som eininga har søkt om.

**Status økonomi i rammeområdet**

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 30 395            | 27 782            | 30 535            | 2 753      | 9,0 %     |

**Økonomistatus per konto**

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr    |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|---------------|
| Lønn                  | 19 020            | 21 729             | 21 729            | 21 006            | 723           |
| Refusjon lønn         | -674              | -300               | -300              | -1 528            | 1 228         |
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>18 346</b>     | <b>21 429</b>      | <b>21 429</b>     | <b>19 478</b>     | <b>1 952</b>  |
| Drift                 | 2 190             | 1 492              | 1 492             | 2 455             | -963          |
| Kjøp av produksjon    | 15 672            | 12 387             | 12 387            | 15 398            | -3 011        |
| Overføringer          | 118               | 46                 | 63                | 300               | -236          |
| Finansutgifter        | 0                 | 0                  | 0                 | 617               | -617          |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>17 981</b>     | <b>13 925</b>      | <b>13 943</b>     | <b>18 770</b>     | <b>-4 828</b> |
| Brukerbetaling        | -222              | -159               | -159              | -249              | 90            |
| Refusjoner            | -4 271            | -4 366             | -4 383            | -6 206            | 1 823         |
| Overføringer          | 0                 | -295               | -295              | -3 117            | 2 822         |
| Finansinntekter       | -1 439            | 0                  | 0                 | -895              | 895           |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>-5 932</b>     | <b>-4 820</b>      | <b>-4 837</b>     | <b>-10 466</b>    | <b>5 629</b>  |
| <b>Netto resultat</b> | <b>30 395</b>     | <b>30 535</b>      | <b>30 535</b>     | <b>27 782</b>     | <b>2 753</b>  |

### Kommentar til status økonomi

**Løn:** Samla mindreforbruk på kr. 1 951 722,-

Det store avviket var på refusjon sjukelønn og mindreforbruk på vikarer. ein haldt fleire stillingar vakante og det vart ikkje leigd inn for fråvær.

**Utgifter:** Samla meirforbruk på kr. 4 827 837,-

Meirforbruket er i hovudsak knytt til kjøp av produksjon, ligger til ansvar helsestasjon og legetenester.

**Inntekter:** Samla eit meireinntekter på kr. 5 629 235,-

meirinntekter er knytt til vertskommunetilskotet og andre søkbare tilskot.

**Nettoresultat:** positivt avvik på kr. 2 752 120,-

Eit positivt avvik som skyldast tilskot og høg refusjon på sjukelønn.

### Oppsummering tiltak

- Ein har søkt på tilskot som bidrar til drift og utvikling.
- Haldt stillingar vakante
- Tilpassa seg ny kvalitetstandar.
- Gjennomgang av vedtak.

### Statustekst investeringar

### Velferds kontor

### Beskriving av tenestoområde

Velferdskontoret høyrer til under sektor for velferd og er stabs- og støttefunksjon for einingsleiarane og kommunalsjef. Eininga har sine kontor på Hareid sjukeheim og Hareid rådhus.

Velferdskontoret består av seks tilsette: kommunalsjef, sakshandsamar, konsulent, to spesialkonsulentar og kommuneoverlege. Sakshandsamar sa opp stillinga si i april og sektoren har vore utan sakshandsamar frå juli til oktober. Eininga har rekruttert ny person som tok til i stillinga i slutten av oktober. Spesialkonsulent og konsulent har, så godt som råd, dekt opp for denne stillinga medan den har vore vakant.

Arbeidsoppgåvene i eininga består mellom anna av sakshandsaming for kommunale helse- og omsorgstenester, eigenbetaling for opphald i institusjon (korttidsopphald og langtidsopphald), fakturering, bestilling av varer, økonomi, rapportering og søknadar om tilskot.

### Overordna mål

- Oppretting av tildelingskontor er eitt mål for eininga. Vi ser allereie ei effekt av at vi er fleire som jobbar med det same. Det gjev forutsigbarheit, det vert mindre sårbart ved fråvær og skapar eit betre arbeidsmiljø. Vi håper at dette er ein start på ei styrking av velferdskontoret.
- Manglande opplæring er kanskje den største utfordringa og svært uheldig for kvar enkelt tilsett. Kompetanseheving er også ei utfordring med tanke på at budsjettet for kurs/opplæring er alt for lågt. God opplæring og auka kompetanse fører til tryggare tilsette, som igjen aukar trivselen på arbeidsstaden.
- eininga har ansvar for bestilling av utstyr og kontorrekvisita, samt fakturabehandling. Det jobbast kontinuerleg med å få ned kostnadane der dette er mogleg.

### Utvalde resultat

Tiltak som er gjort for å få ned kostnadar er mellom anna:

- ved bestilling av varer vert det undersøkt om det fins billegare alternativ. Ikkje alltid dette er mogleg grunna kvalitetskrav.
- generell bevisstgjerings på einingsnivå i sektoren for å få ned kostnadane og bruke opp det vi har av varelager før det vert bestilt meir.
- utgifter knytt til lisensar er lagt til velferdskontoret for å få oversikt.
- avslutting og endring av telefon-abonnement som det ikkje lenger er behov for. Dette er eit kontinuerleg arbeid.
- fokus på periodisering slik at kostnadane vert fordelt rett i budsjettet/rekneskapet.

### Viktige hendingar

Viktige hendingar i 2024:

- Velferdskontoret flytta frå femte til fjerde etasje på sjukeheimen i februar 2024. Velferdskontoret held no til i same etasje som heimetenesta.
- Revidering av kvalitetsstandard for helse- og omsorgstenestene i kommunen
- Nytilsetjing av sakshandsamar i oktober der stillinga hadde vore vakant sidan juli.

- Tilsette ved velferdskontoret har vore på kurs om eigenbetaling i september og kurs om BPA i desember. Slike kurs er nyttige for kompetanseheving og kunnskapsdeling på tvers av einingar og i justjerna.

## Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 7 049             | 9 185             | 7 479             | -1 706     | -22,8 %   |

## Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr    |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|---------------|
| Lønn                  | 4 756             | 5 554              | 5 554             | 5 601             | -47           |
| Refusjon lønn         | 0                 | -50                | -50               | -501              | 451           |
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>4 756</b>      | <b>5 504</b>       | <b>5 504</b>      | <b>5 100</b>      | <b>404</b>    |
| Drift                 | 1 200             | 1 675              | 1 675             | 3 320             | -1 644        |
| Kjøp av produksjon    | 1 216             | 1 500              | 1 500             | 834               | 666           |
| Overføringer          | 242               | 409                | 584               | 653               | -68           |
| Finansutgifter        | 100               | 0                  | 0                 | 6                 | -6            |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>2 758</b>      | <b>3 584</b>       | <b>3 759</b>      | <b>4 812</b>      | <b>-1 052</b> |
| Brukerbetaling        | 0                 | 0                  | 0                 | 0                 | 0             |
| Refusjoner            | -465              | -1 609             | -1 784            | -725              | -1 060        |
| Overføringer          | 0                 | 0                  | 0                 | -2                | 2             |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>-465</b>       | <b>-1 609</b>      | <b>-1 784</b>     | <b>-727</b>       | <b>-1 058</b> |
| <b>Netto resultat</b> | <b>7 049</b>      | <b>7 479</b>       | <b>7 479</b>      | <b>9 185</b>      | <b>-1 706</b> |

## Kommentar til status økonomi

### Velferdskontor

Månadsrapport desember 2024

**Løn:** Samla mindreforbruk på 403 911 kroner / 7,3 %

Positivt avvik for 2024 grunna refusjon av sjukeløn som vi ikkje leiger inn vikar for.

**Utgifter:** Samla meirforbruk på -1 052 207 kroner / -28 %

Drift viser eit meirforbruk på 1 644 269 kroner. Dette skuldast hovudsakleg meirforbruk på straumutgifter på 648 647 kroner og lisensar (konto 11950 og 11952) med eit samla meirforbruk på 997 204 kroner i 2024.

**Inntekter:** Samla mindreinntekter på -1 057 519 kroner / -59,3 %

Mindreinntektene er hovudsakleg knytt til refusjon frå staten. Dette beløpet er budsjettert for høgt samanlikna med kva sektoren mottok i kompetansemidlar frå Statsforvaltaren, som vert utbetalt i august. I 2024 fekk vi tildelt 72 000 kroner.

**Nettoresultat:** negativt avvik på -1 705 815 kroner / -22,8 %

*Det totale avviket skuldast hovudsakleg meirforbruk på straum og lisensar.*

## Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

| Investering                                      | Budsjett for året |            |                  |           |                          | Kommentar                                                                                                             |
|--------------------------------------------------|-------------------|------------|------------------|-----------|--------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                                  | Rev. bud.         | Rekneskap  | Forbruk i % i år | Status    | Økonomistatus Avvik i kr |                                                                                                                       |
| Kjøp av møblar velferd                           | 100               | 0          | 0,0 %            | Forsinket | 100                      |                                                                                                                       |
| Velferd - Dekontaminator                         | 100               | 0          | 0,0 %            | Forsinket | Iht. plan 100            | Ein har behov for å kjøpe nye dekominator, ettersom det er fleire av maskinene som lekker og ikkje fungerer optimalt. |
| Velferd - Nye senger og nattbord til institusjon | 200               | 0          | 0,0 %            | Forsinket | 200                      |                                                                                                                       |
| Sum andre prosjekt                               | 0                 | 100        | 0,0 %            |           | -100                     |                                                                                                                       |
| <b>Sum</b>                                       | <b>400</b>        | <b>100</b> |                  |           | <b>300</b>               |                                                                                                                       |

## Statustekst investeringar

### Journal/IT/velferdsteknologi

Journal/IKT prosjekt (Helseplattformen) Endeleg vedtak er gjort i KST om at ein vel å seie nei til å kjøpe seg inn i Helseplattformen.

### Velferd - Dekontaminator

Ein har behov for å kjøpe nye dekominator, ettersom det er fleire av maskinene som lekker og ikkje fungerer optimalt.

### Velferd - investeringar i datautstyr

Tiltaket var i 2023, men det vart ikkje vidareført i 2024.

Det er fortsatt behov for å oppgradere it utstyret i velferd ettersom fleire tynnklientar ikkje støtter dei nye programma som er innført.

## Bueining

### Beskriving av tenesteområde

### Beskriving av tenesteområde

Langtidseining - 4021 Buavdelinga, er ei eining på Hareid Sjukeheim i sektor for velferd.

Vi har 16 pasientrom i avdelinga, der det eine er noko større og kan fungere for til eksempel eit ektepar. Vi hadde ved årsskifte 14 pasientar i avdelinga.

Eininga yter tenester til pasienter som har fått langtidsopphald på institusjon. Vi yter heildøgns pleie og omsorg til personar som har varige fysisk og/eller psykisk funksjonssvikt, som ikkje lenger kan bu i eigen heim.

Vi har stor pleietyngde på eininga, og fleire av pasientane er multisjuka med komplekse utfordringar. Minst halvparten av dei har ei demensdiagnose og/eller ei kognitiv utfordring. Dei tilsette må derfor ha stor faglig breidde, for å kunne handtere omfattande medisinske prosedyrer, og på same tid ta seg av demente som kan vere både urolige og utrygge. Buavdelinga er ei åpen avdeling, utan låste dører.

Eininga har ved årsskifte, 20 faste tilsette inklusiv einingsleiar på totalt 17,96 årsverk. Vi har fire tilsette som har deler av stillinga si på AAP. Vi har utanom einingleiar, 4 tilsette som eig ei 100% stilling, medan dei andre har reduserte stillingsprosentar frå 20 til 90%. Dei tilsette går i turnus på dag/kveld/natt. Grunnbemanninga vår er 5/4/1 på kvardagar og 4/4/1 på helg.

Ved årsskifte, har eininga vakanse på helg, vakant helsefagarbeidar og i tillegg til dette har vi vakante sjukepleiarstillingar på grunn av foreldrepermisjon og ein utdanningspermisjon. Det vart ulyst ei helsefagarbeidarstilling på slutten av året, og tilsett på nyåret.

Vi har utfordringar med sjukefråvær i avdelinga, og akkumulert fråvær i 2024 var på totalt 25,18 % sjukefråvær - dette fører naturlegvis til mykje vikarbruk. HMS utvalget i avdelinga jobbar aktivt med å ta vare på dei tilsette og redusere sjukefråværet, og vi har kobla inn NAV arbeidslivssenter. Håpet er at dei kan hjelpe oss på vei med å finne årsaker til høgt fråvær og på sikt få ned sjukefråværet. På trass av høgt sjukefråvær, tilstreber ein god planlegging og å minimere bruk av overtidstimar. Buavdelinga har den største pleietyngda i kommuna, og eg anser det som uforsvarlig både for pasientane og personalet og gå med noko mindre bemanning enn grunnbemanninga som er 5/4/1 på kvardagar og 4/4/1 på helg.

Vi har valgt å ta i bruk velferdsteknologi - RoomMate i avdelinga, og har det no oppmontert dette på fleire rom. RM består av sensorer og kunstig intelligens, som overvåker pasientenes bevegelser uten å bruke kamera, noko som ivaretek personvernet. Fordelane med RM er i hovudsak fallforebygging og redusert arbeidsbelastning for dei tilsette. RM bidrar til bedre pasientsikkerheit, auka effektivitet og bedre livskvalitet for pasientane.

## **Overordna mål**

### **Overordna mål**

- Gode og forsvarlige tenester til pasientane
- Sikre godt arbeidsmiljø for dei tilsette
- Drifte med utgangspunkt i vedteke budsjett.

Eit av måla til bueininga, er å gje trygg og god omsorg til mennesker som ikkje lenger kan bu i sin eigen heim. Fokuset er sjølvstendig på stell og god pleie, men vi ønsker også at bueininga skal vere ein trygg og god plass å bu. Vi prøver å skape innhald i dagane til dei eldre, og har eit mål om ein liten aktivitet kvar dag. Aktiviteten kan være sangstund, trim eller bingo, tilpassa etter pasienten nivå. Målet er aktivitet, men blir ofte regulert på grunn av tid. Det er også viktig å samarbeide med pårørande. Dei har ofte mykje god og viktig informasjon som vi kan drage nytte av i vårt arbeid. Vi har derfor innsamlingssamtale med pårørande til dei nye som kjem til eininga.

Samtidig med fokus på pasientane, er det viktig å sikre eit godt og forutsigbart arbeidsmiljø for dei tilsette. Dette vil igjen kome pasientane til gode. Arbeid med å få ned sjukefråvær er nemnt tidligare. Det har blitt brukt få økonomiske ressursar på fagutvikling i 2024, men vi har dei elektroniske kursa, slik at personalet har fått oppdatert seg på blant anna medikamenthandtering.

Det er til ei kvar tid fokus budsjett og på sparing, og ved fråvær blir det heile tida vurdert om det trengst å leige inn vikar. Ein vurderer om ein kan korte ned på vaktlengda for å spare, og behovet for personell blir naturlegvis også vurdert opp mot bruk av overtid og forskyvning.

## **Utvalde resultat**

### **Utvalde resultat**

Eininga har eit samla underskudd i 2024, på omlag 850 000,-. Mykje av dette skyldast sjukeløn, og sjølv om vi får ein del i refusjoner, har vi også ein del korttidsfråvær.

Avdelinga har 20% koordinator ressursar, og det er noko lavt med tanke på einingsleiar sitt store ansvarsområde. Det har også våre ein del sjukefråvær på koordinatorsida. Det er sjeldan mulig for leiar å planlegge og arbeidskvardagen opplevast tidvis som uforutsigbar. Einingsleiar må prioriterer og arbeider mykje med dagleg drift.

Avvik 2024: totalt 112 stk, der hovudtyngda går på teneste/brukar, noko på HMS, organisasjon/internt og personvern/informasjonsstryggleik.

## Viktige hendingar

### Viktige hendingar

Tidligere i år fekk bueininga beskjed om sparing tilsvarande ei stilling. Dette førte til at ein valgte å ikkje dekke opp for vakansar og permisjonar, og dette slo negativt ut - feilslått prioritering. Belastninga vart større på dei tilsette som då måtte ta ekstravakter og jobbe utover sin stillingsprosent for å sikre forsvarlig bemanning og helsehjelp til pasientane. Meir vaktinnleige førte også til ein større andel av ufaglærte i avdelinga, og dermed vart det igjen ei større arbeidsbelastning for dei faglærte tilsette for å ta i vare faglig forsvarligheit. Denne prioriteringa førte også til ei meirbelastning for leiar, som må bruke mykje tid av arbeidsdagen på vaktinnleige. Det fører også til ei meirbelastning for dei andre avdelingane, då vi på grunn av stillingsstopp også bruker dei same vikarane. For at vi skal kunne ta i vare både dei tilsette og pasientane på ein god og forsvarlig måte, såg ein det som nødvendig for buavdelinga å få lyse ut vakante stillingar.

Det vart utlyst 100% helsefagarbeidar stilling og tilsetting ved intern rokking. Dette og oppsigelse av sjukepleiar og annan helsefagarbeider på nyåret utløyste andre tilsettingar i 2025.

Kvalitetsstandarden vart revidert og vedteken av kommunestyret. Dette er eit viktig verktøy for å tydeleggjere kva innhald, krav og forventningar som skal ligge til tenestene våre.

### Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 12 480            | 12 018            | 11 169            | -848       | -7,6 %    |

### Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr  |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|-------------|
| Lønn                  | 16 067            | 14 855             | 14 855            | 16 647            | -1 792      |
| Refusjon lønn         | -1 448            | -1 030             | -1 030            | -1 988            | 958         |
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>14 619</b>     | <b>13 825</b>      | <b>13 825</b>     | <b>14 658</b>     | <b>-834</b> |
| Drift                 | 1 171             | 664                | 664               | 889               | -225        |
| Kjøp av produksjon    | 2                 | 0                  | 0                 | 0                 | 0           |
| Overføringer          | 264               | 128                | 178               | 225               | -47         |
| Finansutgifter        | 2                 | 0                  | 0                 | 0                 | 0           |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>1 439</b>      | <b>792</b>         | <b>842</b>        | <b>1 115</b>      | <b>-273</b> |
| Brukerbetaling        | -3 118            | -3 320             | -3 320            | -3 466            | 146         |
| Refusjoner            | -429              | -128               | -178              | -260              | 82          |
| Overføringer          | -2                | 0                  | 0                 | 0                 | 0           |
| Finansinntekter       | -30               | 0                  | 0                 | -30               | 30          |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>-3 578</b>     | <b>-3 448</b>      | <b>-3 498</b>     | <b>-3 756</b>     | <b>258</b>  |
| <b>Netto resultat</b> | <b>12 480</b>     | <b>11 169</b>      | <b>11 169</b>     | <b>12 018</b>     | <b>-848</b> |

## Kommentar til status økonomi

### Økonomistatus 2024 Bueininga

**Løn:** Rekneskapen for 2024 viser kr 14 658 303,- med eit negativt avvik på kr 833 595,-

**Utgifter:** Rekneskapen for 2024 viser kr 1 115 321,- med eit negativt avvik på kr 272 970,-

**Inntekter:** Rekneskapen for 2024 viser kr - 3 755 944,- med eit positivt avvik på kr 258 091,-

**Nettoresultat:** Rekneskapen for 2024 viser kr 12 017 680,- med eit negativt avvik på kr 848 474,-

**Løn:** Rekneskapen for 2024 viser eit negativt avvik på kr 829 613,- på fastløn. Vi har prøvd å halde vakante stillingar ledige, med varierende hell og resultat. Vi har eit kjent høgt sjukefråvær og vikar/sjukevikarposten har eit negativt avvik på kr 617 521,-. Refusjon sjukeløn har eit positivt avvik på kr 1 135 439,- og er 789 336,- høgare enn i 2023. Dette kan tyde på at vi har meir sjukefråvær over refusjonsgrensa.

Rekneskapen viser at bruken av overtid har gått ned frå kr 450 255,- i 2023 til kr 276 657,- i 2024, men det er fortsatt eit negativt avvik på kr 118 857,-. Vi jobbar stadig med og er svært beviste på bruken av overtid. Når vi likevel må bruke dette, skuldast det gjerne sjukefråvær meldt på kort varsel og/eller mangel på faglært personale. Vi har drift 24/7 og må ha grunnbemanning som er 5/4/1 på kvardagar og 4/4/1 på helg.

**Utgifter:** Det negative avviket for 2024 skuldast i hovudsak driftsutgifter - meirforbruk av medisinsk forbruksmateriell og medisinsk utstyr, reinhalds og vaskeritenester, post/bank/internett/breiband og posten for opplæring/kurs, som vil seie nødvendige digitale kurs.

**Inntekter:** Inntektene vi har er brukar-betaling, og det var for det meste full avdeling i 2024.

**Nettoresultat:** Rekneskapen viser at postane inntekter og utgifter går i omlag i balanse, og det er posten for løn som utgjør størsteparten av det negative avviket for 2024.

## Skjerma eining

### Beskriving av tenesteområde

Skjerma eining 4022 er ein del av Hareid sjukeheim i sektor for velferd

Hareid sjukeheim gir heildøgns pleie og omsorg til personar som har varig fysisk- og/eller psykisk funksjonssvikt og der hjelpetiltak i heimen ikkje lenger er nok.

Vi har 48 rom, 2 av desse er dobbeltrom, 1 er til ø-hjelp. 16 av plassane er på skjerma eining, 16 er på bueining og 16 er på korttidseining.

Hareid sjukeheim har som sparetiltak hatt 8 stengte rom i delar av 2022, nedjustert til 4 stengte rom i 22/23. Desse fire stengte roma er f.t på skjerma eining, og har vore det gjennom heile 2024.

Eininga yter i all hovudsak tenester til personar med demensdiagnoser som har fått langtidsopphald i institusjon. I tillegg kan det utifrå behov og utifrå den totale pasientflyten i sektor for velferd verte innvilga korttidsopphald, avlastningsopphald og dag- eller nattopphald.

Demenssjukdomar er ei gruppe hjernesjukdomar som oftast, men ikkje alltid, kjem i høg alder og som fører med seg symptom som tap av hukommelse, sviktande evne til handling, sviktande språkfunksjon, endring av personlegdom og endring av åtferd. Den som får langtidsopphald i eininga har sjukdomsforløp som gjer at tilrettelegging og stabil struktur er nødvendig for å skape gode og trygge dagar. Det ligg i ordet *skjerma* at personen treng skjerming frå for mange inntrykk og stimuli – for å unngå auka forvirring, uro og angst.

Eininga har kodelåste dører, og det vert ved behov søkt Statsforvaltaren om tvangsvedtak etter Pasient- og brukarrettighetslova kap 4A. Det er få senger tilgjengelege i andrelinjetenesta. Vi må difor ta imot personar også med store utfordringar innanfor demens/psykiatrikategorien, og dette er personellkrevande. Uønska atferd er ikkje til å unngå, og mange pasientar treng 1 til 1 oppfølging i perioder, for å unngå skade på seg sjølv eller andre. Dette er ikkje mogleg å søke refusjon på

Eininga har ved utløpet av 2024 19 fast tilsette, inkludert einingsleiar. Vi har tre mellombels tilsette på fastløn: ei 100% stilling er fagbrev på jobb, og to 80% vikarar for å dekke opp pasientutløyste bemanningsbehov. Det har ikkje vore mogleg å lyse ut faste stillingar pga tilsetjingsstopp, manglande budsjettmidlar på fastløn og krevande vurderingar mtp pasientbehov og ressursar. Vi har mange stabile og gode vikarar. Desse dekker vakansar på helg og korttids- og langtidsfråvær elles.

## Overordna mål

*Mål for drifta av 4022:*

*gode og forsvarlege tenester til pasientane*

*sikre godt arbeidsmiljø for dei tilsette*

*drifte med utgangspunkt i vedteke budsjett*

Det vart i overgangen 2022/2023 gjennomført ROS-analyse i samarbeid med Avonova mtp vald og truslar i avdelinga, denne stadfestar behovet for auke i grunnbemanninga. Dette i takt med kompleksiteten og utfordringane avdelinga opplever, og stort antal innmelde avvik. Grunnbemanning har i mange år vore 1 på natt, 6 på dag og fire på kveld, laurdag og søndag 4 på dag og 4 på kveld. Dette har vist seg uforsvarleg utifrå dei pasientar vi må handtere. Akkurat no er det nødvendig med: 2 på natt, 5 på dag og 5 på kveld mandag til søndag. Mandag og torsdag har vi legevisitt og då er det nødvendig med 6 på dagvakt. Vi har ein fagkoordinatorressurs på 20 %, så onsdagane må det vere 6 på dagvakt. Behovet har halde seg i heile 2024.

Det er ikkje ønskeleg med full avdeling i dagens lokaler, det vert for tett og er ein faktor som kan føre til auka uro i miljøet. Vi har i 2024 hatt 12 i staden for 16 pasientar som det eigentleg er rom til, og ser at dette verkar positivt inn på dagane til den enkelte pasient, og det er mindre krevjande med innleige av ekstrahjelp. Når vi jobbar dagleg med å halde behovet for vaktinnleige nede, ser vi at lokalisering at skjerma eining i 2. etasje, og resten av sjukeheimen i 3. et bidreg til at full utnytting av ressursar er vanskeleg.

Vi prioriterer å ta vare på tilsette og jobbar for å hindre og redusere sjukefråvær. Styrke kompetansen og tryggleiken rundt handtering av vald og uønskt åtferd. Vi må erkjenne at sjølv om alle tilsette her ønsker å bidra til at kommunen får redusert sitt totale meirforbruk, ville det faktisk ikkje vere forsvarleg å nedbemanne i form av færre tilsette per vakt. Viser til ROS-analyse.

Vi prioriterer å jobbe for å drive etter budsjett, herunder kome med begrunna innspel til budsjettrevisjon. Vi prioriterer også å gjere vurderingar gjennom året mtp bemanningsbehov utifrå pasientsituasjonen og aktuelle utfordringar. Det har gjennom heile 2024 vore behov for innleige utover grunnbemanning/budsjett fastløn. HMS og pasienttryggleik skal ha fokus. Vi prioriterer utvikling for å møte behova i kommunen og i eininga, og å ha rutiner og system på plass som lettar det dagleg arbeidet, og er i tråd med gjeldande regelverk. For 4022 har gjengangaren siste fire åra vore: for høgt stipulerte inntekter frå pasientbetaling, for høgt stipulerte inntekter i form av refusjon sjukeløn og fødselspengar, for lavt budsjett fastløn og andre lønspostar.

## Utvalde resultat

Eininga går med meirforbruk på fastløn frå 01.01.2024. Slik har det vore siste åra. Har ikkje lukkast å få auka fastlønsmidlar i den politiske budsjetthandsaminga, samstundes som pasientbehova har kravd bemanningsauke for å sikre HMS.

Har heller ikkje lukkast å justere ned forventa inntekt i form av pasientbetaling, her er det erfaringstal som ikkje tek omsyn til stengte rom og reelle pensjonar. Januar gav rett nok eit overskot pga refusjon frå kommune på "gjestepasient".

Ikkje lukkast å justere ned inntekt i form av forventa sjukelønsrefusjon, som er på over 1 million, og langt høgare enn erfaringa i eininga tilseier.

Einingsleiar Synnøve Nystøyl hadde ansvar også for korttidsavdelinga mars-september 2024. Dette har vore ei krevande og stor belastning. Hadde hatt behov for større grad av støttefunksjonar og ein mindre sårbar leiarstruktur. Fagkoordinatorressurs er på 20%, så kontrollspennet for leiar er svært stort. Døgndrift er krevande.

Sjukefråvær 2024: Fleire tilsette med sjukmeldingar av ulik varigheit. Svært få av desse er plager relatert til jobb. Skader på fritid og kronisk sjukdom har vore hovudgrunn til legemeldt fråvær. Eit fåtal har fått tilrettelegging ei kort periode, for å unngå belastande arbeid.

Avvik 2024: totalt 94 stk. 68% teneste/brukar, 29% HMS, 3% organisasjon/internt.

## Viktige hendingar

Ingen nye tilsetjingar i 2024, men vidareføring av mellombels avtalar for å sikre forsvarleg drift.

Nok eit tungt år økonomisk, med samla meirforbruk. Det har ikkje vore aktuelt for einingsleiar å vurdere budsjett disiplin framfor sikkerheit og forsvarleg drift, kommunalsjef fortløpande orientert.

Kvalitetsstandard revidert og vedteken i KST, med tydelegare skildring av innhald, krav og forventningar i dei ulike tenestetypene

Demenskoordinator er organisert til eininga, ein ressurs som har blitt nytta av alle einingar og er lavterskeltilbod til alle innbyggjarar. Vi har ikkje hatt organisert pårørandeopplæring dette året.

Det er liten hage lokalisert nær eininga, tenkt til sansehage, men utan midlar og ressursar til å drive. Har fått to frukttre, tre trykkimpregnerte plantekasser og utval av stauder som gåve frå pårørande.

Velferdsteknologi: mange avvik gjennom året som skuldast mangel på/feil varsling til alarmtavler og vaktmobilar. Det er oftast utstyrsavhengig, vi ser at telefonar må vere oppdatert og kan ikkje vere enklaste utgåve. Det oppstår også bortfall av wifi, og her kan montering av fleire antenner vil vere løysinga for betre stabilitet, men er eit kostnadsspørsmål. Paradokset er at desse utfordringane påverkar pasientsikkerheita direkte.

Fagkoordinatorressursen er på 20%, noko som er for lavt med tanke på einingsleiar sitt store ansvarsområde. Einingsleiar sitt arbeidsmiljø er uforutsigbart, det er sjeldan muleg å planlegge, organisere og utføre det ein hadde tenkt, fordi mykje anna dukkar opp og må handterast.

## Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 12 761            | 15 434            | 13 043            | -2 391     | -18,3 %   |

## Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                 | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr    |
|-----------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|---------------|
| Lønn            | 17 219            | 17 134             | 17 134            | 19 263            | -2 129        |
| Refusjon lønn   | -689              | -1 227             | -1 227            | -860              | -367          |
| <b>Sum Lønn</b> | <b>16 530</b>     | <b>15 907</b>      | <b>15 907</b>     | <b>18 403</b>     | <b>-2 496</b> |

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr    |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|---------------|
| Drift                 | 915               | 589                | 589               | 719               | -130          |
| Kjøp av produksjon    | 2                 | 0                  | 0                 | 0                 | 0             |
| Overføringer          | 220               | 245                | 185               | 160               | 25            |
| Finansutgifter        | 1                 | 0                  | 0                 | 0                 | 0             |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>1 138</b>      | <b>834</b>         | <b>774</b>        | <b>879</b>        | <b>-106</b>   |
| Brukerbetaling        | -2 817            | -3 433             | -3 433            | -3 500            | 67            |
| Refusjoner            | -2 089            | -265               | -205              | -348              | 144           |
| Overføringer          | -1                | 0                  | 0                 | 0                 | 0             |
| <b>Sum inntekter</b>  | <b>-4 907</b>     | <b>-3 698</b>      | <b>-3 638</b>     | <b>-3 849</b>     | <b>210</b>    |
| <b>Netto resultat</b> | <b>12 761</b>     | <b>13 043</b>      | <b>13 043</b>     | <b>15 434</b>     | <b>-2 391</b> |

### Kommentar til status økonomi

**Løn:** samla meirforbruk på 2,5 millionar, herav kr 2 130 000 på løn og kr 370 000 på refusjon sjukeløn

Kommentar: har ikkje fått styrka budsjett utifrå dokumentert og argumentert behov for fastløn. Har valt å prioritere forsvarleg drift som gir meirforbruk. Har ikkje fått justert ned forventet refusjon sjukeløn til trass for argumentasjon for det, og difor meirforbruk.

**Utgifter:** samla meirforbruk på kr 106 000

Kommentar: knytt til medikament, medisinsk utstyr, telefon, tøyleverandør. Ikkje lukkast å styrke budsjett.

**Inntekter:** samla meirinntekt på kr 210 490

Kommentar: forventet mindreinntekt pga for høg budsjettering av pasientbetaling, noko ein ikkje har lukkast å justere i budsjettprosess. Likevel meirinntekt pga refusjon frå anna kommune og desemberfakturering for fleire ansvar inntektsført på 4022.

**Nettoresultat:** negativt avvik på kr 2 391 079. I hovudsak skuldast dette manglande fastlønsbudsjett utifrå nødvendig behov for tilsette i eininga.

### Korttidseining

#### Beskriving av tenestoområde

Korttidseininga 4023 er ein del av Hareid sjukeheim i sektor for velferd.

Hareid sjukeheim gir heildøgns pleie og omsorg til personar som har varig fysisk- og/eller psykisk funksjonssvikt og der hjelpetiltak i heimen ikkje lenger er nok.

Vi har 48 rom, 2 av desse er dobbeltrom, 1 er til ø-hjelp. 16 av plassane er på korttidseininga, 16 er på bueining og 16 er på skjerma eining.

Hareid sjukeheim har som sparetiltak hatt 8 stengte rom i delar av 2022, nedjustert til 4 stengte rom i 22/23. Desse fire stengte romma er f.t på skjerma eininga og har våre det gjennom heile 2024.

Korttidseininga skal i hovudsak gje tilbod om heildøgns pleie- og omsorg i institusjon i ei tidsavgrensa periode der tenestemottakar har behov for behandling og/eller vanskar med å fungere i eigen heim med tilrettelagt hjelp. Formålet med opphaldet er å kartlegge brukar sitt funksjonsnivå og evne til eigenomsorg, samt vurdere behovet for framtidige tenester for at brukar skal kunne halde fram med å bu i eigen bustad. I korttidseininga har vi 16 plassar, desse er fordelt mellom langtids plassar, korttidsopphald, avlastingsopphald og dag- eller nattopphald, og eit rom avsett til KAD pasientar (ø-hjelp) knytt til eininga.

Eininga har stor variasjon i tenestene som vi yter og står for størstedelen av samhandlinga med sjukehus på sjukeheimen. Eininga har alle pasientgrupper, og leverer tenester i form av helsehjelp til menneske som vert innlagt etter fall/skader, underernæring, demenssjukdom, kreftdiagnosar, psykiske utfordringar, palliasjon og smertelindring i livets slutfase, infeksjon og antibiotika behandling, planlagte operasjonar og rehabilitering m.m. Eininga jobbar kontinuerleg med koordinering og tildeling av tenester i form av kva type teneste kvar einskilt pasient har behov for ut fra kvalitetstandaren som vart revidert i 2024.

Innlegging i KAD kan skje når ein pasient har behov for behandling på institusjonsnivå som ikkje kan vente. Tilbodet til pasientane skal vere like godt eller betre enn den behandlinga dei kan få på sjukehus og for at vi skal kunne levere denne tenesta må det alltid være sjukepleiar på vakt i eininga 24/7. Fagkompetanse i form av sjukepleiar og helsefagarbeidar er vesentlig for drifta av eininga.

Korttidseininga er ofte første møte med sjukeheimen, og pårørandearbeid er derfor svært sentralt. I eininga har vi planleggingsmøte mellom heim/sjukeheim/heimetenester og sjukehus som noko vi arbeider mykje med og ei sentral oppgåve til fagkoordinator i 20% stilling.

Sidan eininga er ei korttidsavdeling kan vi aldri planlegge for kva type pasientar vi får, og det er derfor vanskeleg å planlegge utgifter knytt til kvar einskilt pasient da medisinar og medisinsk utstyr varierer ut ifrå behov.

Eininga hadde ved utløp av 2024 16 fast tilsette, inkludert einingsleiar. Eininga hadde to utlyste 100%stillinger ved slutten av året som utløyste nyttilsetjing januar 2025. Vi har nokre stabile og gode vikarar og pensjonistar. Desse dekker vakansar på helg og korttid- og langtidsfråvær.

## **Overordna mål**

Overordna mål for drifta av 4023;

- Gode og forsvarlege tenester til pasientane og gode pasientforløp.
- sikre godt arbeidsmiljø for dei tilsette.
- Drifte med utgangspunkt i vedteke budsjett

Helse og omsorgsplanen til Hareid kommune 2022-2030 seier at innbyggjarar i Hareid kommune skal klare å meistre eige liv i størst mogleg grad, lengst mogleg og ha tryggleik for at dei får den hjelpa dei har behov for når dei treng det. Dette skal vi gjere med utgangspunkt i bærekraftmåla. På korttidsavdelinga jobbar vi ut fra desse måla og i siste del av 2024 vart kvalitetstandaren eit viktig verktøy som eininga bruker aktivt for å tildele tenester på rett nivå.

Eininga er ei korttidsavdeling og pasientane varierer ut fra behov og det er vanskelig å planlegge for i forhold til bemanning, men vi jobbar dagleg med å halde behovet for vaktinnleige nede. Vi prioriterer å ta vare på tilsette og jobbar for å hindre og redusere sjukefråvær. I eininga ser vi at ved å satse på fagkompetanse hos dei tilsette skaper ein trygghet både for pasientar og personale og bidreg til mindre sjukefråvær.

Vi prioriterer å jobbe for å drive etter budsjett, herunder kome med begrunna innspel til budsjettrevisjon. Vi prioriterer også å gjere vurderingar gjennom året mtp bemanningsbehov utifrå pasientsituasjonar og aktuelle utfordringar. Vi prioriterer utvikling for å møte behova i kommunen og i eininga, og å ha rutine og system på plass som lettar det daglege arbeidet, og er i tråd med gjeldande regelverk. For 4023 har det i 2024 våre for høgt stipulerte inntekter frå pasientbetaling/refusjon sjukeløn/ refusjon fødselspengar. Den vedtekne ramma for lønnsbudsjettet 2025 er positiv.

## Utvalde resultat

Eininga går med meirforbruk på fastløn frå 01.01.2024. Periodevis pasientbehov som har krevd bemanningsauke for å sikre HMS.

Litt økning i inntekter på slutten av 2024. Avdelinga er ei korttidsavdeling og har ikkje forutsigbar pasientbetaling grunna blanding av vederlagsbetaling, korttidsbetaling og avlasting som er gratis.

Sjukefråvær 2024: Fleire tilsette gjennom året med sjukmeldingar av ulik varigheit. Svært få av desse er plagar rapportert relatert til jobb. Skader på fritid og kronisk sjukdom har vore hovudgrunn til legemeldt fråvær. Meir stabilitet og mindre sjukefråvær siste månadane av 2024.

Avvik 2024: totalt 18 stk. 16,7% HMS, 83,3% teneste/brukar.

## Viktige hendingar

I 2024 har korttidsavdelinga hatt ein rekke utfordringar knytt til leiar. Frå slutten av januar 2024 gikk tidlegare leiar ut av stillinga og eininga vart drifta av leiarar frå bu-og skjerma avdeling. Frå Mars og ut august 2024 hadde leiar for skjerma eining leiaransvar for korttidsavdelinga i tillegg til eiga eining. Ny leiar vart tilsett 01.09.2024. Ustabilitet på leiarsida har prega personalgruppa, og er noko som vert jobba med kontinuerlig.

Våren 2024 var det fleire sjukepleiarar i faste stillingar som sa opp for å jobbe i helseforetaket, noko som førte til at det ei periode var mangel på sjukepleiekompetanse i avdelinga og vanskelig å drifte med sjukepleiedeke heile døgnet. I 2024 var det tre utlyste stillingar i eininga for å sikre forsvarleg drift, to 100 % stillingar som sjukepleiar og ei 100% stilling som helsefagarbeidar. Ein sjukepleiar vart tilsett og starta i stillinga oktober 2024, mens ein sjukepleiar og ein helsefagarbeidar vart tilsett på hausten og starta i stillingane i starten av 2025.

Siste del av 2024 har eininga hatt sjukefråvær på natt som har utløyst overtid på sjukepleiarar. Dette sjukefråvere har vist ei sårbarhet på natt opp imot sjukepleiekompetanse og det vert vurdert om sjukepleiekompetansen må nyttast på ein annan måte i 2025 en den har våre gjort tidlegare for å ruste avdelinga bedre mot fråvær av viktig kompetanse for å sikre forsvarleg drift.

Økonomisk har eininga hatt eit samla meirforbruk. Men med litt nedgang siste del av 2024. Dette skyldast delvis mindre bruk av vikarar på slutten av året på dag/kveld og vakante stillingar. Men samtidig eit meirforbruk av overtid på natt for kunne drifte forsvarlig med sjukepleiekompetanse.

Kvalitetsstandaren revidert og vedteken i KST, med tydeligare skildring av innhald, krav og forventningar i dei ulike tenestetypene.

Fagkoordinatorressursar er å 20%, noko som er for lavt med tanke på einingsleiar sitt store ansvarsområde. Eingleiarar sitt arbeidsmiljø er uforutsigbart, det er sjeldan muleg å planlegge, organisere og utføre det ein hadde tenkt, fordi mykje anna dukkar opp og må handterast for å ha ei forsvarleg drift 24/7.

## Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 17 054            | 15 604            | 15 083            | -521       | -3,5 %    |

## Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                      | Rekneskap<br>2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr  |
|----------------------|-------------------|-----------------|-------------------|-------------------|-------------|
| Lønn                 | 19 580            | 18 202          | 18 202            | 19 194            | -992        |
| Refusjon lønn        | -1 252            | -1 450          | -1 450            | -1 966            | 516         |
| <b>Sum Lønn</b>      | <b>18 328</b>     | <b>16 752</b>   | <b>16 752</b>     | <b>17 229</b>     | <b>-476</b> |
| Drift                | 1 078             | 677             | 677               | 885               | -209        |
| Overføringer         | 315               | 128             | 166               | 202               | -35         |
| Finansutgifter       | 0                 | 0               | 0                 | 10                | -10         |
| <b>Sum Utgifter</b>  | <b>1 393</b>      | <b>805</b>      | <b>843</b>        | <b>1 097</b>      | <b>-254</b> |
| Brukerbetaling       | -2 159            | -2 116          | -2 116            | -2 239            | 123         |
| Refusjoner           | -509              | -358            | -396              | -472              | 75          |
| Overføringer         | 0                 | 0               | 0                 | -12               | 12          |
| <b>Sum Inntekter</b> | <b>-2 668</b>     | <b>-2 474</b>   | <b>-2 513</b>     | <b>-2 722</b>     | <b>209</b>  |

|                | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr |
|----------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|------------|
| Netto resultat | 17 054            | 15 083             | 15 083            | 15 604            | -521       |

## Kommentar til status økonomi

### Korttidseining

#### Lønn: Samla meirforbruk på kr. 780 073.-

Forventa meirforbruk, men litt nedgang, 5,1% i desember samanligna med 8,3% i november. Grunn her kan være litt mindre innleie av vikarar ved sjukdom/ferieavvikling og permisjonar.

#### Utgifter: Samla meirforbruk på kr. 241 652.-

Meirforbruket har halde seg i 2024. Her ligg nødvendig utstyr som gass, forstøvar, laboratorieutstyr og medikament m.m. som vil være pasientstyrte behov. Grunna korttidsavdeling og uforutsette pasientar vil det være vanskelig å planlegge behovet.

#### Inntekter: Samla mindreinntekt på kr. 136 894.-

Litt nedgang i inntekter frå 1,8% i november til 5,9% i desember. Avdelinga er ei korttidsavdeling og har ikkje forutsigbar pasientbetaling grunna blanding av vederlagsbetaling, korttids betaling og avlastning som er gratis. Derav vanskelig å budsjettere nøyaktig.

### Lærlingar velferd

#### Lønn: mindreforbruk på kr. 301 980,-

Skuldast manglande rekruttering av lærlingar.

#### Utgifter: ok

#### Inntekter: ok

**Tiltak:** innsparing som kan nyttast på andre ansvar i sektoren.

### Kjøkken

## Beskriving av tenesteområde

### Sektor for velferd – Kjøken.

Kjøkenet er felles for alle einingane i velferd og produserar mat etter kok og server prinsippet. Det vert produsert mat til ca 120 brukarar dagleg. Kjøkenet leverar også tenester til alle sektorane i kommunen i form av catering, mat til gravferder og jubileum til bebruarane ved Hadartun.

Kjøkenet har særeigne krav og forskrifter, samt løpande logistikk og innkjøp som skil seg vesentleg ut ifrå tenestene i dei andre einingane i sektoren.

Kjøkenet har fylgjande lover og forskrifter å forhalde seg til:

Lova om matproduksjon og mat-tryggleik, næringsmiddelhygieneforskrifta, drikkevannsforskrifta, forskrift om internkontroll for å oppfylle næringsmiddelovgivninga, matinformasjonsforskrifta, og lotmerkingsforskrifta.

Vi har eit godt utstyrt kjøkken, men det er om lag 22 år gammalt og byrjar å verte utslite. I 2024 måtte vi gå til innkjøp av ny oppvaskmaskin i påska, og etter dette stoppa kokegrytene så dei vart utskifta i sommar. Det er planlagt renovering av kjøkenet i 2025. Dette vert eit omfattande arbeid, men det er viktig for å kunne ivareta mattryggleiken. I 2024 har difor eininga jobba i lag med eigedomsavdelinga for å planlegge dette arbeidet godt. Det er svært viktig at dette er nøye planlagt slik at renoveringstida vert kortast mogeleg.

I 2024 har eininga hatt to lærlingar i ernæringskokkfaget.

Eininga håpar vi kan få inn nye lærlingar også vidare framover, då det er viktig med rekruttering til faget.

### Overordna mål

Kjøkenet har ansvar for at bebruarane får servert næringsrik og trygg mat. Dette er eit stort ansvar som vert teke på alvor. Måltida er som oftast høgdepunkta på dagen. Eininga jobbar difor målretta for at bebruarane skal få ei god matoppleving, og den dietten dei har behov for. Eininga produserar mat til omlag 120 personar dageleg.

Heimebuande som har matombering får levert varm mat på døra.

Det er eit mål at eininga skal halde budsjettet, dette gjorde vi i 2024.

## Utvalde resultat

### I 2024 har eininga gjort fylgjande tiltak for å få ned kostnadane:

Kjøkenet har gått igjennom plankjøpet og endra merker på ulike produkt til rimlegare alternativ som vi meiner har tilsvarande kvalitet.

Eininga har slutta å kjøpe brød og bakar no alle brød sjølve.

Eininga har redusert innleige av arbeidskraft ved sjukefråvær. Dette har vi klart sidan vi har hatt to lærlingar, då er det ikkje så sårbart.

I desember 2024 starta vi opplæring ved ny rutine for matombering. Hjellebakken har teke over denne oppgåva og målet med dette er at dei skal ha med seg ein brukar slik at dei kan ha dette som ein aktivitet, samtidig som sektoren reduserer utgiftene på løn til matombering.

### Viktige hendingar

I 2024 har kjøkenet hatt to lærlingar i ernæringskokk-faget , ein av desse tok fagbrev i november og fekk meget godt bestått.

Økonomi: Eininga hadde eit positivt avvik på 5,8 %.

### Kjøkenet har i 2024 vore med å arrangert fylgjande arrangement:

**Sommarfest** i samarbeid med dagsenteret, der kjøkenet ordnar med grilling og dagsenteret ordnar underhaldning.

**Peparkakelandsby** er utført i samarbeid med barneskulane i kommunen der kjøkenet held deiga og ungane bakar. Byggverka vert utstilt i inngangspartiet og matstovå i heile desember og skaper god stemning for bebruarane og tilsette.

**Julefest** i samarbeid med dagsenteret og resten av sektoren. Borda vart fint pynta på Hadartun, og dei som bur i omsorgsbustadene og på dagsenteret sat der, sjukeheimseiningane laga til på kvar sine einingar og fekk maten levert inn dit.

Det var koseleg stund med fin underhaldning og god mat. Kommunedirektøren og ordføraren var tilstades og gjekk rundt på einingane og presenterte seg for bebruarane.

Dette er positive tiltak som bebruarane, personalet og brukarane av dagsenteret set stor pris på.

### Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 4 766             | 4 354             | 4 622             | 268        | 5,8 %     |

**Økonomistatus per konto**

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr  |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|-------------|
| Lønn                  | 4 315             | 5 053              | 5 053             | 4 707             | 346         |
| Refusjon lønn         | -134              | -114               | -114              | -248              | 134         |
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>4 181</b>      | <b>4 939</b>       | <b>4 939</b>      | <b>4 459</b>      | <b>481</b>  |
| Drift                 | 3 573             | 3 090              | 3 090             | 3 307             | -216        |
| Kjøp av produksjon    | 23                | 35                 | 35                | 27                | 8           |
| Overføringer          | 601               | 408                | 502               | 562               | -60         |
| Finansutgifter        | 0                 | 0                  | 0                 | 6                 | -6          |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>4 197</b>      | <b>3 534</b>       | <b>3 627</b>      | <b>3 902</b>      | <b>-274</b> |
| Brukerbetaling        | -2 946            | -3 348             | -3 348            | -3 248            | -99         |
| Refusjoner            | -666              | -503               | -597              | -743              | 146         |
| Overføringer          | 0                 | 0                  | 0                 | -15               | 15          |
| <b>Sum inntekter</b>  | <b>-3 612</b>     | <b>-3 851</b>      | <b>-3 944</b>     | <b>-4 006</b>     | <b>62</b>   |
| <b>Netto resultat</b> | <b>4 766</b>      | <b>4 622</b>       | <b>4 622</b>      | <b>4 354</b>      | <b>268</b>  |

**Kommentar til status økonomi**

Løn: Samla mindre forbruk på kr 480 564,-

Utgifter: Samla meirforbruk på kr 274 200,-

Det meste av meirforbruket (kr 185 569 ) kjem frå konto 111 50 Matvarer.

Kjøkenet måtte i tillegg gå til innkjøp av ny oppvaskmaskin i 2024, reparasjonar og kostnader knytt til dette er dei negativa avvika på konto 12402 ( Reperasjon av inventar og utstyr) på kr 45 462 og på konto 12 200 ( Kjøp og finansiell leasing av driftsmidlar) på -kr 75 627.

Inntekter:

Samla meirinntekter på kr 61 711.

Netto resultat:

Positivt avvik på 5,8 % = kr 268 075,-

Kjøkenet har hatt to lærlingar i 2024. Dette Har gjort at vi har kunne redusert innleige ved sjukefråver. Kjøkenet har også fått tilskudd frå Nav.

Matvareprisane aukar, og ein ser at sjølv om eininga har gjort tiltak i forhold til val av rimelegare merker på enkelte produkt så vart det negativt avvik på denne kontoen.

Mykje av utstyret på kjøkenet er gammalt og utstilt og treng reparasjonar og utskifting.

## Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

| Investering        | Budsjett for året |                |                  |                                 | Kommentar |
|--------------------|-------------------|----------------|------------------|---------------------------------|-----------|
|                    | Rev. bud.         | Rekneskap bud. | Forbruk i % i år | Status Økonomistatus Avvik i kr |           |
| Sum andre prosjekt | 500               | 666            | 133,2 %          | -166                            |           |
| <b>Sum</b>         | <b>500</b>        | <b>666</b>     |                  | <b>-166</b>                     |           |

## Statustekst investeringar

### Heimeteneste eining 1

#### Beskriving av tenestekområde

Heimesjukepleie er ei lovpålagt heildøgnssteneste som skal legge til rette for at tenestemottakaren skal få bu heime så lenge det er mogleg og forsvarleg. Heimesjukepleia er en sentral del av dagens helsetenesta, og stadig fleire mottar sjukepleie i sitt eget heim. Arbeidet i heimesjukepleia handlar om å møte enkeltmenneske som trenger helsehjelp og hjelp til å meistre kvardagen heime. Tenesta omfattar mellom anna heimesjukepleie, matombering, omsorgsstønad og tryggleiksalarm. Vi har brei kompetanse med sjukepleiarar, helse- og omsorgsarbeidarar, pleiemedarbeidarar, kreftkoordinator og fagkoordinator. Vi utfører også førebyggjande heimebesøk til dei som er 80 år. Helse hjelpa blir gitt til alle aldersgrupper som treng behandling, pleie- og omsorg i heimen, til dømes personleg hygiene, legemiddelhåndtering i form av multidose, sårstell, oppfølging og opplæring.

Vi arbeidar tverrfagleg med legetenesta, sjukeheimen, tenesta for psykisk helse og rus, koordinerande eining og kjøkken. Kompetansebehovet innan heimesjukepleie har auka etter innføring av samhandlingsreformen, ettersom spesialisthelsetjenesten krevjar at meir avanserte og komplekse pleieoppgåver utførast i kommunen. Dessuten opplevast utskrivingsklare pasienter som sjukare og meir tidkrevjande enn tidligare. Sjølv om sjukepleiekompetansen generelt anast som tilfredsstillande, er den likevel ikkje tilstrekkelig. Det er også variasjonar i forståelsen av heimesjukepleien målsettingar og utfordringar. God sjukepleiekompetanse åleine er ikkje tilstrekkelig. Kvaliteten på tenesta avhenger av eit gjensidig samarbeid mellom dei ansatte. Difor er det avgjørande å styrke kompetansen i heimesjukepleien på alle nivå, spesielt ettersom vi kan forvente ein utvikling med fleire oppgåver som krevjer spesialisert kompetanse.

#### Overordna mål

Overordna mål for heimeteneste er at brukaren skal ha moglegheit til å bu heime så lenge ein ønsker og at det er fagleg forsvarleg.

- Gje tenestetilbod på rett nivå ut i frå individuell kartlegging av tenestemottakar sine behov
- Førebygge, behandle og legge til rette for meistring av sjukdom, skade, liding og nedsett funksjonsevne
- Tenestemottakar klarer seg i eigen bustad med nødvendig hjelp
- Behov for plass på institusjon vert unngått eller utsett

Utfordringane i heimeteneste dei siste årene har gjort det vanskeleg å nå dei overordnede måla for teneste. Utfordringar i heimeteneste inkluderer også tilgangen på tilstrekkelig fagkompetanse for å dekkje grunnturnusen per vakt. Kvaliteten på helse- og omsorgsteneste avhenger ikkje bare av kapasitet, men også av kompetansen til dei tilsette som arbeidar innan teneste. Antal tilsette som er til stede til ein kvar tid, samt om dei er fast tilsett eller vikar, faglærte eller ufaglærte, har stor innvirkning på arbeids belastninga for kvar enkelt arbeidstakar. Lav bemanning resulterer i betydeleg arbeids belastningar for dei som er på jobb.

Utforminga av kvalitetstandarden har letta prosessen med å oppnå målene for tjenester, med hensyn til å tilby tjenester på eit adekvat nivå basert på individuelle kartleggingar av tenestemottakar behov.

## Utvalde resultat

Heimeteneste omfattar ein stor del av helsetenestene i kommunen, som har endra seg mykje dei siste årene. Heimeteneste har utvikla seg til å bli ein høy spesialisert helseteneste der ansatte må handtere komplekse sjukepleie oppgåver og avanserte helse undersøkjeleser.

I 2024 har det vore ein hektisk år for heimeteneste, preget av mange ressurskrevjande brukarar som har hatt behov for spesialisert kompetanse, særleg innan sjukepleie. I heimeteneste har det vore utfordrande å sørge for at vaktane alltid er dekket med tilstrekkeleg fagkompetanse. Dette skyldes dels mangel på ansatte med nødvendig kompetanse, samt høgt sjukefråvær, både kortvarig og langvarig, som i snitt har ligge på 14,43%. Situasjonen har med andre ord vore utfordrande for å kunne tilby ein forsvarleg helseteneste til innbyggjarane i Hareid kommune som har behov for helsehjelp. Dette kan illustrera ved den positive avviket i budsjettet for 2024, kor refusjonen for sjukepengar viser ein auke på heile 215%.

Det høge sjukefråværet henger saman med lav fagkompetanse på vakt, utilstrekkeleg grunnbemanning og ansatte som har vore nødt til å ta fleire ekstravakter for å få sikre tilstrekkeleg kompetanse. Over tid har dette resultert i eit dårlegare arbeidsmiljø, som igjen har ført til auka langtids sjukefråvær. Kvaliteten på helse- og omsorgstenestene handlar ikkje berre om kapasitet, men også om kompetansen til tilsette som jobbar i tenesta. Mengd tilsette som er på jobb til kvar tid, og om desse er faste eller vikarar, faglærte eller ufaglærte har mykje å seia for arbeids belastninga til kvar enkelt arbeidstakar. Låg bemanning fører til store arbeids belastningar for dei som er på jobb, er også ein av grunnane til at mange sjukepleiarar og andre personellgrupper innan helse- og omsorgssektoren forlèt arbeidslivet fleire år før oppnådd pensjonsalder.

Frå oktober har situasjonen endra seg betydeleg, noe som også er tydelig i den positive utviklinga i budsjettet. Heimeteneste måtte auke grunnbemanninga daglig frå starten av 2024 for å kunne gi nødvendig helseteneste til alle brukarane med vedtak om helsehjelp. Derimot har vi frå oktober klart å redusert grunnbemanninga både på dagtid og i helgene, ettersom tjenester har utvikla nye kvalitetsstandard for tildeling av tjenester. Det har vore en krevjande, men lærerik prosess som har vore heilt nødvendig for å kunne klare å handtere framtidlege og berekraftige helseteneste.

## Viktige hendingar

Viktige hendingar som har skjedd i 2024:

- Ny einingsleiar i heimeteneste tiltrådde i april 2024
- Turnover hos fast tilsette (endringar i bemanning blant faste tilsette)
- Utarbeidelse av kvalitetsstandarder for teneste-tildeling
- Eininga lykkas med å redusere antal innleie av ekstravaktar mot slutten av året. Antallet blei redusert fra 6 på dagvakt i helgene til 5 på dagvakt etter sommaren 2024.

### Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 20 001            | 18 928            | 17 587            | -1 341     | -7,6 %    |

### Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr    |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|---------------|
| Lønn                  | 20 562            | 17 510             | 17 510            | 19 886            | -2 375        |
| Refusjon lønn         | -2 143            | -920               | -920              | -2 060            | 1 140         |
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>18 419</b>     | <b>16 590</b>      | <b>16 590</b>     | <b>17 826</b>     | <b>-1 236</b> |
| Drift                 | 749               | 448                | 448               | 538               | -91           |
| Kjøp av produksjon    | 1 322             | 1 170              | 1 170             | 1 254             | -84           |
| Overføringer          | 164               | 179                | 136               | 116               | 20            |
| Finansutgifter        | 2                 | 0                  | 0                 | 14                | -14           |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>2 237</b>      | <b>1 797</b>       | <b>1 753</b>      | <b>1 922</b>      | <b>-168</b>   |
| Brukerbetaling        | -418              | -541               | -541              | -512              | -29           |
| Refusjoner            | -236              | -259               | -216              | -272              | 56            |
| Overføringer          | -2                | 0                  | 0                 | -35               | 35            |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>-655</b>       | <b>-800</b>        | <b>-757</b>       | <b>-819</b>       | <b>62</b>     |
| <b>Netto resultat</b> | <b>20 001</b>     | <b>17 587</b>      | <b>17 587</b>     | <b>18 928</b>     | <b>-1 341</b> |

### Kommentar til status økonomi

Heimeteneste eining 1 har avvik på - 1 341 457 kr for 2024,- som tilsvara - 7,6 % budsjettavvik. Men når man samanliknar med fjoråret, er forbruket betydeleg lavere.

**Lønn: samla meirforbruk på 1 235 617 kr, tilsvara -7,4%.**

I henhold til fastlønn er det registrert ein negativ avvik på 1 869 986 kroner mot budsjett. Det er midlertidleg observert ein nedgang i fastlønn dei siste månader av 2024. Denne nedgangen er delvis kompensert av lønns-stigning og etterbetaling i november, som resulterer i en auke i fastlønn. Den positive utviklinga i lønn den siste tida kan tilskrives tjenestens Implementering av endringar knyttet til fastlønn; for eksempel er bemanningen redusert fra sju til seks ansatte i kvardagen, og man leier ikkje inn ekstra-bemanning ved sjukdom. Vidare har det vore stillingar som har stått vakante og ikkje blitt besett, spesielt innan sjukepleiekompetanse, der 380% av stillingane har vore ubesatte. Tenesta har også redusert bruken av innleie ekstrahjelp mot slutten av året, noe som har ført til eit positivt avvik frå oktober månad når det gjelder bruk av ekstrahjelp og overtidssarbeid.

Årsaken til at tenesta har kunne unngå innleie ved sjukdom, er den reduserte pasientstrømmen som har krevd tenesteyting, i tillegg til forsøk på bedre koordinering for å minimere behovet for innleie. Dette vil imidlertid alltid variere, og vurderingar omkring dette må gjerest på daglig basis. Det er derfor ein nøye vurdering av arbeidsfordeling som avgjør om eininga skal leie inn ekstra ressursar ved sykefravær.

Det er, imidlertid, bekymringsfullt at tenesta har hatt vanskelegheiter med å ansette nødvendig fagkompetanse, spesielt sjukepleier. Dette har ledet til ein auke i langtidsfråvær, særleg blant sjukepleiare, som ifølgje av det aukande presset knyttet til kompetansenivået i tenesteyting. Det er også registrert ein generell auke i både korttids- og langtidsfråvær, som nå utgjør 14,38% i 2024. Det observerer eit auka forbruk av sjukevikar, med 334 055 kroner, noe som utgjør - 59,7%.

**Utgifter: meirforbruk på hiå kr. 168 090 kr, tilsvara - 9,6%.**

Eininga har opplevd negative driftsutgifter som resulterer i et negativt driftsresultat. Den mest betydningsfulle utgiften er knyttet til kjøp av tjenester frå andre, spesifikt fra Signo Conrad Svendsen senter, som utgjør meirforbruk med kr 83 613. Prognosen for driftsutgifter har auka sammenligna med det opprinneleg budsjettet, men i forhold til 2023 har det vore betydeleg reduksjon i rekneskapet. Det største avviket påviser i post 12600, som omhandlar reinholds- og vasketenester, samt leie og vask av betjeningstøy, meirforbruk på - 67 672 kr.

**Inntekter: Positiv avvik på hiå kr. 62 250.**

Tenesta har registrert en betydeleg auke i antal brukarar som søker om tryggleiksalarm. Imidlertid observerer det eit negativt avvik på -29 050 kr knyttet til brukarbetaling. I motsetning til dette er det eit positivt avvik i form av refusjoner fra staten. Tenesta mottar refusjoner fra Helfo for pasienter som nyttar seg av multidose. Disse refusjonane søker fast tre gonger i året, og beløpet vil variere avhengig av antal multidosebrukere. Resultatet av dette er et positivt beløp på 62 250 kr.

**Nettoresultat: Negativ netto avvik på 1 341 457,- som tilsvara - 7,6%.**

Det er tydelig at det er et mindreforbruk sammenlignet med 2023. Sjølv om fleire faste stillingar har stått ubesatte, ser vi at utgiftene på andre områder, som overtid, vikarer og sykefravær, auka. Dette bidrar til at den positive utviklinga ikkje blir så tydelig. Vi kan unngå innleie av vikarer ved sjukdom og overtid, og i tillegg kan vi redusere sjukefraværet dersom vi får inn fagkompetanse i eininga. Når det gjelder inntektene, er det utfordrande å lage prognoser siden det kan komme endringar både i brukarbetalingssats og refusjoner fra staten i løpet av de kommande månadene. Det anses at frå og med 2025 vil eininga kunne oppnå ein positiv utvikling samt positive nettoresultat ved å implementere en rekke tiltak knyttet til innleie og tildeling av tenesteyting.

25.03.2025 Sutharsiny Satheeskumar

Einingsleiar heimetenester

## **Oppsummering tiltak**

Fastlønn:

- Sjukepleiar i 100% fast stilling blir heldt som vakant stilling frå 01.09.24 - midlertidleg innsparingstiltak.
- Sjukepleiar i 100% stilling (Foreldrepermisjon) blir også lagt inn som vakant stilling frå 29.09.24. Får refusjon frå NAV.
- Sjukepleiar i 80% fast stilling blir heldt som vakant stilling frå 07.10.24 - bør utlyse for å dekke opp sjukepleiekompetansen.
- Sjukepleiar i 100% fast stilling - personen som var ut i foreldrepermisjon skulle starte i januar - har sagt opp stillinga og bør utlyse frå januar 2025

Inntekter:

- Inntekter på tryggleiksalarm (Hadartun) - ser allereie positiv resultat.

## **Statustekst investeringar**

### **Velferdsteknologi**

På grunn av omlegging til M365 så var det behov for å bytte ein del av it utstyret til Velferd. Utsiftinga er ikkje ferdigstilt men sett på vent med tanke på endeleg avgjersle om Helseplattformen .

## **Heimeteneste eining 2**

### **Beskriving av tenestoområde**

Heimeteneste eining 2 omfattar tenester som heimehjelp/praktisk bistand (4032), omsorgsstønad (4033), brukarstyrt personleg assistent (4034) og Hadartun omsorgsbustadar (4038).

#### **HEIMEHJELP:**

Heimehjelp ordninga skal bidra til at eldre og personar med funksjonsnedsetjing som treng hjelp og opplæring skal kunna bu lengst mogleg i eigen bustad. Tenesta vert tildelt etter ei individuell og fagleg vurdering.

Betalingssatsar for heimehjelp/praktisk bistand er basert på husstanden si samla inntektsgrense som følgjer Grunnbeløpet (G) i Folketrygda, dvs. husstanden sin netto likning før særfrådrag. Grunnbeløpet vert regulert 1. mai kvart år. Abonnementet vert regulert 1. januar kvart år.

#### **OMSORGSTØNAD:**

Omsorgsstønad er ein økonomisk kompensasjon som kan få av kommunen viss kommunen vurderer at søkaren har veldig tyngjande omsorgsarbeid, og gjer oppgåver som elles måtte vore utført av kommunen. Ordninga gjeld både omsorgsytarar utan omsorgsplikt, og foreldre som har omsorgsplikt for dei mindreårige barna sine.

Formålet med omsorgsstønad er å bidra til at personar som treng hjelp i dagleglivet kan få dette av pårørende eller andre nærstående. Omsorgsstønad skal bidra til at privatpersonar har moglegheit til å halda oppe omsorg for sine næraste. Ein føresetnad er at den som får hjelpa ønskjer denne ordninga.

Ingen har ein lovfesta rett til omsorgsstønad, men kommunen har en plikt til å ha ordninga etter [helse- og omsorgstjenesteloven §3-6](#).. For å få tildelt omsorgsstønad må kommunen ha vurdert dette som den mest formålstenlege måten å yta tenester på. Det er opp til kommunen du bur i å vurdere behovet, og den vurderinga skal dei gjera saman med deg, og omsorgsmottakar. Hjelpetønad og omsorgsstønad skal ses i samanheng, og det skal vere søkt hjelpetønad frå NAV før vurdering.

#### **BRUKARSTYRT PERSONLEG ASSISTENT:**

Føremålet med BPA er å gje personar med stort hjelpebehov større fridom til å styra tenestene og kvardagen sjølv. Brukarstyrt personleg assistanse (BPA) er ein måte å organisera praktisk bistand og opplæring på.

BPA er retta mot personar med langvarig og stort behov for personleg assistanse. For å ha rett til å få BPA må du vere under 67 år, ha behov for bistand ut over 2 år og meir enn 32 timar per veike. Du kan òg ha rett til BPA dersom hjelpebehovet ditt er mellom 25 og 32 timar per veike og kommunen din ikkje kan dokumentera at BPA vil vere dyrare enn andre tenestetilbod. Dersom du har fått bistanden organisert som BPA før du fylte 67 år, gjeld retten òg etter at du har fylt 67 år.

Det er kommunen som vurderer behovet for bistand. Kommunen skal i samarbeid med brukaren av tenesta vurdere om det skal vere tilbod om tenester i form av BPA eller andre teneste tilbod. Det er brukaren sjølv, eventuelt med bistand, som organiserer og leiger arbeidet assistentane utfører. Ved BPA er det eit krav at arbeidsleiarrolla blir forsvarleg teken hand om. Arbeidsgjevaransvaret i BPA-ordninga kan takast i vare av ekstern tenesteleverandør godkjent av kommune. Tenestemottakar må sjølv velje kva leverandør vedkomande vil ha til å drifte ordninga ut frå dei leverandørar kommunen har avtale med.

Kommunen har det overordna ansvar for kontroll av BPA -ordninga t.d. når det gjeld kvaliteten på tenesteytinga, forsvarlegheit og arbeidstilhøva til assistentane. Kontrollen skal gjennomførast årleg og skal varslast på førehand med brev.

#### **HADARTUN OMSORGSBUSTADAR:**

Hadartun omsorgsbustad er ein tilrettelagd bustad med bemanning delar av døgnet. Bustaden er bebuaren sin heim, og heimetenestene vert gitt på same vilkår som for andre heimebuande. Personar med auka omsorgsbehov som ikkje lenger kan bu i opphavleg heim, kan få omsorgsbustad. Bustadene er meinte for eldre og personar med nedsett funksjonsevne. Dei som bur i Hadartun omsorgsbustad får teneste frå heimesjukepleie og andre kommunale tenester. Omsorgsbustaden skal bidra til at bebuaren kan vere mest mogleg sjølvstendig og trygg samt at offentleg teneste skal vere lett tilgjengeleg.

Sektor for velferd disponerer 30 omsorgsbustadar ved Hadartun. Av desse vert 28 nytta til langtidsutleige og 2 til tidsavgrensa (mellombels) opphald i rehabiliterings leilegheit. Det er viktig å presisera at dette ikkje er sjukeheims plassar, men omsorgsbustadar der bebuar får heimetenester. Bebuar tildelt teneste omsorgsboleg inngår husleigekontrakt med sektor for kommunale bygg og betaler

husleige og straum. Tenestemottakar tildelt teneste kortidsopphald på rehabiliterings leilegheit betalar døgnpriis etter kommunalt vedteke sats.

## **Overordna mål**

### **HEIMEHJELP:**

Mål for tenesta er at personar med nedsett funksjonsevne får nødvendig hjelp slik at dei skal kunne bu heime lengst muleg.

### **OMSORGSSTØNAD:**

Omsorgsstønad er eit pårørande støttetiltak som skal bidra til gode rammer for privat omsorg og gjere det mogleg for private omsorgsytarar å halde fram med omsorgsarbeidet. Omsorgsstønad er meint å vere eit økonomisk kompensasjon for det omsorgsarbeidet den private omsorgsytaren gjer og kan gis i kombinasjon med, eller i staden for andre helse- og omsorgstenester.

### **BRUKARSTYRT PERSONLEG ASSISTENT:**

Brukarstyrt personleg assistent skal ta utgangspunkt i ressursane til den enkelte og bidra til å gjere vedkommande mest mogleg sjølvhjelp kring eigenomsorg og dagleglivet gjeremål.

### **HADARTUN OMSORGSBUSTAD:**

Omsorgsbustadar skal bidra til at brukaren kan vere mest mogleg sjølvstendig og trygg i eigen bustad. Offentleg teneste er lett tilgjengeleg.

## **Utvalde resultat**

- Ein av utfordringane med ordninga for heimehjelp er bemanningsmangelen i forhold til den aukande etterspørselen etter teneste. Per nå er kun to tilsette i stillingsbrøkar på henholdsvis 50 % og 70 %. Heimehjelp er en betalingsbasert teneste, der betalingssatsar for konkret heimehjelp er fastsett i henhold til husstandens samlande inntektsgrense, som følgjer grunnbeløpet (G) i Folketrygda. Dette inneberer at husstandens nettoformue, før særfrådrag, er retningsgivande for beregningen. I dag er det mange tenestemottakar som er minstepensjonistar, noe som resulterer i lavere inntektsnivå. Det vil heller ikkje bli innleidd vikar ved sjukdom eller i ferier i ordninga.
- Det har vore en betydeleg auking i antal søknadar om omsorgsstønad, fremmet av pårørande som søkjar omsorgslønn for krevjande og tyngande omsorgsoppgåver i heimen. Tenesta

begynte med grundig revurdering av samtlige vedtak for teneste mot slutten av 2024, med forventingar om ein positiv utvikling i 2025. Det er imidlertidleg vanskelig å forutsi om kor mange som vil ha krav på vedtak neste år, gitt at dette er en lov pålagt teneste som kommunen er forplikte til å tilby.

- De største utgiftene knyttet til Brukarstyrd Personlig Assistanse (BPA) er kjøp av tjenester fra andre private leverandører. Det er moglegheit for å søke om refusjon for ressurskrevjande brukaren. Behovet for BPA-tjenester i kommunen har økt ytterligare de siste årene. Tenesta har igangsatt arbeidet med en revurdering av enkeltvedtakene, for å kartlegge om de som har fått tildelt teneste har fått tildelt riktige timer, eller om det er behov for justeringar nedover. De fleste revurderinga tar lengre tid, ettersom mange av de som mottar teneste velger å sende inn klage, noe som resulterer i at saken vidareformidle til statsforvalteren. Vi har allereie avslutte eit vedtak.
- I løpet av dei seinare årene har mange pasientar som bur ved Hadartun omsorgsboleg hatt behov for meir omfattande helsehjelp og pleie. Av den grunn har det vore avgjørande å prioritere riktig fagkompetansen. Det har imidlertid vore ein utfordring å ha tilstrekkelig faglig kompetanse på Hadartun, særleg ettersom det har vore ein betydeleg auke i antal pasienter som krever meir pleie. Dette har medført behov for å ansette ytterligare personale for å sikre en forsvarlig teneste til brukarane. Det overordna målet for tildeling av omsorgsboleg er at brukaren skal oppnå størst mulig sjølvstendigheit. Imidlertid har vi observert at de som har fått tildelt omsorgsboleg i løpet av de siste årene, i større grad har vore pleietrengjande og hatt et økt behov for helsehjelp. Det er derfor tenesta 4038 Hadartun omsorgsboleg vil bli flyttet samen med 4031 heimetenesta fra 2025.

## Viktige hendingar

### Heimehjelp:

- I juni 2024 slutta en tilsette i heimehjelp med 56% stilling, og vedkommande ble ikkje erstatta.
- Fra og med 2024 har det blitt beslutta at det ikkje vil bli tilbydt tenesteyting i ferietidene når de ansatte har fellesferie.

### Omsorgsstønad:

- Det har blitt fortatt ein revurdering av enkelte vedtak, der man også har vurdert samanheng med andre kommunale tjenester som tilbyr.

### Brukarstyrd personleg assistent:

- Avslutta eit enkeltvedtak.
- Revurdering av enkeltvedtak på alle som mottar teneste.

### Hadartun omsorgsboleg:

- Bu og habilitering har overtatt ansvaret for fem omsorgsboligar. Dette resulterte i at heimetenesta hadde færre omsorgsboleigar tilgjengelig for heimebuande som hadde behov for høgere omsorgsnivå. Som følgje av dette auka behovet for tjenester i heimen, sametidleg som inntektene til heimetenesta blei redusert.

## Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 11 652            | 11 876            | 9 567             | -2 309     | -24,1 %   |

## Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr    |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|---------------|
| Lønn                  | 5 229             | 4 245              | 4 245             | 5 340             | -1 095        |
| Refusjon lønn         | -205              | -46                | -46               | -406              | 360           |
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>5 025</b>      | <b>4 199</b>       | <b>4 199</b>      | <b>4 935</b>      | <b>-736</b>   |
| Drift                 | 465               | 91                 | 91                | 103               | -13           |
| Kjøp av produksjon    | 7 742             | 7 000              | 7 000             | 7 120             | -120          |
| Overføringer          | 110               | 16                 | 25                | 21                | 4             |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>8 317</b>      | <b>7 106</b>       | <b>7 115</b>      | <b>7 244</b>      | <b>-129</b>   |
| Brukerbetaling        | -368              | -523               | -523              | -283              | -240          |
| Refusjoner            | -1 322            | -1 216             | -1 225            | -21               | -1 204        |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>-1 690</b>     | <b>-1 739</b>      | <b>-1 747</b>     | <b>-304</b>       | <b>-1 444</b> |
| <b>Netto resultat</b> | <b>11 652</b>     | <b>9 567</b>       | <b>9 567</b>      | <b>11 876</b>     | <b>-2 309</b> |

## Kommentar til status økonomi

Heimeteneste 2 har eit avvik frå budsjett på - 2 308 569 kr som vil seie - 24,1%. Det største avviket skyldast 4034 brukarstyrt personleg assistent - kjøp av tenester frå private. Nye tiltak som blir satt i verk frå 2025, forventar å sjå resultat, men det vil ta lang tid sida vedtak som blir klaga til statsforvalteren. Nettoresultatet kan bli noko betre ettersom det er forventa meir inntekter frå staten når det blir søkt om refusjon til ressurskrevjande brukarane som mottar BPA teneste, usikker kva tid.

## Teneste 4032 - Heimehjelp

- **Lønn: Samla meirforbruk på kr 268 660, noe som utgjør - 43,5 %.**  
Når det gjelder heimehjelp, observerer vi det ein negativ utvikling i fastlønn, med - 42 629 kroner. Avviket på fastlønna har vore på - 267 376 kroner, noe som tilsvara ein - 43,0 % i forhold til budsjettet for 2024. Ansvaret har heller ikkje vore innleie ved sjukdom eller ferieavvikling, noe som har resultert i eit noe positivt netto resultat når det gjelder lønnen totalt sett. I forhold til nettoresultat for 2023 til 2024, har det vore store mindreforbruk. Dette ansvaret omfattar også matombæring, som tilsvara en stilling på over 50% som ikkje har vore budsjettert på ansvaret. Ansvar for matombæring har frå januar 2025 blitt overført til ein annen eining utan at det medfører ekstra kostnader. Fra januar 2025 kan man forvente en meir positiv avvikling av fastlønna.
- **Inntekter: Samla mindreinntekt på 242 607 kr.**  
Mindreinntekter på brukar-betaling på kr 240 086 kr. Det er på bakgrunn av at brukarane har

fått endre vedtaka sine, dei fleste som får tildelt heimehjelp, har kun ein gong i veka og de brukarane som er på Hadartun har kun 1 time kvar 14 dag. Vi ser også at det er fleire minstepensjonistar som mottar tenesta og betalar difor minste sats ( som er 230,- i månad). Det er heller ikkje så lett å budsjettere rett fordi det vil variere kor mange til ei kvar tid som har enkeltvedtak om tenesta og deira inntektsgrunnlag er bakgrunn for inntekt på tenesta. Når det blir sjukdom, blir det heller ikkje prioritert å leige inn personell.

#### Teneste 4033 omsorgsstønad:

- **Løn: Samla meirforbruk på hia kr. 230 143, som tilsvara -31,9%.**  
Rekneskap for omsorgsstønad syner - 230 143 kr for 2024 med omsorgslønn på - 112 629 kr. Det er lågt budsjettert i forhold til behovet framover, tenesta merker auki av søknader i forma av pårørande som søker omsorgslønn for krevjande og tyngde omsorgsoppgåver i heimen, i tillegg er arbeidsgivaravgift - 117 514 kr. Det har heller ikkje tatt hensyn til auki av timesats som blir justert kvart år. Tenesta har starta med revurdering av vedtaka, håpar på ein positiv utvikling frå 2025, men det er vanskeleg å berekne og seie noko om kor mange som har krav på vedtak neste år, og det er eit lov-pålagt teneste som kommune må ha.

#### Teneste 4034 Brukarstyrd personleg assistent:

- **Løn: Samla meirforbruk på 49 583 kr.**  
Rekneskap for Personleg assistanse med nettoresultat som er -1 373 395 kr som vil seie - 20,3%, syner - 148 953 kr på fastløn. Ein ser at det har ikkje tatt hensyn til lønns auki og auka behov for tenester i kommunen. På fastløn er det to tilsette personleg assistent med totalt, 120% stilling. Den eine stilling med 70% gjekk av med pensjon i mars 2025 (stilling blir prioritert som innsparing på bakgrunn av nedgang av hjelpebehov).
- **Utgifter: Samla meirforbruk på kr. 123 812**  
Det største utgifter er på kjøp av tenester (BPA - Brukarstyrd personleg assistanse) har -120 019 kr der kjøp av tenester frå private.
- **Inntekter: Samla eit meirforbruk på kr. 1 200 000**  
Det er forventa at det vil kome meir inntekter frå staten når det blir søkt om refusjon til ressurskrevjande brukarane som mottar BPA teneste.

#### Teneste 4038 Hadartun omsorgsbustad:

- **Løn: Samla meirforbruk hiå på kr. 413 286**  
Rekneskap for Hadartun omsorgsbustader hiå syner - 436 372 kr som vil seie - 29,5%, derav - 392 245 kr på fastløn, - 274 656,- på sjukevikar med meirforbruk - 262 028 kr. Sjukevikar og overtid må difor sjåast i samanheng med sjukeløns-refusjon på + 367 510 kr. Frå 2025 har ansvaret 4038 har slått saman med 4031 heimesjukepleie, for dei som er på omsorgsbustad er heimebuande og får same hjelp som alle dei andre heimebuande brukarar og all hjelpa går frå heimeteneste. Pga at dei siste åra er det mange av dei som bur i omsorgsbustad har hatt behov for auka og omfattande helsehjelp, har det vire viktig med prioritering av kompetanse på omsorgsbustad. De personell som er ansats på 4038 er ufaglærte, ønsker derfor å samle all kompetanse inn under 4031 slik at det er lettare å fordele teneste kvaliteten.

- **Utgifter: Samla meirforbruk på kr. 21 882**

Det er litt ganske mindre utgifter i forhold til i fjor. På Hadartun blir det også betalt for lisensar (TV), her var det - 55 600 kr.

26.03.2025 Sutharsiny Satheeskumar  
Einingsleiar heimetenester

## Oppsummering tiltak

- Heimehjelp: Matombæring som tilsvara ca. 60% blir flytta til ei anna eining (bu-habilitering), utan at det er behov for ekstra innleie.
- Omsorgsløn og BPA: Har starta arbeidet med enkelt vedtak som blir endra og evt avslutta frå 2025, men det vil ta lang tid før ein kan sjå resultatet pga klagesak og saksbehandlingstid.
- Hadartun omsorgsbustad: Ansaret 4038 blir flytta til heimeteneste eining 4031.

## Bu- og habilitering

### Beskriving av tenesteområde

Bu -og habilitering gir heildøgnspleie -og omsorg for menneskjer med nedsett kognitiv funksjon. Eininga ligg under sektor for velferd. Ansaret ligg under 4051 - miljøarbeid i omsorgsbustad. Eininga arbeidar med menneskjer med ulike kognitive utfordringar og andre særskilte behov.

Bu - og habilitering gir lovpålagte tenester til mennesker med nedsatt kognitiv funksjon og har andre særskilte behov. I vår eining så nyttar vi helse - og omsorgstenestelova kapitel 9 - rettsikkerheit ved bruk av tvang og makt ovanfor enkelte personar med psykisk utviklingshemming. Kapitelets føremål er å begrense bruk av tvang og makt, samstundes som det skal sikre at mennesker med psykisk utviklingshemming ikkje utsetter seg sjølv og andre for fare. I henhold til lovverket så må vi ha helsefagarbeidarar eller miljøterapeutar på jobb for å utøve tvang og makt ovanfor enkelt menneskjer. I bu - og habilitering så har vi brukarar med tvangsvedtak der vi må fylgje lovverket for å kunne drifte ut i frå bestemmelsane.

### Overordna mål

Overordna mål for tenesta er at brukarane skal få tilpassa og forsvarlege tenester ut i frå funksjonsnivå og lovverket. Bu -og habilitering har eit auke i søknadar om teneste. Nokon av desse tenestene er lov-pålagte, som for eksempel avlasting for born med særleg tyngande omsorgsbehov.

Eit overordna mål er å nytte seg av gode kartleggingsverktøy får å kunne innvilge eller avslå nye søknadar. Per dags dato så har ikkje Hareid kommune eit eige tildelingskontor. Dette må vere eit overordna mål for å kunne behandle søknadar med lik praksis. Slik det vert behandla i dag, så er det einingsleiar/fagkoordinator som behandlar søknadar om teneste, og som ofte sit i same ansvarsgruppe. Det vert fort ein splitting i relasjonar om praksisen fortsett slik det er lagt opp i dag.

## Utvalde resultat

Utvalte resultat i bu -og habilitering Hjellevbakken må sjåast i samanheng med Reina.

- **Ressurskrevjande brukarar.**

Ressurskrevjande brukarar er personar som har behov for omfattande helse -og omsorgstenester. Desse brukarane krev ein betydeleg ressursinnsats frå bu -og habilitering. Hareid kommune søker om delvis refusjon av direkte lønsutgifter knytt til desse tenestene. Refusjonen dekker 80 prosent av lønsutgiftene etter eit gitt innslagspunkt. Vi hadde budsjettert med 24 millionar i refusjon, men på grunn av ei innskjerping av lovverket så vart den reelle summen ein del lågare. 17,85 millionar

- **Ned-bemanning/kutt i årsverk.**

I løpet av 2024 har bu -og habilitering gjennomført ned-bemanning både på Reina og Hjellevbakken. Det har vore ein reduksjon i stillingar tilsvarande ca. 2,5 årsverk. Når det er mindre bemanning, så er det meir sårbart i forhold til fråvær og innleie. Dette kan føre til fleire overtidstimar enn kva ein har budsjett for.

- **Overføring av brukar frå privat leverandør til kommunal oppfølging.**

I løpet av året har vi fått tilbakeført brukar som har hatt privat aktør. I ei periode betalte bu -og habilitering den private aktøren i tillegg til å gje kommunale tenester til brukar. Dette jamna seg ut når avtalen med den private aktøren vart avslutta. Dette er på sikt ein be sparing.

- **Stenging av Hjellevbakken 8**

Hjellevbakken 8 vart stengt juni 2024 noko som medførte til ein meirkostnad på nattevakter tilsvarande eit halvt årsverk.

## Viktige hendingar

Bu -og habilitering vart delt i to frå januar 2024, budsjettet vart ikkje delt. Einingsleiarane samhandlar om budsjett for heile året. Det har vore eit auke i antal brukarar som har behov for teneste frå oss. Desse har samansette diagnosar som krev tett oppfølging. Tenestemottakarar har teneste i frå eksterne leverandørar som utgjer ein betydeleg kostnad, i tillegg til oppfølging frå bu -og habilitering. Dette har blitt redusert i løpet av året grunna endra tenestebehov hjå enkelte.

Det vart oppretta eitt nytt dagsenter for psykisk utviklingshemma i starten av januar, samtidig betalte vi for det gamle dagsenteret (Sanzibar). Bu -og habilitering kan gi betre tenester ved å samle fleire brukarar til eit felles samlingspunkt. Dette har vore positivt for alle. Det blir tilbudd avlasting for born etter skuletid ved dagsenteret, noko som har vore ei utfordring tidlegare.

Det har vore endringar i nokon tenester som har hatt stort økonomisk utfall.

Hjellevbakken 8 vart stengt i juni og dette resulterte dyrare drift i henhold til flytting av dei leigetakarane som budde der, i tillegg til avlasting. Nattevakt vart auka med 50 % grunna omlokalisering av avlasting.

Det vart gjort kutt i bemanning tilsvarande ca. 2 årsverk frå april.

I oktober vart det auke i stillingar då fleire av dei som hadde gått midlertidige arbeidskontraktar krevde dette fast. Ut i frå det nye reglementet så hadde leiar ikkje anna val enn å tilby dette fast. Det er også eit reelt behov ut i frå lov-pålagte tenester til brukarane.

Pålhaugen omsorgsbustadar vart påbegynt i år. Dette blir dei nye bustadane for psykisk utviklingshemma i Hareid kommune, då får vi samla alle saman igjen og kostnadane på drift vil gå ned.

## Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 46 815            | 32 562            | 34 078            | 1 517      | 4,5 %     |

## Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr    |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|---------------|
| Lønn                  | 41 762            | 29 693             | 29 693            | 26 098            | 3 595         |
| Refusjon lønn         | -1 478            | -1 250             | -1 250            | -846              | -404          |
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>40 283</b>     | <b>28 443</b>      | <b>28 443</b>     | <b>25 252</b>     | <b>3 192</b>  |
| Drift                 | 798               | 744                | 744               | 1 101             | -358          |
| Kjøp av produksjon    | 34 058            | 28 892             | 28 892            | 24 111            | 4 781         |
| Overføringer          | 117               | 82                 | 143               | 181               | -38           |
| Finansutgifter        | 0                 | 0                  | 0                 | 2                 | -2            |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>34 973</b>     | <b>29 717</b>      | <b>29 779</b>     | <b>25 396</b>     | <b>4 383</b>  |
| Brukerbetaling        | -5                | 0                  | 0                 | -3                | 3             |
| Refusjoner            | -28 437           | -24 082            | -24 143           | -18 081           | -6 062        |
| Overføringer          | 0                 | 0                  | 0                 | -2                | 2             |
| Finansinntekter       | 0                 | -1                 | -1                | 0                 | -1            |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>-28 442</b>    | <b>-24 082</b>     | <b>-24 144</b>    | <b>-18 086</b>    | <b>-6 058</b> |
| <b>Netto resultat</b> | <b>46 815</b>     | <b>34 078</b>      | <b>34 078</b>     | <b>32 562</b>     | <b>1 517</b>  |

## Kommentar til status økonomi

**Løn:** Samla mindreforbruk på kr. 3 191 681

Kommentar: Dette må sjåast i samanheng med avdeling Reina som hadde 0,- i budsjett for 2024.

**Utgifter:** Samla mindreforbruk på kr. 4 382 766

Mindreforbruket er i hovudsak knytt til konto kjøp av produksjon, tenester frå andre private. Det vart omgjort frå privat til kommunal teneste. Denne posten må også sjåast i samanheng med Reina.

**Inntekter: Samla mindreinntekter på kr. -6 057 628**

*Mindreinntekter er knytt til brukar-betaling/refusjon frå andre/refusjon frå staten.*

*Det store avviket skyldast at ein fekk mindre inntekter på ressurskrevjande brukarar enn kva som det var budsjettert . Endring rundt praksis på refusjon gjorde at vi ikkje fekk det som vi hadde budsjettert med. innskjerjingane rundt praksis vart det informert om i januar 2025. Dette slo svært uheldig ut for mange kommunar, og spesielt for Hareid.*

**Nettoresultat: positivt avvik på kr. 1 516 819**

*Avviket og rekneskapen må sjåast i samanheng med Reina.*

## **Oppsummering tiltak**

I løpet av 2024 har det vorte sett i verk tiltak for å betre økonomien i bu -og habilitering. I april så vart det kutta til saman 2,5 årsverk.

I bu -og habilitering så har vi prøvd å ikkje leige inn på overtid, sjølv om det i periodar har vore utfordrande med mykje fråvær. Turnusarbeidet er i fokus, for å avdekke hull og vakanse. Vakanse på turnus er mykje mindre enn kva den har vore. Leiinga jobbar aktivt med å få inn fleire ressursar i form av tilkallingsvikarar som kan kome på kort varsel.

Begrense innkjøp til det mest nødvendige.

## **Reina**

### **Beskriving av tenesteområde**

Bu- og habilitering - Reina ligg under sektor for velferd. Dette er ei nyoppretta eining. Den låg før under bu- og habilitering saman med Hjeltebakken. Grunnen for at eininga blei delt er at det er eit aukande behov for teneste.

Vi har tre ansvar i denne eininga og det er:

- 4061 - Miljøarbeid i omsorgsbustad Reina (brukarar som bur "inne" på reina).
- 4062- Avlastning for barn og unge (avlastninga vår).
- 4063- Miljøarbeid i eigen heim (UTE-brukarar).

Bu og habilitering gjev lovpålagte tenester til menneske med nedsett kognitiv funksjon og som har andre særskilte behov. Vi gjev heildøgnspleie til våre brukarar. I vår eining nyttar vi blant anna helse- og omsorgslova kap. 9 - rettsikkerhet ved bruka av tvang og makt ovanfor enkelte personar med psykisk utviklingshemming . Føremålet med dette kapitelet er å bygrense bruka av tvang og makt, samstundes

som det skal sikre at menneske med psykisk utviklingshemming ikkje utsett seg sjølv fog andre for fare. I henhold til lovvernet må vi ha helsefagarbeidarar eller miljøterapeutar på arbeid for å utføre tvang og makt for enkelte menneskjer. Vi har ei stor brukergrupper, med forskjellige behov. Nokre treng avlastning på helg, nokre bur heime, men treng tilsyn og praktisk bistad og andre bur fast hjå oss og treng døgnbemanning. Dette er menneskjer med ulike behov som krev ulik hjelp. Eininga har og ansvaret for alle nattevaktene i bu- og habilitering.

## Overordna mål

### Overordna mål for eininga

- **Gje brukarane tilpassa tenestene ut i frå kva funksjonsnivå dei har:**

Det er viktig å kartleggje brukarane godt slik vi har betre moglegheiter til å kunne gje dei det dei har behov for. Det er og viktig å kunne følgje med på endringar i funksjonsnivået som igjen kan gjer at dei treng andre type teneste. Vi må og bruke karleggingskjema for å kunne godkjenne eller avslå søknadar som kjem inn.

- **Gje brukarane forsvarlige teneste ut i frå lovverket.**

Vi må passe på å følgje dei forskjellige lovverka for å kunne gje trygge, forsvarlege og gode teneste til brukarane.

## Utvalde resultat

Utvalgte resultat for Reina må sjåast i samanheng med Hjellevakken då vi delte budsjett i fjor.

- **Ressurskrevjande brukarar:**

Ressurskrevjande brukarar er personar som har behov for omfattande helse -og omsorgstenester. Desse brukarane krev ein betydeleg ressursinnsats frå bu -og habilitering. Hareid kommune søker om delvis refusjon av direkte lønsutgifter knytt til desse tenestene. Refusjonen dekker 80 prosent av lønsutgiftene etter eit gitt innslagspunkt. Vi hadde budsjettert med 24 millionar i refusjon, men på grunn av ei innskjerping av lovverket så vart den reelle summen ein del lågare. 17,85 millionar

- **Nedbemanning/ kutt:**

I løpet av 2024 har vi gjort ein del nedbanningar både på reina og hjellevakken, tilsvarende 2,5 årsverk. Vi har greidd å bruke ressursane vore på ein betre måte slik at brukarane får det dei har

behov og rett til samstundes som vi har færre folk på jobb. Det som har vore utfordrande med dette er at det er lite folk på arbeid, noko som gjer at vi mistar fleksibiliteten og må bruke meir innleige som igjen fører til meir overtid.

- **Overføring av brukar frå privat til kommune:**

I løpet av året har vi fått tilbakeført brukar som har hatt privat aktør. I ei periode måtte vi betale den private aktøren, samt gje teneste til brukaren. Dette jamna seg ut når avtalen med privat aktør blei avslutta. Dette er på sikt ein besparing då vi greier å gje rimeligare teneste.

- **Stenging av Hjellevakken 8**

Då vi måtte stengje Hjellevakken 8 i Juni, blei det ein meirkostnad i form av ei ekstra nattevakt til avlasting då dei måtte flyttast. Dette utgjer sikra eit halvt årsverk på natt.

## **Viktige hendingar**

### **Deling av bu- og habilitering**

Bu og habilitering blei delt i to frå Januar 2024. Budsjettet blei ikkje delt og alle pengane sto på Hjellevakken. Einingsleiarane samhandlar om budsjettet heile året.

### **Auke i behov**

Hjellevakken 8 blei stengt i Juni og dette resulterte i dyrare drift, då brukarane blei flytta og det blei behov for ei ekstra nattevakt for avlastninga. Denne nattevakta utgjorde sikra ei 50% stilling.

Det har vore ein auke i antal brukarar som har hatt behov for teneste frå oss. Desse har samansette diagnosar som krev tett og god oppfølging. Vi har og tenestemottakarar som har teneste frå eksterne leverandørar som utgjer ein betydeleg kostnad for oss. Ein av desse brukarane har blitt ført tilbake til oss, men i ei periode måtte vi betale ekstern leverandør medan vi samstundes gav teneste. Dette retta seg i løpet av året.

### **Nytt dagsenter**

Det blei oppretta nytt dagsenter for psykisk utviklingshemma i starten av januar, samtidig som vi betalt for det gamle dagsenteret (Zansibar). Bu- og habilitering kan gi betre tenester ved å samle fleire brukarar til eit felles samlingspunkt. Dette har vore positivt for alle. Det blir tilbudd avlasting for born etter skuletid ved dagsenteret, noko som har vore ei utfordring tidlegare.

### **Fast tilsetting**

I løpet av året har fleire vikarar fått fast tilsetting. Dette fordi det kom nye retningslinjer for bruk av midlertidig tilsetting. Dei vikarane som då gjekk på midlertidige kontraktar fekk fast stilling. Dette var naudsaamt for å kunne greie å fylle turnus og igjen gje lov-pålagte teneste til brukarane.

### **Pålhaugen**

Pålhaugen blei påbegynt i 2024. Dette blir dei nye bustadane for psykisk utviklingshemma i kommuna. Når dette kjem på plass blir alle brukarane samla igjen og kostnadane på drift vil gå ned.

**Status økonomi i rammeområdet***Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 0                 | 16 695            | 0                 | -16 695    | 0,0 %     |

**Økonomistatus per konto***Beløp i 1000*

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr     |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|----------------|
| Lønn                  | 0                 | 0                  | 0                 | 17 816            | -17 816        |
| Refusjon lønn         | 0                 | 0                  | 0                 | -1 190            | 1 190          |
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>0</b>          | <b>0</b>           | <b>0</b>          | <b>16 627</b>     | <b>-16 627</b> |
| Drift                 | 0                 | 0                  | 0                 | 74                | -74            |
| Overføringer          | 0                 | 0                  | 0                 | 0                 | 0              |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>0</b>          | <b>0</b>           | <b>0</b>          | <b>74</b>         | <b>-74</b>     |
| Brukerbetaling        | 0                 | 0                  | 0                 | -6                | 6              |
| Refusjoner            | 0                 | 0                  | 0                 | 0                 | 0              |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>0</b>          | <b>0</b>           | <b>0</b>          | <b>-6</b>         | <b>5</b>       |
| <b>Netto resultat</b> | <b>0</b>          | <b>0</b>           | <b>0</b>          | <b>16 695</b>     | <b>-16 695</b> |

**Kommentar til status økonomi****Løn: Samla meirforbruk på kr. 16 626 540,-**

*Kommentar: Må sjåast i samanheng med Bu- og habilitering, Hjellevakken, då Reina hadde 0 kr i budsjett i 2024.*

**Utgifter: Samla mindreforbruk på kr. 74 070,-***Kommentar:***Inntekter: Samla eit meirforbruk på kr. 5 666,-***Kommentar:***Nettoresultat: negativt avvik på kr. 16 694 944,-**

*Kommentar: Sidan det har vore budsjetttert med kroner 0, men det har likevel blitt betalt ut lønn frå dette budsjettet er det største meirforbruket på løn. Dette må sjåast i samanheng med Hjellevakken, då alle budsjettmidlane står der. Dette er blitt retta opp i for budsjettet for 2025.*

.

**Oppsummering tiltak**

Vi hadde stort fokus i 2024 på å spare pengar. Vi leigde ikkje inn personell før det va heilt naudsynt. Vi gjorde det kunne for å unngå overtid (flytta tilsette til andre brukarar osv.). Einingsleiar og Fagkoodinoator har vore mykje ute i miljøet for å hjelpe til slik ein slepp all innleige. Det har og vore kjøpestopp på alle varer som ikkje er naudsynte.

## Samfunnsutvikling

### Beskriving av tenesteområde

Sektor for Samfunnsutvikling har ei sentral rolle for å byggje, utvikle og forme våre fysiske omgjevnadar; både i sentrum og i krinsane. Sektoren samansett av svært ulike fag- og tenesteområde, som er gjensidig avhengige av kvarandre for å kunne levere effektive og gode samfunnstenester. Denne bredda er spanande og gjev auka mogelegheiter for tverrfagleg samarbeid.

Hovudprosessane i kommunalområdet kan delast inn i oppgåver for tenesteyting, utøving av mynde og samfunnsutvikling. I tillegg kjem oppgåver som i større grad kan definerast som tverrgåande prosessar. Alle oppgåvene skal bidra til at kommunen blir oppfatta som ei samskapingskommune.

Kommunalområdet har i overkant av 50 tilsette, som er organisert i 6 einingar og i kommunalsjefen sitt team.

Dei seks verksemdene er:

- Plan byggesak og geodata
- Næring
- Kultur
- Kommunalteknikk
- Kommunal eigeendom
- Hareid mottakssenter

I tillegg til desse har vi interkommunalt samarbeid på:

- Brann og feiing - Vertskommune Ulstein
- Landbruk - Vertskommune Herøy

Sektoren har også ansvar for finansiering av trussamfunn - Hareid sokn.

For 2024 har ein vore gjennom ei omorganisering/splitting av eininga Næring busetting og kultur. Resultatet var eining Næring og eining Kultur.

Kommunalområdet har ei rekke oppgåver som grensar nært til oppgåvene i andre delar av kommuneorganisasjonen og selskap. Dette føreset god samhandling og dialog internt og med innbyggjarar, næringsliv og andre relevante partar. Kommunalområdet har fokus på å legge til rette for samhandling gjennom møteplassar, nettverk, digitalisering og nye arbeidsformer.

## Overordna mål

Sektor for Samfunnsutvikling står framfor store oppgåver som er spanande, men også krevjande. Det er allereie synleg at dei økonomiske rammene og tilgangen på kompetanse ikkje vil strekkje til på alle område. Vi ser at naudsynte administrative oppgåver tek tid og kapasitet frå personell med god fagkompetanse. Vi må rigge oss slik at vi klarer å løfte blikket og tenke strategisk i alle ledd. Dersom ein har for liten kapasitet i fagområda blir alle ressursar, også leiarressursane, operative. Dette er ei utvikling som ikkje er tenleg for sektoren over tid. Dersom vi ynskjer at kommunen skal vere ein attraktiv og aktiv samfunnsbyggjar i framtida, så må vi ta inn over oss at det kostar meir å drive desse tenestene enn det vi har sett av til drift til no. I denne samanheng må vi erkjenne at ein ikkje har lukkast å få vedteke verken planstrategi eller rullert kommuneplanen sin samfunnsdel.

Reiselivssatsinga er eit svært stort og komplekst utviklingsprosjekt som krev ressursar i fleire einingar i sektoren. Dette prosjektet påverkar heile kommunen sin attraktivitet og utvikling, og bygg opp om Hareid kommune sine ynskjer om å vere regional/nasjonal/internasjonalt attraktiv, med lokal identitet.

Vekst, utvikling og omstilling som endrar arealbruk krev offentleg medverknad gjennom planlegging og behandling av søknadar etter plan og bygningslova, delingslova og matrikkellova. Næringslivet hevdar at samspelet med kommunen, effektiv saksbehandling av saker som gjelder arealdisponering og handsaming av byggjesaker, er det viktigaste kommunen kan bidra med for å bevare og utvikle ein velfungerande privat sektor. Offentlege byggjeprojekt er også avhengig av saksbehandling og godkjenning etter plan og bygningslova for å kunne realiserast. Derfor er det krevjande at arealdelen til kommuneplanen ikkje er oppdatert, og at ein har mange gamle reguleringsplanar i fleire av kommunedelane. Vi ser at arealpolitikken ikkje vert så strategisk og langsiktig som kommunen er tent med, og det medfører lite effektiv plan- og byggesakshandsaming med mange dispensasjonar. Dette er heldigvis ein situasjon i endring, då rulling av arealdelen til kommuneplanen er prioritert oppgåve 2025.

Omdømet til kommunen er nært knytt til våre arbeidsrutinar og evne til å kommunisere med innbyggjarane. Målet er å bli oppfatta som ein strategisk, tydeleg og føreseieleg samarbeidspart. Vi må forenkle våre arbeidsprosessar og ta i bruk digitale verktøy, som kan gjere det lettare både for dei tilsette og innbyggjarar.

Vi legg til grunn at kommuneøkonomi og rekruttering vil bli utfordrande både lokalt og nasjonalt i åra framover. Dette vil innebære endringar i tenestetilbodet frå kommunen og vil skape eit enda større behov for å ta i bruk nye arbeidsmåtar. Vi må arbeide med digitalisering i ulike former og innanfor alle fagområda. Slik utvikling frigjer tid til rettleiing, utvikling og kvalitetssikring og kan bidra til å dreie arbeidet over til meir fokus på utvikling og forbetring av tenestene.

Etter pandemien ser vi eit auka behov for uformelle henge- og møteplassar med uforpliktande tilbod om ulike aktivitetar. Ein har difor styrke ungdomsklubben og tilbodet der. Vi ser no at ungdomsmiljøet i fleire kommunedelar hardnar til og vi må satse meir på førebygging internt i tenesteområda og saman med frivillige, for å skape gode og inkluderande lokalsamfunn. Denne satsinga på tidleg innsats gjeld heile kommuneorganisasjonen, som saman må samarbeide om å finne gode løysingar på ei krevjande utfordring.

Utfordringane er mange, men fordelene er at vi har mange å spele på lag med. Vi har innbyggjarar og næringsaktørarar som satsar både tid og pengar på å samarbeide med kommunen for å gjere kommunen og regionen attraktiv. Vi har lukkast med å utvikle og profesjonalisere mange av våre tenester dei seinare åra, og vi bygg omdømet vårt gjennom dyktige medarbeidarar som står fram i media med konkrete prosjekt og som deltek med sitt samfunnsengasjement på ulike arenaer.

### Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining                         | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr    | Avvik i %      |
|--------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|---------------|----------------|
| 1050-Plan, byggesak og geodata | 3 880             | 2 991             | 3 019             | 28            | 0,9 %          |
| 1090-Brannvern                 | 8 174             | 8 283             | 7 800             | -484          | -6,2 %         |
| 5005-Næring                    | 5 900             | 2 066             | 443               | -1 623        | -365,9 %       |
| 5060-Trusamfunn                | 4 014             | 4 100             | 4 100             | 0             | 0,0 %          |
| 5100-Kultur                    | 3 216             | 4 771             | 5 014             | 243           | 4,9 %          |
| 6501-Samfunn                   | 2 259             | 3 246             | 2 900             | -345          | -11,9 %        |
| 6510-Kommunalteknikk           | 7 709             | 7 267             | 6 696             | -571          | -8,5 %         |
| 6599-Sjølvkostområde           | -666              | -528              | -449              | 79            | 17,6 %         |
| 7000-Kommunal eigedom          | 13 462            | 17 396            | 16 040            | -1 357        | -8,5 %         |
| 7025-Utleigebustadar           | -1 183            | -1 141            | -1 456            | -315          | -21,6 %        |
| 7300-EMA mottak                | -6 434            | 0                 | 0                 | 0             | 0,0 %          |
| 7310-Hareid mottakssenter      | 394               | -4 139            | -6 136            | -1 997        | -32,5 %        |
| <b>Sum</b>                     | <b>40 725</b>     | <b>44 311</b>     | <b>37 972</b>     | <b>-6 339</b> | <b>-16,7 %</b> |

### Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr     |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|----------------|
| Lønn                  | 51 543            | 49 213             | 50 293            | 48 911            | 1 382          |
| Refusjon lønn         | -1 665            | -1 161             | -1 711            | -3 098            | 1 386          |
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>49 879</b>     | <b>48 052</b>      | <b>48 582</b>     | <b>45 813</b>     | <b>2 768</b>   |
| Drift                 | 44 642            | 44 448             | 43 527            | 45 317            | -1 790         |
| Kjøp av produksjon    | 13 279            | 11 195             | 13 695            | 13 782            | -87            |
| Overføringer          | 14 458            | 8 673              | 9 072             | 18 650            | -9 578         |
| Finansutgifter        | 13 661            | 29 448             | 13 650            | 15 810            | -2 160         |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>86 040</b>     | <b>93 764</b>      | <b>79 945</b>     | <b>93 559</b>     | <b>-13 615</b> |
| Brukerbetaling        | -43 936           | -52 714            | -54 316           | -51 316           | -2 999         |
| Refusjoner            | -45 934           | -33 752            | -35 997           | -38 733           | 2 737          |
| Overføringer          | -3 071            | -830               | -1 332            | -1 802            | 470            |
| Finansinntekter       | -2 253            | -14 747            | 1 090             | -3 209            | 4 299          |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>-95 194</b>    | <b>-102 044</b>    | <b>-90 554</b>    | <b>-95 061</b>    | <b>4 507</b>   |
| <b>Netto resultat</b> | <b>40 725</b>     | <b>39 772</b>      | <b>37 972</b>     | <b>44 311</b>     | <b>-6 339</b>  |

### Kommentar til status økonomi

**Løn:** Samla mindreforbruk på kr. 2.768.469,-

Ein million av mindreforbruket er frå sjølvkost VA.

**Utgifter:** Samla meirforbruk på kr. 13.614 .531,-

Når halvdelen av dette er budsjetterte finanskostnader som ein ikkje har aktivitet på.

**Inntekter: Samla meirinntekter på kr. 4.506.688,-**

Når halvdelen av dette er budsjetterte finansinntekter som ein ikkje har aktivitet på.

**Nettoresultat: negativt avvik på kr. 6,3 million.**

Sektoren vart i revidert budsjett sett til å spare inn kr. 1,8 mill. Med 5mnd. å effektivere oppgåva ser ein ikkje ynskja effekt.

Biletet er sjølvstendig samansett når ein skal forklare eit relativt stort negativt avvik. Dette er hovudpostane:

- Mindreforbruk på løn.
- Meirforbruk på utgifter Næring
- Meirforbruk på utgifter Kommunal eigedom
- Meirforbruk på utgifter Hareid mottakssenter

Det er nedanfor gjort nærare greie for det økonomiske resultatet /vurderingane i dei ulike einingane.

## KOSTRA Nøkkeltal

### Kostra-analyse - Kultur og idrett

|                                                                          | Hareid<br>2023 | Hareid<br>2024 | Møre og Romsdal | Kostragruppe<br>01 |
|--------------------------------------------------------------------------|----------------|----------------|-----------------|--------------------|
| <b>Prioritet</b>                                                         |                |                |                 |                    |
| Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner (B)       | 2 110          | 2 055          | 2 492           | 2 331              |
| Netto driftsutgifter per innbygger (383) musikk- og kulturskoler (B) **) | 610            | 664            | 460             | 424                |

\*\*) Justert for utgiftsbehov

### Kostra-analyse - Vann, avløp og renovasjon

|                                                  | Hareid<br>2023 | Hareid<br>2024 | Møre og Romsdal | Kostragruppe<br>01 |
|--------------------------------------------------|----------------|----------------|-----------------|--------------------|
| <b>Produktivitet</b>                             |                |                |                 |                    |
| Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (kr)  | 4 072          | 4 091          | 4 619           | 6 542              |
| Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr) | 588,0          | 694,0          | 685,0           | 554,0              |
| Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (kr)    | 5 782          | 6 098          | 4 760           | 5 587              |

det har vore ei auke frå 2023 til 2024 i årsgebyr for både avløp, vann og feiing.

### Kostra-analyse - Kommunale boliger

|                                                                  | Hareid<br>2023 | Hareid<br>2024 | Møre og Romsdal | Kostragruppe<br>01 |
|------------------------------------------------------------------|----------------|----------------|-----------------|--------------------|
| <b>Prioritet</b>                                                 |                |                |                 |                    |
| Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunale boliger (B) **) | 832            | 1 123          | 301             | 137                |

\*\*) Justert for utgiftsbehov

Ein ser at utgifter til kommunale boligar har auka frå 2023 til 2024.

### Kostra-analyse - Eiendomsforvaltning

|                                                                             | Hareid<br>2023 | Hareid<br>2024 | Møre og Romsdal | Kostragruppe<br>01 |
|-----------------------------------------------------------------------------|----------------|----------------|-----------------|--------------------|
| <b>Prioritet</b>                                                            |                |                |                 |                    |
| Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning per innbygger (B) **) | 7 936          | 8 153          | 6 806           | 6 629              |

\*\*) Justert for utgiftsbehov

Ein ser at utgiftene til kommunal eigendomsforvaltning har auka dei siste åra.

## Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

| Investering                          | Budsjett for året |           |                  |               |                     | Kommentar                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |
|--------------------------------------|-------------------|-----------|------------------|---------------|---------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                      | Rev. bud.         | Rekneskap | Forbruk i % i år | Status        | Økonomistatus i kr  |                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| Anløp - Tusenårskai                  | 200               | 196       | 97,8 %           | Ferdig        | 4                   | Trass i diverse endringsmeldingar ser det ut til at vi kan redusere løyvinga til dette prosjektet. Sidan flytting av beredskapsbrygga skal belastast sjølvkostområdet, vert budsjettreguleringa her lågare enn det som er foreslått for 6522 Hamn sin del av prosjektet. Prosjektet avslutta                  |
| Avløp - Arbeidsbilar                 | 1 000             | 769       | 76,9 %           | Ferdig        | Mindreforbruk 231   |                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| Avløp - Avskjæringsgrøft Ytre Hareid | 500               | 165       | 32,9 %           | Forsinke t    | Mindreforbruk 335   | Politisk sak i løpet av 2.tertiel.                                                                                                                                                                                                                                                                            |
| Avløp - Ferdigstilling Bigset - Rise | 2 500             | 45        | 1,8 %            | Forsinke t    | Mindreforbruk 2 455 |                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| Avløp - fornying avløpsnett          | 1 100             | 37        | 3,4 %            | Iht. plan     | Iht. plan 1 063     |                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| Avløp - KL-vegen                     | 750               | 604       | 80,6 %           | Ferdig        | Mindreforbruk 146   |                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| Avløp - Kumseparering Geilane        | 1 500             | 0         | 0,0 %            | Forsinke t    | Mindreforbruk 1 500 |                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| Avløp - Kvennavegen                  | 375               | 0         | 0,0 %            | Forsinke t    | Iht. plan 375       |                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| Avløp - Kyrkjegata og Jets           | 4 700             | 3 364     | 71,6 %           | Iht. plan     | Iht. plan 1 336     |                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| Avløp - Murabrauta /Pevegen          | 700               | 0         | 0,0 %            | Forsinke t    | Mindreforbruk 700   |                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| Avløp - Overvassproblem Strandgata   | 350               | 0         | 0,0 %            | Forsinke t    | Mindreforbruk 350   |                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| Avløp - Ovrasanden                   | 3 500             | 454       | 13,0 %           | Forsinke t    | Mindreforbruk 3 046 |                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| Avløp - Pålhaugen -Myravegen         | 300               | 202       | 67,4 %           | Iht. plan     | Iht. plan 98        |                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| Avløp - renseanlegg                  | 0                 | 18        | 0,0 %            | Iht. plan     | Iht. plan -18       |                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
**Prosjektleiing - utgreiing og førebuing gymsal Hjørungavåg, omsorgsbustadar, ny**

Prosjekt avslutta.

**Prosjektleiing - utvikling av tomta til gamle helsesenteret og legekantor**

Legesenteret er fortsatt i bruk for å dekke inn behov fra fleire einingar i kommuna.

Samtidig jobbar vi med ein plan for bygget/tomta på long sikt. Det er ikkje nødvendig med budsjettmidlar på dette tidspunktet.

**Rehabilitering Hjørungavåg skule**

Prosjekt avslutta

**Renovering av fasade Hareid barnehage**

Prosjekt ferdig.

**Rådhus - renovering BT2**

Prosjektet er ferdigstilt

**SD-anlegg Hareidshallen, symjehallen og Ungdomsskulen**

Prosjektet går inn som ein del av utgreiingsprosjektet for ungdomsskulen.

**Strategisk eigedomskjøp hamn**

Flømannbuda.

Prosjekt avslutta

**Syverplassen barnehage ny personalavdeling (tilbygg) inkl. grunnkjøp og parkeringsplass**

Prosjektet med tilbygg for Syverplassen barnehage er klart, IG fra byggesak er rett rundt hjørne og entreprenør HS Rise Bygg er klare til å starte.

Plan for parkering er 99% spikra.

Budsjettmidlane blir delte mellom åra 2023 og 2024.

**Tusenårskaia**

Trass i diverse endringsmeldingar ser det ut til at vi kan redusere løyvinga på dette prosjektet.

Prosjektet er avslutta

### **Utgreiing og kartlegging av framtidige prosjekt**

Prosjekt avslutta

### **Vatn - utgeiing vatn og avløp til Hjørungneset**

Utgreiing etter KST-vedtak er gjennomført og presentert.

### **Vatn til Nettet**

Vert jobba med grunnavtalar.

### **Veg, vatn og avløp - Ytredalen**

Grunna kapasitet og omprioriteringar er prosjektet sett på vent.

### **Vegar - Reina**

Lyktestolpane jobbar Linja med å få på plass og er ein kostnad dei står for.

### **Vegar - Sikring og utviding av Røysetvegen ved Ulset**

Ikkje kapasitet til å gjennomføre.

Grunna situasjonen er prosjektet teke ut.

### **Samandrag status investeringar**

## Status investeringar aggregert

Beløp i 1000

| Grupperingsnivå           | Budsjett for året |                |                  | Rest bud. i år |
|---------------------------|-------------------|----------------|------------------|----------------|
|                           | Rev. bud.         | Rekneskap hiå. | Forbruk i % i år |                |
| Kommunal eigedom          | 116 593           | 96 427         | 82,7 %           | 20 166         |
| Kommunalteknikk           | 20 950            | 14 353         | 68,5 %           | 6 597          |
| Kultur                    | 410               | 413            | 100,7 %          | -3             |
| Næring                    | 30 650            | 22 626         | 73,8 %           | 8 024          |
| Plan, byggesak og geodata | 600               | 353            | 58,8 %           | 247            |
| Sjølvkostområde           | 39 415            | 12 895         | 32,7 %           | 26 520         |
| Sum andre prosjekt        | 26 400            | 23 223         | 88,0 %           | 3 177          |
| <b>Sum</b>                | <b>235 018</b>    | <b>170 289</b> |                  | <b>64 729</b>  |

### Plan, byggesak og geodata

#### Beskriving av tenesteområde

Beskriving av tenesteområde plan, byggjesak og geodata

Eininga består av totalt seks årsverk (5,5 i 2024 grunna 50% fri-kjøp) og forvaltar fagområda plan, byggesak, oppmåling/geodata og forureining.

Plandelen inneber arbeid med overordna kommunale planar som legg føringar for kommunen sine langsiktige strategiar, økonomiplan og budsjett. Planavdelinga koordinerer og leier tverrsektorielle planarbeid som til dømes planstrategien. I tillegg handsamar plan kommunale og private reguleringsplanar for bustad- og næringsområde. Sistnemnde er sjølvkost. På byggjesak handsamar ein søknader for bygg, riving, arealdeling og dispensasjonssaker. Området er i stor grad sjølvkost. På oppmåling/geodata måler landmålar opp eigedomar og forvaltar og driftar kommunen sine kartbaser. Tildeling av adresser, matrikkelføring, eigarseksjonering, sal av eigedomsdata (hovudsakleg til meklarar) og sakshandsaming etter motorferdsellova ligg også til geodata. Området er delvis sjølvkost. På forureining følgjer ein opp forureiningssaker etter forureiningslova. Delvis sjølvkost her også. I mange av sakene vert det gitt rådgjeving og rettleiing skriftleg, på telefon eller ved fysiske besøk/møte. Eininga bistår internt i organisasjonen med rettleiing/rådgjeving innan dei fagområda vi har ansvar for.

#### Overordna mål

Det å gi rask og riktig sakshandsaming for innbyggjarane og næringsliv er eit hovudmål. Saksmengda er stor og det er eit mål for eininga å klare å handsame sakene innanfor dei fristar som lova set, elles kan ein miste gebyrgrunnlaget. Det har vore arbeid ein del med utbetring og forenkling av malar og kontrollrutinar. Det merkast no at kursing har vore nedprioritert over fleire år. Ressursmessig på avdelinga står vi sterkt i dag med godt kvalifiserte tilsette i alle stillingar. Avdelinga er fagtung og forvaltar mykje juridisk lovverk. Det vil vere viktig å prioritere å halde oppe fagkompetansen med

kontinuerleg oppdatering og kurs. Tryggleik for eigen fagkompetanse gir god sjølvkjensle og trivsel i jobben.

## Utvalde resultat

Det er ei stor utfordring at overordna kommunale planar for langsiktige strategiar ikkje er oppdaterte. For kommunen som heilskap gir det uklare styringsmål og svake styringsreiskapar, noko som igjen gir vanskar med å evaluere og måle resultat. Manglande langsiktige planar resulterer ofte i ressurskrevjande arbeid utan ferdigstilling. For den daglege drifta i avdelinga og for næringsliv og innbyggjarar gir det stadig utfordringar med ekstra ressurskrevjande behandlingsrunder når mange planar er gamle og tufta på gammalt lovverk.

Situasjonen er at arbeidet med ny samfunnsdel og arealdel av kommuneplanen er starta opp for mange år sidan (2019), men har stoppa opp undervegs. No har arbeidet vore undervegs så mange år at ein bør vurdere kor vidt ein bør starte arbeida opp på nytt heller enn å jobbe vidare med utdaterte grunnlagsdokument.

På fleire område er vi godt i gang med effektivisering og digitalisering, spesielt innan kartbasane som avdelinga forvaltar. Ei effektiv avdeling med klare rutinar vil vere med å halde nede sjølvkosten som i neste instans vil ha positiv verknad for næringsliv og innbyggjarar.

Ein strategi for avdelinga for året som kjem vil vere å effektivisere ressursbruken og prioritere for å få frigjort tilstrekkeleg ressursar til overordna planarbeid. Kommunen har investert i planverktøyet i Framsikt og dette ser så langt ut til å vere eit godt hjelpemiddel for å få god oversikt og hjelpe oss med å få på plass omforeinte langsiktige mål og strategiar. Overordna planarbeid er ressurskrevjande og krev god medverknad. Det vil vere avgjerande for eit godt resultat at leiinga administrativt og politisk er djupt involvert i planarbeidet.

## Viktige hendingar

I løpet av året fekk vi nye FKB-data.

Einingsleiar gjekk ut i sjukmelding/fødselspermisjon og ny konstituert leiar inn frå 18. november.

Forureining tok over ein bil frå kommunalteknikk til bruk i forureiningssaker og tilsyn/prøvetaking

Ny GPS/GNSS til landmåling vart kjøpt inn (gamal utgår med 2G)

## Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 3 880             | 2 991             | 3 019             | 28         | 0,9 %     |

## Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|------------|
| Lønn                  | 4 798             | 4 450              | 4 450             | 4 559             | -109       |
| Refusjon lønn         | -218              | -150               | -150              | -338              | 188        |
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>4 580</b>      | <b>4 300</b>       | <b>4 300</b>      | <b>4 221</b>      | <b>79</b>  |
| Drift                 | 1 074             | 1 208              | 1 208             | 1 404             | -196       |
| Kjøp av produksjon    | 305               | 391                | 391               | 231               | 160        |
| Overføringer          | 111               | 123                | 138               | 211               | -74        |
| Finansutgifter        | 11                | 106                | 106               | 22                | 84         |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>1 500</b>      | <b>1 829</b>       | <b>1 843</b>      | <b>1 868</b>      | <b>-25</b> |
| Brukerbetaling        | -1 776            | -1 950             | -2 400            | -2 460            | 60         |
| Refusjoner            | -424              | -603               | -618              | -642              | 24         |
| Finansinntekter       | 0                 | -106               | -106              | 3                 | -109       |
| <b>Sum inntekter</b>  | <b>-2 200</b>     | <b>-2 659</b>      | <b>-3 124</b>     | <b>-3 099</b>     | <b>-25</b> |
| <b>Netto resultat</b> | <b>3 880</b>      | <b>3 469</b>       | <b>3 019</b>      | <b>2 991</b>      | <b>28</b>  |

## Kommentar til status økonomi

**Løn:** Samla mindreforbruk på kr. 78 930,-

Kommentar: Mindreforbruket skyldast sjukelønsrefusjon og refusjonar frå andre (frikjøp)

**Utgifter:** Samla meirforbruk på kr. 25 220,-

Meirforbruket er i knytt til konto 14706 'tap på fordringar og garantiar' som kom på kroner 68 174, men som ikkje var budsjetttert med.

**Inntekter:** Samla mindreinntekter på kr. 25 241,-

Mindreinntekter er knytt til konto 19900 'motpost avskrivningar' på kroner 106 008 som var budsjetterte inntekter, men som står i null i rekneskapen.

**Nettoresultat:** Negativt avvik på kr. 28 469,-

Avviket skuldast ei ikkje-budsjetttert utgift 'tap på fordringar og garantiar' på kroner 68 174 og ei budsjetttert inntekt 'motpost avskrivningar' som ikkje er rekneskapsført på denne kontoen.

## Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

| Investering                                  | Budsjett for året |           |                  |           |                          | Kommentar                                                                                |
|----------------------------------------------|-------------------|-----------|------------------|-----------|--------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                              | Rev. bud.         | Rekneskap | Forbruk i % i år | Status    | Økonomistatus Avvik i kr |                                                                                          |
| Geodata - GPS                                | 400               | 353       | 88,2 %           | Iht. plan | Mindreforbruk 47         | Kjøp fullført. Leveranse mottatt. Mindreforbruk.                                         |
| Plan - Kamera til bruk på tilsyn forureining | 200               | 0         | 0,0 %            | Forsinket | Mindreforbruk 200        | Kjøp annullert og vil ikkje bli gjennomført pga kostnad vil overskride budsjett kraftig. |
| Sum                                          | 600               | 353       |                  |           | 247                      |                                                                                          |

## Statustekst investeringar

### Geodata - GPS

Kjøp fullført. Leveranse mottatt. Mindreforbruk.

### Plan - Kamera til bruk på tilsyn forureining

Kjøp annullert og vil ikkje bli gjennomført pga kostnad vil overskride budsjett kraftig.

## Samandrag status investeringar

## Status investeringar aggregert

Beløp i 1000

| Grupperingsnivå           | Budsjett for året |                |                  |
|---------------------------|-------------------|----------------|------------------|
|                           | Rev. bud.         | Rekneskap hiå. | Forbruk i % i år |
| Plan, byggesak og geodata | 600               | 353            | 58,8 %           |
| <b>Sum</b>                | <b>600</b>        | <b>353</b>     | <b>247</b>       |

## Brannvern

### Beskriving av tenesteområde

Ein syner til eiga årsmelding for Hareid og Ulstein brannvern.

### Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining     | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr  | Avvik i %     |
|------------|----------------|----------------|----------------|-------------|---------------|
| <b>Sum</b> | <b>8 174</b>   | <b>8 283</b>   | <b>7 800</b>   | <b>-484</b> | <b>-6,2 %</b> |

### Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr  |
|-----------------------|----------------|-----------------|----------------|----------------|-------------|
| Drift                 | 144            | 33              | 33             | 191            | -158        |
| Kjøp av produksjon    | 9 280          | 8 664           | 8 894          | 9 154          | -259        |
| Overføringer          | 4              | 26              | 26             | 20             | 5           |
| Finansutgifter        | 0              | 419             | 153            | 64             | 89          |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>9 429</b>   | <b>9 143</b>    | <b>9 106</b>   | <b>9 429</b>   | <b>-323</b> |
| Brukerbetaling        | -977           | -1 281          | -1 281         | -1 153         | -128        |
| Refusjoner            | -2             | -26             | -26            | -19            | -7          |
| Finansinntekter       | -276           | -266            | 0              | 26             | -26         |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>-1 255</b>  | <b>-1 573</b>   | <b>-1 306</b>  | <b>-1 146</b>  | <b>-160</b> |
| <b>Netto resultat</b> | <b>8 174</b>   | <b>7 570</b>    | <b>7 800</b>   | <b>8 283</b>   | <b>-484</b> |

### Kommentar til status økonomi

**Løn:** Ikkje relevant.

**Utgifter:** Samla meirforbruk på kr. 323.245,-

**Inntekter:** Samla mindreinntekter kr. 160.357,-

**Nettoresultat:** negativt avvik på kr. 483.602,-

Ein syner her til eiga årsmelding for Hareid og Ulstein brannvern fot nærare forklaring.

Det har vore kommunisert auka kostnader, og ein har i budsjettrevisjonar teke høgde for dette.

På tampen av året vart det likevel presentert ei meirforbruk i samarbeidet, som gjer at eininga går med når 0,5 mill. i meirforbruk samla sett. Noko av dette er for lav inntekt på feiegebyr.

## Næring

### Beskriving av tenesteområde

Eininga næring er organisert under Sektor for samfunnsutvikling. Eininga har følgjande ansvarsområde:

- 5000 Næringskontor
- 6522 Hamn
- 6550 Anløp
- 7210 Strandgata 161
- 7212 Raffelneset 24
- 8014 Næringsfond
- 8015 Vekst i Hareid
- 8016 Klima, miljø og berekraft
- 8017 Bustad- og næringsområde
- 1511 SLT-prosjekt
- 1512 Folkehelsekoordinator

### Beskriving av verksemda i dag

Eininga har ansvar som grunneigar for ubygd areal for Hareid kommune og inngår avtalar om kjøp og sal av eigedomar m.v. Eininga handsamar søknadar om tilskot frå det kommunale næringsfondet og utviklar bustad – og næringstomter for vidare sal , i tillegg til å vere i dialog med næringslivet for generell tilrettelegging. Ansvar for hamn, anløp, folkehelsekoordinator og SLT-funksjon lagt til eininga. Eininga har ansvar for klima, miljø og berekraftscoordinatorrolla i kommunen og har også prosjektleiar for Vekst i Hareid- organisert i eininga.

Som ein del av eininga Næring ligg kommunen si satsing på reiseliv.

### Overordna mål

#### Overordna mål

Eininga vart oppretta for å sikre fokus på framtidige inntekter til kommunen.

Konkret vil det seie å bidra til fleire innbyggjarar, nye arbeidsplassar og fleire gjestar til kommunen.

## Utvalde resultat

For å nå måla, arbeidar vi på mange frontar.

Vi er i god gang med utbygging av nytt bustadfelt. Sentrum i Hareid har vorte fornya på få år.

Gjennom reiselivssatsinga har vi godt samarbeid med ulike aktørar i den delen av næringslivet. Gjennom året er avdelinga jamleg i kontakt med næringslivsaktører. Saman med Vekst i Hareid har vi gjennomført ulike arrangement som frukostmøte, informasjonsmøte osv.

Saunaen og Marinaen er positive bidrag til heilskapen i Hareid.

## Utfordringar

Dei største utfordringane for eininga er kapasitet til å gjennomføre oppgåvene som er lagt hit. Endringar i personalkabal og at eininga har fått fleire nye ansvarsområde, gjer at ein ligg etter når det gjeld arbeidsoppgåver.

Mellom anna er etterslepet av oppgåver som ligg til eigedoms-transaksjonar stort.

Trass i investeringar og optimisme, er det rett å seie at manglande kapasitet til å følgje opp har gjort at hamn har fått litt mindre merksemd enn ønska. Skal kommunen nå ambisjonane for hamn og reiseliv, må dette prioriterast.

## Viktige hendingar

Arbeidet med Plassane byggefelt tok til i februar 2024

Gjestehamna og sauna vart opna i juni 2024.

Første besøket av Cruiseagentar var våren 2024.

Lågspent landstraumanlegg vart oppgradert for Pakkhuskaia på Brandal og kommunekaia i Hjørungavåg.

I august kom ny rådgjevar til avdelinga. Ein viktig ressurs for avdelinga og kommunen.

Frå januar 2025 er folkehelsekoordinator/sakshandsamar også på plass.

**Status økonomi i rammeområdet**

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 5 900             | 2 066             | 443               | -1 623     | -365,9 %  |

**Økonomistatus per konto**

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr    |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|---------------|
| Lønn                  | 5 629             | 5 836              | 3 555             | 3 817             | -262          |
| Refusjon lønn         | -437              | -570               | -20               | -83               | 63            |
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>5 192</b>      | <b>5 266</b>       | <b>3 535</b>      | <b>3 734</b>      | <b>-199</b>   |
| Drift                 | 2 689             | 1 890              | 1 950             | 2 678             | -728          |
| Kjøp av produksjon    | 1 492             | 508                | 658               | 436               | 222           |
| Overføringer          | 932               | 33                 | 265               | 810               | -544          |
| Finansutgifter        | 2 250             | 2 989              | 2 499             | 3 388             | -890          |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>7 363</b>      | <b>5 421</b>       | <b>5 373</b>      | <b>7 313</b>      | <b>-1 940</b> |
| Brukerbetaling        | -513              | -1 584             | -2 184            | -800              | -1 384        |
| Refusjoner            | -4 474            | -4 308             | -4 450            | -5 245            | 795           |
| Overføringer          | -275              | 0                  | -240              | -650              | 410           |
| Finansinntekter       | -1 393            | -2 121             | -1 591            | -2 286            | 695           |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>-6 655</b>     | <b>-8 012</b>      | <b>-8 465</b>     | <b>-8 981</b>     | <b>516</b>    |
| <b>Netto resultat</b> | <b>5 900</b>      | <b>2 674</b>       | <b>443</b>        | <b>2 066</b>      | <b>-1 623</b> |

**Kommentar til status økonomi****Løn: Samla meirforbruk på kr. 199 119,-**

Kommentar: Knytt til vikarbruk og overtid, vask av Sauna og overtid Vekst i Hareid.

**Utgifter: Samla meirforbruk på kr. 1 939 698,-**

Meirforbruket er i hovudsak knytt til ansvarsområda **Vekst i Hareid** og **Bustad og næring**. Prosjektrekneskapen til Vekst i Hareid avviker frå vårt rekneskapsår, avviket skuldast i stor grad dette, og vil jamne seg ut. For Bustad og Næring er det knytt til gebyr i samband med kjøp av eigedomar / parsellar, samt kraftig feilbudsjettering av brukarbetaling.

**Inntekter: Samla meirinntekter på kr. 516 312,-**

Meirinntektene er knytt til refusjon for prosjektet Vekst i Hareid, samt ekstra overføring frå Hareid Trafikkterminal.

**Nettoresultat: negativt avvik på kr. 1 622 505,-**

Som nemnt ovanfor.

## Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

| Investering                                          | Budsjett for året |           |                  |                      |                 | Kommentar                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |
|------------------------------------------------------|-------------------|-----------|------------------|----------------------|-----------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                                      | Rev. bud.         | Rekneskap | Forbruk i % i år | Status Økonomistatus | Avvik i kr      |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
| Anløp - Tusenårskai                                  | 200               | 196       | 97,8 %           | Ferdig               | 4               | Trass i diverse endringsmeldingar ser det ut til at vi kan redusere løyvinga til dette prosjektet. Sidan flytting av beredskapsbrygga skal belastast sjølvkostområdet, vert budsjettreguleringa her lågare enn det som er foreslått for 6522 Hamn sin del av prosjektet. Prosjektet avslutta                                                                                                                                                                                                                 |
| Berekraftspakke                                      | 200               | 0         | 0,0 %            | Ikkje vurdert        | 200             |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
| Betongkai nordre molo                                | 150               | 0         | 0,0 %            | Ferdig               | 150             | Betongkai nordre molo gjennomførast til lågare kostnad enn budsjettet. Sluttsummen er enno ikkje 100% fastslått då prosjektet enno er i prosess. Usikre faktorar er ekstra kostnad for landpullert og ekstra kostnad for å bytte ut ein del av fenderinga med fenderpanel. Fenderpanela får vi mest sannsynleg hente frå Fylkeskommunen sitt lager. Men vi må betale for monteringa. Samla sett vi vurderer vi det slik at det er grunnlag for å kunne ta ned budsjetttramma med 2 mill. Prosjektet avslutta |
| Bustadfelt K.L. marka - utbygging infrastruktur      | 0                 | 2         | 0,0 %            | Iht. plan            | -2              |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
| Bustadfelt Plassane - prosjektering og infrastruktur | 23 750            | 15 673    | 66,0 %           | Iht. plan            | Iht. plan 8 077 |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
| Etablering av gjestehamn                             | 2 000             | 1 998     | 99,9 %           | Ferdig               | Merforbruk 2    | Gjestehamna vart ferdigstilt i 2024. Prosjektet som fører midlar frå 2023 til 2024 vert nytta for å ferdigstille dei siste detaljane. Prosjektet er avslutta                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
| Grunnkjøpspakke                                      | 3 000             | 451       | 15,0 %           | Ikkje vurdert        | 2 549           |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
| Hamn - Djupvasskai                                   | 150               | 367       | 245,0 %          | Ikkje vurdert        | -217            |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
| Hamn - Kameraovervåking                              | 250               | 271       | 108,3 %          | Ferdig               | Merforbruk -21  | Då løyvinga synte seg å vere for lita til å etablere kameraovervåking på alle lokalitetane, har ein prioritert nye kamera på godsterminalen. Arbeidet med å undersøke prisar hos ulike leverandørar er snart ferdig, og ein håpar å kunne halde seg omtrent innanfor budsjett på dette. Det vert registrert som meirforbruk då ein uansett har behov for ei betydeleg større                                                                                                                                 |

| Investering                            | Budsjett for året   |                  |         |               |               | Kommentar                                                                                                                                                                 |
|----------------------------------------|---------------------|------------------|---------|---------------|---------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                        | Rev. Rekneskap bud. | Forbruk i % i år | Status  | Økonomistatus | Avvik i kr    |                                                                                                                                                                           |
|                                        |                     |                  |         |               |               | løyving for å få gjennomført arbeidet på dei andre stadane kommunen har behov for dette. Prosjektet avslutta, med overvaking av kaia på Godsterminalen. Prosjekt avslutta |
| Hamn - Landstraum kommunal kai         | 150                 | 110              | 73,1 %  | Ferdig        | 40            |                                                                                                                                                                           |
| Hjørungavåg                            |                     |                  |         |               |               |                                                                                                                                                                           |
| Hamn - Prosjektering av kaifasilitetar | 400                 | 504              | 125,9 % | Iht. plan     | -104          |                                                                                                                                                                           |
| Hamn - tusenårskai                     | 400                 | 510              | 127,5 % | Ferdig        | -110          | Prosjekt avslutta                                                                                                                                                         |
| <b>Sum</b>                             | <b>30 650</b>       | <b>20 081</b>    |         |               | <b>10 569</b> |                                                                                                                                                                           |

### Statustekst investeringar

#### Anløp - Tusenårskai

Trass i diverse endringsmeldingar ser det ut til at vi kan redusere løyvinga til dette prosjektet. Sidan flytting av beredskapsbrygga skal belastast sjølvkostområdet, vert budsjettreguleringa her lågare enn det som er foreslått for 6522 Hamn sin del av prosjektet.

Prosjektet avslutta

#### Betongkai nordre molo

Betongkai nordre molo gjennomførast til lågare kostnad enn budsjettert. Sluttsummen er enno ikkje 100% fastslått då prosjektet enno er i prosess. Usikre faktorar er ekstra kostnad for landpullert og ekstra kostnad for å bytte ut ein del av fenderinga med fenderpanel. Fenderpanela får vi mest sannsynleg hente frå Fylkeskommunen sitt lager. Men vi må betale for monteringa. Samla sett vi vurderer vi det slik at det er grunnlag for å kunne ta ned budsjetttramma med 2 mill.

Prosjektet avslutta

#### Etablering av gjestehamn

Gjestehamna vart ferdigstilt i 2024. Prosjektet som fører midlar frå 2023 til 2024 vert nytta for å ferdigstille dei siste detaljane.

Prosjektet er avslutta

#### Hamn - Kameraovervåking

Då løyvinga synte seg å vere for lita til å etablere kameraovervåking på alle lokalitetane, har ein prioritert nye kamera på godsterminalen. Arbeidet med å undersøke prisar hos ulike leverandørar er snart ferdig, og ein håpar å kunne halde seg omtrent innanfor budsjett på dette. Det vert registrert som

meirforbruk då ein uansett har behov for ei betydeleg større løyving for å få gjennomført arbeidet på dei andre stadane kommunen har behov for dette.

Prosjektet avslutta, med overvaking av kaia på Godsterminalen.

**Hamn - Landstraum kommunal kai Hjørungavåg**

Prosjekt avslutta

**Hamn - midlar frå 2023 overført til ferdigstilling prosjekt 2024**

Budsjettsum (kostnadar) fordelt på prosjekter.

Avslutta

**Hamn - rehabilitering av godsterminalkaia**

Prosjektet er avslutta.

**Hamn - tusenårskai**

Prosjekt avslutta

**Strategisk eigedomskjøp hamn**

Flømannbuda.

Prosjekt avslutta

**Tusenårskaia**

Trass i diverse endringsmeldingar ser det ut til at vi kan redusere løyvinga på dette prosjektet.

Prosjektet er avslutta

**Samandrag status investeringar**

## Status investeringar aggregert

Beløp i 1000

| Grupperingsnivå | Budsjett for året |                   |                     | Rest bud. i år |
|-----------------|-------------------|-------------------|---------------------|----------------|
|                 | Rev. bud.         | Rekneskap<br>hiå. | Forbruk<br>i % i år |                |
| Næring          | 30 650            | 20 081            | 65,5 %              | 10 569         |
| <b>Sum</b>      | <b>30 650</b>     | <b>20 081</b>     |                     | <b>10 569</b>  |

## Trusamfunn

### Beskriving av tenesteområde

Ein syner til eigar årsmelding for Hareid sokn.

### Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 4 014             | 4 100             | 4 100             | 0          | 0,0 %     |

### Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|------------|
| Drift                 | 0                 | 0                  | 0                 | 0                 | 0          |
| Overføringer          | 4 014             | 4 100              | 4 100             | 4 100             | 0          |
| Finansutgifter        | 0                 | 714                | 0                 | 0                 | 0          |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>4 014</b>      | <b>4 814</b>       | <b>4 100</b>      | <b>4 100</b>      | <b>0</b>   |
| Finansinntekter       | 0                 | -714               | 0                 | 0                 | 0          |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>0</b>          | <b>-714</b>        | <b>0</b>          | <b>0</b>          | <b>0</b>   |
| <b>Netto resultat</b> | <b>4 014</b>      | <b>4 100</b>       | <b>4 100</b>      | <b>4 100</b>      | <b>0</b>   |

### Kommentar til status økonomi

Løn: Ikkje relevant

Utgifter: Samla mindreforbruk på kr. 0,-

Inntekter: Ikkje relevant.

Nettoresultat: mindreforbruk på kr. 0,-

Ansaret er ei rein overføring til Hareid sokn, og det er ingen avvik.

## Kultur

## Beskriving av tenesteområde

Eininga består av desse økonomiske ansvarsområde:

5010 Bibliotek

5020 Ungdomsråd

5021 Barne - og ungdomstiltak

5040 Kunst -og kulturaktiviteter

5050 Kulturkontoret

8022 Frivilligsentralen

Eininga har 5 tilsette og utfører eit vidt spekter av oppgåver fordelt på tilsette ved Hareid folkebibliotek, ungdomsarbeidar og kulturleiar.

Hareid folkebibliotek har 3 tilsette der to av dei har deltidsstilling. Eininga har ansvar for drift av biblioteket og ulike prosjekt og arrangement knytta til biblioteket.

Eininga driv ungdomsklubb fem ettermiddagar i veka, og i tillegg ulike kveldsarrangement, open hall m.m. Tilbyr også ferieaktivitet for born og unge i vinterferie, sommarferie og haustferie. Eininga koordinerer og bistår ungdomsrådet.

Eininga har ansvar for utleige av Hareidhallen, symjehallen, gymsal ved Brandal skule, ungdomsklubben, og konferanserommet ved Helsehuset.

Søknad og rapportering for Frivilligsentralen ligg til eininga.

Eininga har ellers ansvar for ein stor del av kulturarbeidet i kommunen, t.d. UKM, Opplev Hareid, søknadar om tilskot og oppfylging av dei ulike kulturaktørar/-arrangement og handsaming av søknadar om spelemidlar, kulturmidlar, kulturpris o.l.

## Overordna mål

I Kommuneplan 2006-2018 er det for Kulturavdelinga under oppgåver og hovudmål beskreve at:

*Hareid kommune skal saman med lag og organisasjonar og einskildpersonar arbeide for å bevare, styrkje og utvide eksisterande kulturliv, og gjennom dette arbeidet skape opplevingar og auka trivnad og helse for alle aldersgrupper.*

Dette var også i 2024 eit viktig hovudmål, og stemde godt overeins med beskrivinga av Eining for kultur. Målet vårt er å bidra til aktivitet og utvikling i lokalkulturen. Vi ynskjer å støtte dei lokale frivillige

organisasjonane og andre kulturinstitusjonar i deira arbeid, men også vere pådrivarar til å skape nye aktivitetar og arrangement for alle aldersgrupper.

For ungdomsarbeidet er eit av dei viktige hovudmåla som er nemnt i Kommuneplan 2006-2018 at:

*Hareid kommune skal gi barn og unge gode oppvekstvilkår, trygge miljø, trivsel og samkjensle som grunnlag for livskvalitet, identitet og utvikling.*

Eit særskilt innsatsområde er :

*Oppvekstvilkåra skal stimulere til positivt sjølvbilete, ansvarskjensle og omsorg for sine medmenneske og førebygge vald, rusbruk og kriminalitet. Dei skal synest det er kjekt å vekse opp i Hareid og sitte att med gode minner frå barne og ungdomstida som stimulerer til etablering i heimkommunen. Ungdomsmiljøet skal vere aktivt og kreativt.*

For å jobbe mot desse måla er det i planen nemnt:

- *Utvikle ungdomskafeen meir attraktivt med Internett, lesestoff, spel. Utvikle fleirbrukstilbod i Hareidshallen på kveldstid til uorganisert ungdom (gym og ballspel).*
- *Ta ungdomen med å råd. Ungdom skal takast på alvor. Deira syn på eigen situasjon og behov må synleggjerast og nå fram til dei som kan påverke og bestemme utviklinga i kommunen.*

Mange av måla i kommuneplanen er aktuelle også idag, og vi ynskjer å bygge vidare på dei. I 2024 har målet vårt vore å drive eit trygt ungdomsarbeid med stabilitet og forutsigbarheit. Eit aktivt og kreativt ungdomsarbeid med fokus på inkludering, trivsel, samkjensle, omsorg, og som er ope for alle.

Også Hareid Folkebibliotek er nemnt i kommuneplanen med hovudmålet :

- *å leggje tilhøva til rette for ei positiv utvikling av bibliotekverksemda i Hareid.*

Dette er også aktuelt i 2024 og målet vårt er å skape ei positiv utvikling gjennom å oppfylle Biblioteklova si målsetting. Folkebiblioteka skal fremme opplysning, utdanning og annan kulturell verksemd, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre mediar gratis til disposisjon. I tillegg skal folkebiblioteka vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt.

## Utvalde resultat

### Resultat kultureininga:

Målet har vore å *bevare, styrkje og utvide eksisterande kulturliv*. Vi har i 2024 jobba aktivt med dette gjennom samarbeid med ulike lokale organisasjonar og aktørar. Kan nemne Opplev Hareid, Hareid kulturlag, og idrettsrådet, i tillegg til mange andre aktørar.

Eit godt eksempel på dette er tiltaket Datakultur som vi fekk støtte frå fylkeskommunen til. Det vart innkjøpt gamingutstyr og tilrettelagt gamingaktivitetar frå 10 år og opp til seniorgaming. Også bidraget vårt i Opplev Hareid og Generasjonsleikane i samarbeid med ungdomsrådet og elderrådet, har skapt nye aktivitetar for alle aldersgrupper.

I ungdomsarbeidet var målet å bidra til *gode oppvekstvilkår, trygge miljø, trivsel og samkjensle*. I 2024 fekk ungdomsklubben nye lokalar og det har vore viktig for å nå målet. Vi har skapt eit trygt miljø for ungdomar der dei trivast og kjenner på samkjensle. Vi har ope kvar dag etter skuletid og i tillegg nokre kveldar. Kveldsarrangementa er ofte med eit tema som til dømes prosjektet vi har hatt for å førebygge diskriminering, eller det kan vere bakekveld, bingokveld osv. På dagtid har klubben blitt ein møteplass der dei får eit gratis måltid, kan vere aktive med ulike spel, gaming, musikk eller berre slappe av. Ungdomane er tatt med på råd og vi har nytta spørjeundersøking på ungdomsskulen og hatt dialog med Ungdomsrådet. Vi har også starta arbeidet med å etablere eit eige klubbstyre med ungdomar.

Omlag ein gong i månaden har vi Open hall i Hareidhallen med ulike aktivitetar. Ungdomane vel sjølv kva aktivitetar dei vil ha som til dømes volleyball, bumperball, fotball eller ulike brettspel. 2024 har også vore eit aktivt UKM-år. Det har vore ulike workshops og vi arrangerte UKM-lokalfestival. Ei gruppe ungdomar deltok også på UKM-fylkesfestivalen. Vi har gjennomført ferieaktivitetar i vinterferien, haustferien og sommarferien der vi har tilbod frå 10 år og oppover. Tilbodet er populært, særleg blant dei yngste.

Vi får gode tilbakemeldingar både frå ungdomane sjølve og foreldra på tilbodet i ungdomsklubben. Dette viser også igjen på siste Ungdata-undersøkinga gjennomført i mars 2024. Der kjem det fram at prosentandelen som syns at tilbodet av lokale der dei kan treffe andre ungdommar er svært bra eller nokså bra, har auka frå 28% i februar 2022 til 74 % i mars 2024.

For å ha eit bredt aktivitets-tilbod til ungdomar på dagtid og kveldstid søker vi om midlar i ulike organisasjonar, hos fylket og nasjonale ordningar. Som regel opnar ikkje tilskotsordningane for finansiering av lønn, så den største utfordringa vår er derfor å ha nok ressursar/midlar til å oppfylle måla våre.

For biblioteket har målet vore å bidra til *positiv utvikling* i arbeidet mot måla i biblioteklova. Vi er godt i gang med dette. Eit hovudmål har vore å bidra til auka leselyst i alle aldersgrupper. Prosjektarbeid, Sommarles for barneskuletrinna, faste lesestunder til barnehagar og høgtlesing for dei yngste kvar laurdag i samarbeid med Hareid Mållag har vore viktige tiltak. Også i 2024 stod biblioteket for eit stort utlån til skular og barnehagar.

Biblioteket har gode besøks – og utlånstal og får gode tilbakemeldingar frå brukarane. Det vart også gjennomført mange ulike kveldsarrangement gjennom året med gode besøkstal. Det er ei positiv utvikling, men det er ei utfordringar med nok ressursar/midlar til å jobbe enda meir med arrangement, administrasjon og prosjektarbeid t.d. mot skular og barnehagar.

## Viktige hendingar

**Turbokommune:** Hareid kommune fekk UKM - utmerkinga "Årets turbokommune" i Møre og Romsdal. Bakgrunn for utmerkinga var at vi dei siste åra har vist at vi prioriterer ungdomskultur og anna anna ungdomsarbeid høgt i kommunen.

**Årets ungdomsråd:** Hareid ungdomsråd fekk prisen for Årets ungdomsråd for å vere eit « ungdomsråd som har utmerka seg ved enten å ha lagt til rette for medverknad for ungdom, skapt gode møteplassar, bidratt til eit allsidig fritidstilbod for ungdom eller på anna vis gjort ein særskilt innsats for ungdom i kommunen».

**Ungdomsklubben:** Ungdomsklubben opna i nye og godt eigna lokale på Rådhuset.

**Generasjonsleikane:** Arrangerte generasjonsleikane i Parken for første gong. Vellykka lavterskel-arrangement som var gratis og ope for alle.

**Prosjekt:** Vi fekk tilskot til Tiltak mot rasisme, diskriminering og hatefulle ytringar frå Bufdir, og har gjennomført fleire ulike arrangement innanfor dette temaet.

Har også fått tilskot til Datakultur frå fylkeskommunen og har kjøpt inn gamingutstyr og gjennomført faste arrangement med gaming for ulike aldersgrupper.

**UKM-lokalfestival:** gjennomført med god deltaking også i 2024.

**Opplev Hareid:** bidrog gjennom Opplev Hareid som paraplyorganisasjon til Seinsommarfest, Olabilløp/MC-treff og Adventshelg.

**Biblioteket:** Fekk tilskot og gjennomførte to prosjekt med fokus på leselyst; tøyveskebibliotek i Bigset barne og forfattarbokbad ved elevar i utvalde klasser på mellomtrinnet. Dette er tiltak som skal utvidast. Gjennomført mange ulike arrangement på kveldstid som td. litteraturkveldar.

## Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Eining | Rekneskap<br>2023 | Rekneskap<br>2024 | Rev. bud.<br>2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum    | 3 216             | 4 771             | 5 014             | 243        | 4,9 %     |

## Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

|               | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr |
|---------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|------------|
| Lønn          | 2 223             | 2 132              | 3 493             | 3 305             | 188        |
| Refusjon lønn | 0                 | 0                  | 0                 | -17               | 17         |

## Sentrale kapittel2024

|                       | Rekneskap<br>2023 | Opph.<br>bud. 2024 | Rev. bud.<br>2024 | Rekneskap<br>2024 | Avvik i kr  |
|-----------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|-------------|
| <b>Sum Lønn</b>       | <b>2 223</b>      | <b>2 132</b>       | <b>3 493</b>      | <b>3 288</b>      | <b>205</b>  |
| Drift                 | 1 295             | 1 045              | 1 442             | 1 513             | -71         |
| Kjøp av produksjon    | 99                | 7                  | 252               | 195               | 57          |
| Overføringer          | 1 340             | 1 440              | 1 540             | 1 623             | -83         |
| Finansutgifter        | 63                | 376                | 0                 | 125               | -125        |
| <b>Sum Utgifter</b>   | <b>2 796</b>      | <b>2 868</b>       | <b>3 234</b>      | <b>3 455</b>      | <b>-221</b> |
| Brukerbetaling        | -42               | -115               | -67               | -81               | 14          |
| Refusjoner            | -871              | -188               | -553              | -616              | 63          |
| Overføringer          | -851              | -830               | -1 092            | -1 134            | 42          |
| Finansinntekter       | -40               | -376               | 0                 | -141              | 141         |
| <b>Sum Inntekter</b>  | <b>-1 804</b>     | <b>-1 509</b>      | <b>-1 713</b>     | <b>-1 972</b>     | <b>260</b>  |
| <b>Netto resultat</b> | <b>3 216</b>      | <b>3 491</b>       | <b>5 014</b>      | <b>4 771</b>      | <b>243</b>  |

### Kommentar til status økonomi

**Løn:** Samla mindreforbruk på kr. 204.762,-,-

Kommentar: budsjettert med for høge lønns- og pensjonskostnader.

**Utgifter:** Samla meirforbruk på kr. 221.270,-

Kommentar: gjeld i hovudsak ansvaret Barne - og ungdomstiltak, og gjeld utgifter som er dekt ved omsøkte midlar og gåver.

**Inntekter:** Samla meirinntekter på kr.259.796,-

Kommentar: gjeld i hovudsak inntekter i form av gåver og omsøkte midlar knytt til ansvaret Barne- og ungdomstiltak.

**Nettoresultat:** positivt avvik på kr. 243.288,-

Kommentar: gjeld i hovudsak for høge lønns- og pensjons-kostnader i budsjettet.

## Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

| Investering                                      | Budsjett for året |            |                  |                      |            | Kommentar                                               |
